



VITENSKAPELIG
HØYSKOLE
Norwegian School of
Theology, Religion and Society

Den kristne kulturarven frå ungdommens perspektiv – meir enn fridagar og julekos?

Ein kvalitativ studie om den kristne kulturarvens betydning

for ungdomar i dagens Noreg

Sabine Exner

Rettleiar

Professor Jan-Olav Henriksen

MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn,

AVH505: Masteroppgåve erfaringsbasert master i KRLE/Religion og etikk (60 ECTS)

Våren 2019

Tal ord: 35443



Forord

Eg er tilfreds, letta og kjenner på eit visst vemod ved å setje punktum for mitt treårige masterstudium på MF. Det har både vore ei danningsreise og heile 24 faktiske reiser over fjellet frå Nordvestlandet til Oslo. Strabasane ved reisene blei meir enn nok veidd opp for av interessante førelesingar med særskild kunnskapsrike lærarar og eit gjevande læringsfellesskap med medstudentane mine.

Det er ikkje å kome bort frå at skriveprosessen det 3. året var tyngst og kravde sjølvdisiplin og god struktur i ein kvardag som frå før var full av gjeremål. Å skrive ei masteroppgåve følte som å bli kasta ut i kaldt vatn, men når det går ei stund vil eg truleg kjenne på at det var den delen eg vaks mest på. Den kristne kulturarven var eit spennande tema å jobbe med, og det var også lærerikt å gjennomføre ei empirisk undersøking.

Ein stor takk går til rettleiaren min Jan-Olav Henriksen. Du har alltid svart superraskt på spørsmåla mine og gitt meg konsise og konstruktive svar. Takk også for kritiske bidrag og uunnverlege kommentarar.

Masteroppgåva har nesten blitt eit familieprosjekt. Eg vil takke mannen min, Kjell, som gjennom studiet har vore ein positiv motivator som eg kunne dele tankar og idear med heile vegen. Også borna må takkast for bidraget deira som prøvekaninar for intervjuar, tekniske hjelparar og korrekturlesarar. Særleg vil eg takke nynorskelskaren Ingvild, som har hjelpt den tyske mor si når språket ikkje strakk til. Du har vore ein dyktig og oppmuntrande, men til tider litt streng sparringspartner.

Til slutt vil eg rette ei stor takk til dei seks flotte informantane som ga meg eit interessant glimt av deira tankar om kristendommens plass i samfunnet.

Samandrag

Temaet i denne avhandlingen er korleis ungdomar opplever den kristne kulturarven i Noreg i dag. *Den kristne kulturarven* er eit mykje brukt omgrep i den aktuelle samfunnsdebatten. Eg har inntrykk av at den til tider blir brukt til andre formål enn å fremje den kristne arven. Difor ville eg undersøkje kva gjenklang omgrepet har i befolkninga. Det falt naturleg for meg som lærar å undersøkje ungdomar sitt syn på den kristne kulturarven.

Eg har valt ei kvalitativ metodisk tilnærming og basert forskinga på intervjusamtalar med seks ungdomar som informantar. Desse er skuleelevar mellom 18 og 23 år og har bakgrunn frå forskjellige land. Etter intervjuja blei samtalanane transkriberte, koda og kategoriserte for så å bli drøfta i lys av analytiske perspektiv.

Hovudfunna var til dels venta, til dels overraskande. Informantane viser ikkje stor begeistring for den kristne kulturarven, men tar den heller for gitt. Dei har eit relativt svakt reisskapsapparat til å tolke samfunnets kulturytringar. I synet på den offentlege rolla til den kristne kulturarven er informantane delte, men stort sett er dei fornøgde med korleis religion og religiøsitet presenterer seg i skule og samfunn. Dei ønsker seg ikkje fleire kristne tradisjonar og synlege religiøse uttrykk i det offentlege, og tenkjer at kristendommen har mista sin samanbindande funksjon i samfunnet.

Blant konklusjonane av denne studien er at skulen burde legge meir vekt på å gjere elevane bevisste på kva den kristne kulturarven betyr for deira identitet og for forståinga av samfunnet kring dei. I samfunnsdebatten er det ønskeleg at politikarar og samfunnsaktørar brukar omgrepet *den kristne kulturarven* med større omhug og gjer seg bevisste på kva dei legg i det.

Abstract

The topic of this thesis is how young adults experience the Christian cultural heritage in Norway today. *The Christian cultural heritage* is a commonly used concept in the current debate on social affairs. I have the impression that the concept at times is used for other purposes than the advancement of the Christian heritage. Hence, I wanted to research people's response to and reflection on this matter. Being a teacher, it was natural for me to study the views of young adults on the Christian cultural heritage.

I have chosen a qualitative method of research based on individual interviews with six young adults. These informants are students aged between 18 and 23 of different national backgrounds. After the interviews, the conversations were transcribed, coded and categorised to become subject to in-depth analysis.

The main discoveries were partly expected, partly surprising. The informants did not show a lot of enthusiasm for the Christian cultural heritage, but rather took it for granted. Their toolkit for analysing the cultural manifestations of society is fairly weak. The informants are divided in their view on the public role of the Christian cultural heritage, yet are mainly satisfied with how religion and religiousness are in use at school and in society. They do not wish an increase of Christian traditions or visible religious manifestations in public life, and believe that Christianity has lost its unifying function in society.

One of the conclusions of this study is that schools ought to focus more on making students aware of the importance of the Christian cultural heritage for their identity and understanding of the society they live in. A second conclusion is that it is desirable that politicians and other participants in the debates on social affairs use the Christian cultural heritage more carefully and are conscious of how they use the concept.

Innhald

Forord	III
Samandrag	V
Abstract	VI
Innhald	VII
1 Innleiing	1
1.1 Aktualitet og relevans	1
1.2 Problemstilling, forskingsmål og avgrensing	3
1.3 Analyse	5
1.4 Tidlegare forskning.....	5
1.5 Disposisjon	7
2 Metodisk tilnærming	9
2.1 Kvalitativt forskingsintervju	9
2.1.1 Intervjuguide	10
2.1.2 Rekruttering av informantar	11
2.1.3 Praktisk gjennomføring	12
2.1.4 Transkripsjon.....	14
2.2 Analyse	14
2.3 Ethiske synsmåtar	16
2.4 Reliabilitet, validitet og generaliserbarheit.....	17
3 Analytiske perspektiv	19
3.1 Den kristne kulturarven i den offentlege debatten.....	19
3.1.1 Omgrepet	19
3.1.2 Døme frå ulike perspektiv i dag	20
3.2 Ungdom og religion	22
3.3 Kristne verdiar i skule og samfunn	25
3.3.1 Kva er kristne verdiar?	25
3.3.2 Grunnlova.....	27
3.3.3 Formålsparagrafen.....	28
3.4 Fellesskapsbygging.....	30
3.5 Religion i offentlegheita	31
3.5.1 Pluralisme, privatisering av religion og differensiering.....	32
3.5.2 Empiri.....	33
3.5.3 Kva plass kjem religion til å ha i samfunnet framover?.....	35
4 Presentasjon av funna	37

4.1	På spor av den kristne kulturarven.....	38
4.1.1	Kjennskap til det kristne trusfundamentet.....	38
4.1.2	Kjennskap kristne tradisjonar i Noreg.....	39
4.1.3	Treng vi å lære om den kristne kulturarven?.....	40
4.1.4	Oppsummering	41
4.2	Viser informantane interesse for emnet, og betyr det noko personleg for dei?.....	41
4.2.1	Interesse og aktualitet.....	41
4.2.2	Personleg relevans	42
4.2.3	Oppsummering	43
4.3	«Å pynte til jul er så koseleg» - Den kristne kulturarven i skulekvardagen.....	44
4.3.1	Synlege teikn på kristendommen	44
4.3.2	Kristne verdiar	45
4.3.3	Tradisjonar	48
4.3.4	Oppsummering	49
4.4	Opplever informantane den kristne kulturarven si rolle som samlande?	49
4.4.1	Vi vil vere meir saman, kvifor er vi ikkje det?.....	50
4.4.2	Er den kristne kulturarven samlande berre for dei kristne?.....	51
4.4.3	Korleis skape fellesskap på tvers av religion og livssyn?	52
4.4.4	Oppsummering	54
4.5	Korleis opplever informantane den kristne kulturarven i dagens samfunn?	54
4.5.1	Noreg er eit kristent land, men er nordmenn kristne?	54
4.5.2	Religion i det offentlege rommet.....	55
4.5.3	Kristne verdiar i Grunnlova og samfunnsdebatten.....	56
4.5.4	Staten si rolle i religionsspørsmål	58
4.5.5	Den norske kyrkja si rolle	59
4.5.6	Oppsummering	61
5	Drøfting	63
5.1	Møter ungdomar den kristne kulturarven med interesse og opplever dei den som personleg relevant?.....	63
5.1.1	Interesse.....	63
5.1.2	Viten.....	64
5.1.3	Personleg relevans	65
5.2	Opplever ungdomar at skule og samfunn bygger på kristne verdiar?	67
5.2.1	Verdiar i teori og praksis.....	67
5.2.2	Syn på verdiforankringa i Formålsparagrafen.....	69
5.2.3	Syn på verdiforankringa i Grunnlova	70
5.3	Meiner ungdomar at kristne verdiar og kulturuttrykk skaper fellesskap?	72

5.3.1	Eit ønske om fellesskap.....	72
5.3.2	Korleis bygge fellesskap?.....	73
5.4	Kva meiner ungdomar om rolla den kristne kulturarven har i offentlegheita?.....	76
5.4.1	Privat religion i eit pluralistisk og differensiert samfunn.....	76
5.4.2	Religionspolitikk i spenningsfeltet mellom nøytralitet og religionsfridom	78
5.4.3	Refleksjonar kring bruken av den kristne kulturarven i samfunnsdebatten	80
6	Avslutning	83
6.1	Oppsummering av hovudfunn	83
6.2	Konsekvensar basert på funn i oppgåva	88
7	Litteraturliste.....	91
	Vedlegg 1 Informasjon og samtykkeskjema til informantane	95
	Vedlegg 2 NSD (Norsk senter for forskningsdata)	97
	Vedlegg 3 Intervjuguide.....	98

1 Innleiing

1.1 Aktualitet og relevans

Dei fleste vil vere einige i at kristendommen har sett sitt preg på korleis samfunna i den vestlege verda har blitt utforma. Noreg ville ha vore eit anna land viss ikkje kristendommen hadde gjort sitt inntog for omtrent 1000 år sidan. Religionen har ikkje berre påverka det indre religiøse livet, men også arkitekturen, landskapet, språket, utdanning, kunst og lovverk. Veremåtar og tradisjonar har blitt til i eit land som har vore under påverknad av kristendommen. Desse samanhengane i sin heilskap kallar vi *den kristne kulturarven*.

Til tross for denne semja ser vi i dag nye måtar korleis dette omgrepet blir brukt i den nyare samfunnsdebatten. I førmoderne tider var kristendom så å seie einerådande i Noreg og ein naturleg del i nordmenns kvardag. Det var ikkje behov for å vise til ein arv som kunne forklare samfunnet. Også det moderne Noreg har relativt lenge vore religiøst homogent, og det er først frå 70-talet at vi ser aukande pluralistiske trekk. For meg ser det ut som at både aukande pluralisering, sekularisering og polarisering har skapt eit behov for å framheve den kristne kulturarven. Såleis har den fått ein retorisk funksjon.

Omgrepet dukkar oftare opp og med større tyngde i den aktuelle debatten. Både når det er snakk om store emne som innvandring og verdispørsmål eller om ein diskuterer søndagsopne butikkar og K-en i religionsfaget blir den kristne kulturarven brukt som grunngeving for standpunkt og meiningar.

Eg har følgd med på den offentlege debatten med aukande forundring. Kva meinest eigentleg med den kristne kulturarven, når omgrepet kan operasjoniserast i ulike kontekster og ut i frå så ulike interesser? Kan den kristne kulturarven framleis reknast som eit nøytralt omgrep, eller plasserer den brukaren i eit ideologisk hjørne? Ein kan dessutan lure på om denne diskusjonen har gjenklang i befolkninga. Går desse debattane føre seg uavhengig av kva folk meiner, og over hovudet deira? Eller er den kristne kulturarven interessant og relevant for folk flest? Eg har eit inntrykk av at nokre ser med eit nostalgisk blick tilbake til ei tid som er forbi. Folk er triste for at kyrkjer og kristne tradisjonar forsvinn, sjølv om dei kanskje ikkje er

truande kristne. Andre kan vere redde for kva framandkulturelle trekk kan føre med seg, og dei prøver difor å hegne om det trygge som dei kjenner til.

Gjeld dette også for dei unge? I samfunnsdebatten saknar eg å høyre stemmer frå den unge generasjonen. Kva meiner dagens ungdomar om kristendommen i vår moderne, kanskje postmoderne, tid? Er den kristne kulturarven noko å ta vare på? Og korleis opplever ungdom frå andre kulturar sitt møte med ein kristen arv? Som lærar i religion og etikk på vidaregåande skule har eg diskutert spørsmål om religion og samfunn med elevane i mange år. Eg opplever at elevane er opptekne av religiøse og då særleg dagsaktuelle spørsmål, sjølv om dei fleste ikkje praktiserer ein religion sjølv. Det blir interessant å gå djupare inn i spørsmål kring den kristne kulturarven, og eg er veldig spent kva svar eg kjem til å få. For kva framtidig plass den kristne kulturarven skal ha i samfunnet vårt er avhengig av korleis framtidige generasjonar ser på den og korleis dei innrettar liva sine.

Auka fokus på den kristne kulturarven kan vere eit symptom på at vi lever i ei brytningstid. I Europa har kristendommen i lengre tid vore i ein retrettposisjon. Særleg i skandinaviske land kan vi sjå denne tilbakegangen (Pew Research Center, 2018). Kristendommens preg på samfunnet ser ut til å minke og ein kan lure på kva som skjer med samfunn der kristendommen misser sin påverknad. Vi har ein livleg debatt i vente når den varsla Stortingsmeldinga om den nye lova om trus- og livssynssamfunn skal behandlast på Stortinget våren 2019. Meldinga bygger på Stålsett-utvalet sin rapport om «Det livssynsopne samfunn». Både finansieringsordningar for trus- og livssynssamfunn og generelt kva rolle religion og livssyn skal spele i det moderne norske samfunnet skal drøftast (NOU2013:1). Vi kan rekne med at vi får ein omfattande politisk debatt der omgrepet *den kristne kulturarven* igjen vil spele ei viktig rolle.

Vi ser også at populismen spreier seg, og det ser ut som at kampen for den kristne kulturarven og populistiske aksjonar til tider er samanfallande. I andre vestlege land ser ein liknande tendensar. I USA har det vore politikarar som krev skilt med innskrifta *In God we trust* på alle offentlege bygningar og skuler. I Florida skjedde det ikkje lenge etter skulemassakaren in Parkland (Bratland, 2018).

I delstaten Bayern i Sør-Tyskland trådde det den 1. juni 2018 i kraft ei lov som sa at det skulle henge eit godt synleg kors ved inngangen i alle offentlege bygningar. Då kritikkar av denne lova så henviste til staten sin religiøse nøytralitet, svarte delstatsminister Markus Söder at

korset ikkje skulle hengast opp som eit uttrykk for ein bestemt religion, men meir som eit symbol for «...unsere bayerische Identitet og Lebensart» (Bhuiyan, 2018). Her ser ein tydeleg korleis korset skulle tene som symbol for den kristne kulturarven og som identitetsmarkør for delstaten.

Døma frå USA og Tyskland viser at spørsmåla knytt til den kristne kulturarven er relevant i større målestokk enn den norske. Kampen for demokrati og rettsstat viser seg viktig i ei verd der populismen stadig grip om seg. For å vere ein medviten samfunnsaktør må ein ha både historiske innsikter og vere oppdatert på aktuelle debattar. Skulen er ein viktig arena for danning, og arbeidet for kritisk tenking startar oftast her. Har vi gitt ungdom dei naudsynte reiskapar til å bli gode samfunnsaktørar? Difor er det relevant å undersøkje kva ungdom meiner og såleis gi dei ei stemme i den pågåande debatten.

1.2 Problemstilling, forskingsmål og avgrensing

I oppgåva mi går eg ut i frå at det finst ein aukande fokus på den kristne kulturarven i samfunnet. Dette ser vi i skule- og samfunnspolitiske debattar, diskusjonar i kyrkjelege forum og i ei generell aukande interesse i media (kap. 3.1.).

Eg har valt å undersøkje kva ungdom meiner om temaet. Konsekvensar av politikk knytt til den kristne kulturarven vil kunne få direkte påverknad på framtida deira. Kjernen i oppgåva mi er den kristne kulturarven sett frå ungdom sitt perspektiv og baserer seg på ein kvalitative intervju med seks ungdomar mellom 18 og 23 år.

Problemstillinga mi er følgjande:

Korleis opplever ungdomar den kristne kulturarvens betydning i Noreg i dag?

Den kristne kulturarven er eit uttrykk som er samansett av tre omgrep. Kultur kan definerast som alt menneske har skapt av materielle ting og immaterielle førestillingar, i motsetning til ting som har oppstått naturleg. Store norske leksikons definisjon «Det generelle kulturbegrepet omfatter tanke-, kommunikasjons- og atferdsmønstre på alle felter av samfunnslivet» (Schlackt, 2018) er mykje samanfallande med korleis omgrepet blir brukt i

daglelivet. Her kan det vere snakk om tradisjonar, språk og måtar vi oppfører oss på, samt materielle kulturelle manifestasjonar som bygningar og bruksgjenstandar.

Ein kan definere kultur som er ei ferdig utvikla eining, som kan formidlast og vidareførast. Men ein kan også sjå på kultur som noko som blir konstruert i møte med det einskilde menneske. Forskar i pedagogikk og kultur, Else Marie Halvorsen, kallar desse to syna for «det dobbelte kulturbegrep» (Halvorsen, 2017, s. 16-19). Kultur er slik sett noko som er dynamisk og som utviklar og forandrar seg heile tida.

«Kulturell arv» er eit komplekst omgrep. Det refererer til fortida, men har ein funksjon i notida. Stiftelsen Norsk Kulturråd definerer kulturarv som «... den historiske plattformen et samfunn er bygget på» (Kulturråd, 2009). Samtidig erkjenner dei at definisjonen ikkje er eintydig, og at det ligg moglegheiter for tolking her (ibid.). Ein plattform som både består av mangfaldige materielle og immaterielle verdiar og som strekker seg over ein lang tidsperiode vil bli forskjellig oppfatta av folk til ulike tider. Ikkje all kultur får status som kulturarv for bli tatt vare på. Kva som blir sett på som kulturarv i Noreg vil difor variere og må forhandlast om.

Den kristne kulturarven er materielle og immaterielle kulturuttrykk som har sine røter i kristen tru og praksis. Ofte blir den historiske og kulturelle bakgrunnen framheva sterkare enn den spesifikt kristne delen av uttrykket. I oppgåva ser eg bort frå den retoriske funksjonen, men brukar omgrepet først og fremst som tradisjonar og kulturuttrykk med kristent opphav.

Problemstillinga er relativt opent formulert og rommar difor moglegheiter for forskjellige tyngdepunkt. Forskingsspørsmåla sirklar inn dei områda som det skal kastast lys på.

- Møter ungdomar den kristne kulturarven med interesse og opplever dei den som personleg relevant?
- Opplever ungdomar at skule og samfunn bygger på kristne verdiar?
- Meiner ungdomar at kristne verdiar og kulturuttrykk skaper fellesskap?
- Kva meiner ungdomar om rolla den kristne kulturarven har i offentlegheita?

Eg var nøydd til å avgrense oppgåva både metodisk og med henblikk på målsetjingane. Informantane er valt ut innanfor ei aldersgruppe mellom 18 og 23 år busett i rurale strøk i Noreg. Det er med tre ungdomar som opphavelig kjem frå andre land. Likevel vil det ikkje bli

lagt vekt på ei inngående samanlikning mellom desse og dei som har Noreg som sitt fødeland. Eg går ikkje inn på forklaringsmodellar på kva oppvekstkulturen kan ha hatt å seie for den religiøse og etiske identiteten. Eg legg heller vekt på den empiriske delen i oppgåva og spør mest *korleis* opplever informantane kulturarven og ikkje *kvifor*.

Ei læreverkkanalyse kunne ha vore interessant og gitt informasjon om korleis vektlegging av den kristne kulturarven i skulen har forandra seg gjennom tidene. Dette omtalar eg berre i liten grad, fordi det ville blitt for vidt i forhold til målsetjinga mi. Bruken av omgrepet *den kristne kulturarven* i samfunnsdebatten har vore igangsetjaren for arbeidet mitt, men ein inngående analyse av denne bruken ville ha ført for langt.

1.3 Analyse

Eg skal intervjuje seks ungdomar mellom 18 og 23 år. Tre av elevane er fødte i Noreg og går på studieførebuande linjer på vidaregåande skule. Dei tre andre elevane kjem frå Syria, Somalia og Eritrea. Dei har budd relativt kort i Noreg og går i klasse med eige opplegg for framandspråklege. Det er tre jenter og 3 gutar med i utvalet.

Dei semistrukturerte samtalene varer om lag ein time kvar. Intervjua blir tekne opp på lydband og transkriberte i etterkant. Desse transkripsjonane er materialet mitt som eg skal forske ut i frå for å finne svar på dei fire forskingsspørsmåla mine. Svara vil bli belyste i eit analytisk perspektiv knytt til temaet. Ut i frå dette forklarar eg kva funna fortel oss i eit større teoretisk perspektiv. Dette vil vere mitt svar på problemstillinga.

1.4 Tidlegare forskning

Det har vore svært nyttig at eg i oppgåva mi kunne støtte meg på tidlegare forskning, men eg har ikkje funne undersøkingar som direkte granskar ungdomen sitt forhold til den kristne kulturarven. Derimot finn eg ulike delar av tematikken belyst hos fleire forskingsprosjekt. Sett i samanheng gir dei arbeidet mitt ei god teoretisk forankring. Felles for alle er at dei ikkje har same forskingsmål som meg og ikkje set funna i same heilskapsperspektivet, nemleg å utforske ungdomen sitt forhold til den kristne kulturarven, men undersøker berre delaspekt. I kapittel 3. kjem eg til å greie ut om desse forskingsresultata meir inngående.

For å sette omgrepet *den kristne kulturarven* i eit samfunnsperspektiv har eg støtta meg på forskinga til Cora Alexa Døving og Siv-Ellen Kraft frå 2013. Dei to legg i *Den kristne kulturarven - om verdier, norskhet og politikk* fram bruken av omgrepet sidan 90-talet. Forskarane viser at omgrepet har tapt mykje av si religiøse betydning og blir i dagens debattar oftast brukt til å forsvare seg mot andre kulturar og religionar.

Eg har også nytta meg av fleire granskingar som fortel noko om ungdommen sitt forhold til religion. Ipsos si undersøking frå 2014 *Slik er ungdommen* og KIFO-rapporten frå 2017 *Unge voksne og Den norske kirke: medlemskap, tro og tilhørighet* viser begge ei svekking av ungdomens religiøsitet. Studiane viser at ungdom sluttar på fleire område mindre opp om den kristne religionsutøvinga. Marie von der Lippe og Geir Skeie har i 2009 delteke på Eu-prosjektet REDCo – Religion in Education, der det blei undersøkt kva ungdom mellom 14 og 16 år synest om religion og religionsundervisning. Resultatet viser at ungdom er lite interessert i religion, men ofte opptekne av eksistensielle spørsmål. Dei synest sjølv at dei har tolerante haldingar overfor andre religionar og livssyn, men har ikkje hatt høve til å prøve desse ut i særleg grad ut. Undersøkingane er interessante for mitt arbeid, fordi dei er konkret retta inn mot ungdom. Åleine vil dei derimot ikkje kunne gi så mykje informasjon om kva dei unge meiner om den kristne kulturarven.

KIFO-rapporten frå 2017 *Tro, tillit og toleranse. Unges holdninger til menneskerettigheter i en flerkulturell kontekst* har gitt eit viktig perspektiv for oppgåva mi. Ein av konklusjonane er at dei unge i Oslo er svært skeptiske overfor religiøse praksisar i det offentlege rommet. Samanlikna med andre menneskerettar skårar religionsfridommen lågt blant ungdomen i undersøkinga. KIFO-rapporten har fokus på byungdom, mens mine funn viser kva ungdomar frå rurale strøk synes om offentleg eksponering av religion.

Det har også vore nyttig å samanlikne haldningar til religion i Noreg med forhold i Europa. PEW Reseach Center la 2018 fram studien *Being Christian in Western Europe*. Her blir det vist at til trass for aukande sekularisering står kristendom enda like sterkt som identitetsmarkør. Særleg haldningsforskjellane mellom personar med kulturkristent, kristent og ateistisk livssyn blei viktige å få fram i oppgåva mi. PEW-undersøkinga går ikkje inn på kva ungdom meiner om desse spørsmåla. I forskinga mi stiller eg derimot fleire av same spørsmåla til ungdomar og kan såleis samanlikne korleis funna korresponderer med PEW si undersøking.

Inger Furseth tolkar studien *Religious Complexity in the Public Sphere – Comparing Nordic Countries* som ei avvising av religionens tilbakekomst i offentlegheita. Forklaringa på den fornya oppmerksamheita er heller medias konfliktorientering, og skyldast ikkje ein fornya religiøsitet, hevdar Furseth. Heller ikkje i denne undersøkinga har ungdomssynsmåtar spesielt blitt belyst.

1.5 Disposisjon

Denne oppgåva består av seks hovudkapittel. I innleiingskapittelet greier eg ut oppgåvas temaområde og målsetjing. I kapittel 2 beskriv eg den metodiske tilnærminga for å kunne svare på problemstillinga. Eg grunngrir kvifor eg valde kvalitativ forskingsmetode og drøftar utfordringar og mogelege avgrensingar som følgjer av det. I kapittel 3 greier eg ut om tidlegare forskning og teori som skal hjelpe meg å setje dei empiriske funna i perspektiv. Etter å ha lagt fram korleis omgrepet *den kristne kulturarven* blir brukt i den offentlege debatten, viser eg til analytiske perspektiv i forhold til religion, kristne verdiar, fellesskapsbygging og religion i offentlegheita.

Kapittel 4 er det fyldigaste kapittelet. Her presenterer eg funna frå empirien sett i ein tematisk samanheng. I kapittel 5 drøftar eg desse funna i lys av tidlegare framsett teori. Eg går inn på kva som var venta og uventa funn, og korleis dei heng saman med tidlegare forskning. I dei tilfella teori og empiri ikkje stemmer overeins, prøver eg å finne mogelege forklaringar og gi innspel til korleis funna mine kan brukast som utgangspunkt til vidare forskning. Eg avsluttar oppgåva i kapittel 6 med ei oppsummering av hovudfunna og nemner nokre konsekvensar basert på dei empiriske funna.

2 Metodisk tilnærming

Målet med denne oppgåva er å kaste lys over kva den kristne kulturarven betyr for ungdomar i dag. I forskingsspørsmåla har eg presisert og avgrensa det eg vil undersøkje. Både problemstillinga og forskingsspørsmåla var førande då eg skulle velje metode og strategi for oppgåva. I dette kapittelet skal eg gjere greie for mine metodiske val undervegs og grunngje dei fagleg. Eg viser også til moglege alternativ som kunne ha blitt valt og viser så transparent som mogeleg dei viktigaste arbeidsmåtane eg har brukt.

Det finst ikkje så mykje teoretisk bakgrunnsstoff i litteraturen som var vinkla spesifikt på forskingsspørsmålet mitt, og difor var det ikkje lett å vite kva som var mest hensiktsmessig å sette søkelys på. Ved val av kvalitativ metode fekk eg større fleksibilitet og kunne justere forskingsretninga undervegs etter kvart som eg fekk nye innsikter.

Sjølv om eg i denne oppgåva kjem til å forklare kva informantane meiner om den kristne kulturarven, blir mi største oppgåve å forstå samanhengar og få større innsikt i ungdomars haldningar og praksisar. Nettopp denne induktive framgangsmåten er eit kjenneteikn ved kvalitativ forskning. (Tjora, 2017, s. 24-26).

2.1 Kvalitativt forskingsintervju

Det er fleire framgangsmåtar korleis ein kan bruke kvalitativ metode. T.d. kunne fokusintervju ha vore ein effektiv måte å samle inn data på. På kort tid kunne eg ha utført samtaler med fleire ungdomar samtidig. Men eg tenkjer at det då ville vore problematisk å halde utsegnene åtskilte. Dersom det finst forskjellar pga. kjønn, kultur eller livssyn, vil det vere enklare å få fram desse ved å intervjuje ein informant om gongen.

Praktiske årsaker bidrog til at eg valde å bruke kvalitative forskingsintervju. Som lærar på vidaregåande skule har eg lett tilgang til aktuelle informantar. Sosiologen Aksel Tjora ser det som relevant kva preferansar forskaren har, og kva framgangsmåte han føler seg mest vel med (Tjora, 2017, s. 37). Som lærar har eg lang erfaring i å ha elevsamtalar med ungdomar i den aktuelle målgruppa, og eg trivst svært godt med å kome i direkte og personleg kontakt med informantane. Denne erfaringa kan kome godt med når ein skal lokke fram autentiske svar og vise evne til å improvisere undervegs. For å kunne svare på problemstillinga mi spør eg om

korleis ungdomar opplever religiøse praksisar og kva haldningar dei har om forskjellige forhold (Kvale & Brinkmann, 2015). Dette finn eg lettast svar på gjennom kvalitative forskingsintervju.

2.1.1 Intervjuguide

Eg har brukt ei semistrukturert utforming av intervjuet og i intervjuet gjekk vi gjennom ei liste med generelle spørsmål. Eg brukte ungdomar i min omgangskrets til uttesting av intervjuguiden. Dette viste seg til å vere svært nyttig og hjelpte meg både å formulere og strukturere spørsmåla på ein betre måte.

Spørsmåla var enkelt formulerte fordi eg måtte ta omsyn til at dei framandspråklege informantane kunne forventast å ha eit mindre ordforråd. Eg laga spørsmål som ikkje skulle vere for teoretiske, men heller tok utgangspunkt i informantane sine praksisar og opplevingar. Likevel hadde eg også med spørsmål som spurde etter informantane sine oppfatningar om ei rekke forhold, sidan deira meiningar òg var relevante for fleire av forskingsspørsmåla. Guiden var strukturert slik at dei første spørsmåla omhandla praksisar, mens dei seinare omhandla det meir teoretiske.

Ein strukturert samtale innfrir i større grad forventningar informantane har til eit fagleg forskingsintervju. Tjora skriv at bruken av ein strukturert intervjuguide «skaper ein atmosfære av seriøsitet for informantene» (Tjora, 2017, s. 158). Eg var usikker på om ungdomane ville ha så mykje å kome med dersom vi skulle snakke laust kring relativt teoretiske emne. Fordi eg visste lite om kva opplevingar og synspunkt ungdomane hadde om den kristne kulturarven, tok eg med rikeleg med spørsmål for å sikre eit stort spekter med svar til seinare analyse. Oppfylgningsspørsmåla og vidare samtale kring spørsmåla var likevel viktigast for å gi informantane mogelegheit til å snakke fritt og intuitivt. På denne måten kunne eg også utfordre dei til å reflektere meir om eigen praksis og egne haldningar.

Intervjuguiden fungerte i all hovudsak som forventa. Men, med dei erfaringane eg no har hausta, ser eg at det hadde vore tilstrekkeleg med færre og meir opne spørsmål. Som nemnt satsa eg på mange spørsmål i frykt for at emnet var for abstrakt for informantane. Dette viste seg å ikkje stemme. Informantane svarte reflektert og utfyllande på dei fleste temaa. Det var ikkje problem å få fram engasjement og gode beskrivingar.

Eg hadde ein fast struktur, som likevel var fleksibel nok til at informantane kunne kome med nye innfallsvinklar som eg ikkje hadde tenkt over på førehand. Guiden består av ferdig utformulerte spørsmål med ein del underspørsmål og stikkord som hadde som funksjon å få i gang tankegangen hos ungdomane men samtidig ikkje vere leiande. Spørsmåla er fordelt i sju forskjellige tematiske område, der den første delen om personleg bakgrunn er meint som oppvarming. Avslutninga har ein resymerande karakter, der informantane bl.a. kunne uttale seg om korleis dei opplevde intervjusituasjonen. Spørsmåla frå dei fem tema i midten kravde meir reflekterande svar med stigande progresjon frå dei mest praktiske spørsmåla på tema to og tre til dei meir teoretiske tema i fire, fem og seks (Tjora, 2017, s. 155ff). Intervjuguiden er vedlagt som vedlegg 3 i slutten av oppgåva.

2.1.2 Rekruttering av informantar

Utval av informantar er ein viktig prosess og kan påverke resultatet betydeleg. Eg føretok eit strategisk utval på grunnlag av fleire kriterium. Tilfeldige val er mest vanleg i kvantitative undersøkingar. (Tjora, 2017, s. 130).

Eg ville ha ei lik kjønnsfordeling og eg ville ikkje berre ha dei mest skuleflinke og ressurssterke ungdomane. Det skulle vere med både innfødde norske ungdomar og like mange med utanlands opphav. Dei framandspråklege informantane måtte kunne kommunisere temmeleg bra på norsk. Eg ville gjerne ha med informantar som hadde forskjellig religionstilhøyrighet. Alle skulle vere med på frivillig basis og vise ein viss interesse for emnet.

For å lodde interessa besøkte eg fleire klasser til andre lærarar i forkant av utvalet, og gjennomførte ein kahoot om kristendom i fortid og notid. Kahoot er ein populær konkurranse der ein svarer på spørsmål via mobilen. Resultatet kom på storskjerm og vi diskuterte kring emna. Til slutt fortalte eg om forskingsprosjektet mitt og delte ut ei liste. Her kunne dei som syntest at dette var interessante ting å snakke om og som kunne tenkje seg å delta på eit forskingsintervju, melde seg skriftleg. Det var over 20 frivillige, og eg fekk hjelp frå faglærarane deira til å gjere utvalet. Av dei utanlandske blei dei valde som kunne best norsk. På denne måten fekk eg tre jenter og tre gutar mellom 18 og 23 år som informantar.

Tjora skriv at det vanlege er at ein skal velje informantar som ein kan vere trygg på at kan uttale seg om det aktuelle temaet på ein reflektert måte (Tjora, 2017, s. 130). Eg er usikker på om dette er riktig måte å gjere det på i dette prosjektet. Dersom ein vel informantar som har

mykje kunnskap om den kristne kulturarven og har reflektert kring emnet frå før, vil det prege svara. Sjølv sagt vil eg gjerne intervju interesserte ungdomar, men skulle eg ha valt ut på nytt, ville eg ha presisert enda tydelegare overfor dei andre lærarane at fagleg styrke ikkje skulle vektleggast. Det kan hende at eg har gått glipp av ein del relevante svar som viser andre nyansar.

På eit tidleg tidspunkt bestemte eg meg for å gjennomføre seks intervju, tre av dei med norske ungdomar og tre med ungdomar av utanlandsk opphav. Eg tenkte at det kunne vere interessant å få eit innblikk i korleis ungdomar frå ein annan kultur opplever møtet med den kristne kulturarven. Denne fordelinga spegla ikkje samansetninga av ungdomar på skulen elles, men denne kvalitative undersøkinga skal heller ikkje vere representativ. Eg ville bruke seks informantar og forventa ei viss metting, dvs. at det ikkje kom fram fleire nye moment i svara, dersom eg hadde brukt fleire. Også Tjora seier at tal informantar ikkje er avgjerande, men at ein får fram detaljrike erfaringar som kan nyttast i analysen (Tjora, 2017, s. 143f).

Eg valde å bruke elevar på eigen skule som informantar. Kan dette ha hatt påverknad på svara? Sjølv om eg valde elevar som eg ikkje har vore lærar for, skal ein ikkje sjå bort frå at informantane ville oppfatte intervjusituasjonen som ein *lærer-elev-samtale*. Ved ei slik rollefordeling er det ein fare for at informanten vil vise seg som flink elev i staden for gi autentiske svar. Elevane som blei valt ut som informantar hadde eg aldri snakka med før, og før vi sette i gang intervjuet gjorde eg det difor heilt klart at samtalen ikkje hadde noko med skuleprestasjon å gjere. Dei tre norske ungdomane rekrutterte eg frå ei studieførebuande 3. klasse. På dette trinnet har elevane faget religion og etikk, og etter nesten fullført skuleløp kunne ein forvente at dei har gjort seg nokre refleksjonar kring religionens betydning. Dei utanlandske informantane går i klasser med eige opplegg for framandspråklege.

Samla sett er det tre jenter og tre gutar med i utvalet, tre framandspråklege og tre som er innfødde norske. Av desse seks ungdomane er det to muslimar, to med eit ikkje-religiøst livssyn, ein ortodoks kristen og ein som høyrer med den norske folkekyrkja. Skulens rektor blei informert og han ga løyve til gjennomføringa av intervju.

2.1.3 Praktisk gjennomføring

Intervjua blei gjennomførte i løpet av to veker etter at eg hadde fått klarsignal og godkjenning av prosjektet frå NSD (Norsk senter for forskingsdata), (Vedlegg 2).

Eg vurderte om eg skulle bruke tolketeneste under intervjuet av dei framandspråklege. Intervjuspørsmåla er ganske teoretiske og føreset gode språkkunnskapar hos informantane for å kunne gi reflekterande svar. Eg såg bort frå å bruke tolk fordi eg frykta at samtalene då ville ha fått eit meir teknisk preg og miste ein del av det autentiske. Lærarane deira forsikra meg om at dei utvalde informantane hadde gode kommunikasjonsevner. Dette viste seg til å stemme, og deltakarane hadde ikkje problem med å oppfatte spørsmåla. Likevel ser eg i etterkant at svara til dei utanlandske informantane er mindre inngående og utførlege. Eg kan ha mista nokre viktige nyansar ved å ikkje bruke tolk, men samtidig bidrog det positivt at vi skapte ein naturleg samtalsituasjon.

Vi fann eit roleg rom med god atmosfære på eigen skule. Informantane kunne velje tidspunkt. Som sagt var dette ukjente ungdomar, og i starten brukte vi litt tid til å skape ein god tone ved å snakke litt om laust og fast. Tjora påpeikar at ein avslappa atmosfære er ein føresetnad for å få fram gode refleksjonar (Tjora, 2017, s. 147f). Eg informerte om prosjektet, vi gjekk gjennom rettighetene deira og dei skreiv under eit informasjons- og samtykkeskjema (vedlegg 1). Særleg viktig var det å forsikre meg om dei framandspråklege informantane skjønnte kva det gjekk ut på. Dei fekk bl.a. vite at samtalen blei tatt opp på lydband og at opptaka vil bli destruerte etter at prosjektet var avslutta. Eg opplyste om at dei kunne trekke seg frå intervjuet kva tid som helst, også i etterkant. Eg var også nøye på at det var full anonymitet, og intervjuet ikkje ville påverke skulegangen deira på nokon måte. Det blei også poengtert at dette ikkje var ein ferdigheitstest, og at det var viktig at det kom fram akkurat kva dei tenkte.

Informantane fekk utdelt eit ark med overskriftene til sju tema, slik at dei skjønnte strukturen og visste kor langt vi var komne i gjennomføringa. Slik var det også lett å ha naturlege overgangar frå eit emne til eit anna. Eg noterte ikkje undervegs for ikkje å øydelegge for ein naturleg samtalsituasjon. Alle fekk snakke så lenge dei ville og viss dei kom på eit anna tema, så låg dette innanfor den fleksibiliteten eit semistrukturert intervju inneber. Til dels var eg gravande og etterlyste eg refleksjonar kring svara deira. I ein daglegdagssamtale ville dette ha vore på grensa til frektheit, men Tjora påpeiker at informantane forventar ein viss asymmetri og difor godtar «intervjuarens privilegium i intervjusituasjonen» (Tjora, 2017, s. 159).

Samla sett brukte fem av informantane ca. ein time på intervjuet, mens ein norsk gut skilde seg ut ved å vere spesiell ettertenksam og reflektert. Han hadde eg samtale med i to timar.

2.1.4 Transkripsjon

Eg transkriberte kvart intervju for seg. Det tok mykje tid å lytte gjennom lydopptaka, men det var veldig nyttig. Det skriftelege materialet er lettare å strukturere og få oversikt over (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 206).

Tjora seier at det best å transkribere absolutt alt (Tjora, 2017, s. 173). Eg noterte svara i sin heilheit, men ikkje spørsmåla mine. Ei utfordring var at dei framandspråklege sjølv sagt ikkje uttrykte seg på korrekt norsk. Dette tok eg omsyn til og utførte ein meir skriftnær transkribering. Eg er klar over at det kan ligge ei viss form for fortolking i denne framgangsmåten. Likevel er eg trygg på at eg fekk gjengitt meiningane og erfaringane til informantane mine på ein etterretteleg måte.

2.2 Analyse

Analysedelen er den viktigaste delen i oppgåva. Her skal funna presenterast og tolkast. Har intervju bidrege med å kaste lys på forskingsmåla, og korleis har eg gått fram for å få funna? Då eg sette i gong med intervju såg eg mest på samtalanene som innhenting av oppfatningar som skulle kaste lys på forskingsspørsmåla. Men undervegs skjønnte eg at det ikkje berre var snakk om ei *innsamling*. Meiningane sat ikkje som frukt laust på informantane, klare til plukking. Utan spørsmåla mine, ville ikkje svara ha vore der heller. Ein kan godt seie at informantane sine oppfatningane blei til mens dei reflekterte kring spørsmåla i lys av eigne opplevingar. Det er ofte slik at ein ikkje veit kva ein tenkjer før ein har sagt det til nokon, og helst har fått feedback på det.

Eg tenkjer at sjølvrefleksjon, i tillegg til at informantane tok seg god tid å tenkje over spørsmåla, hjelpte til å få fram svar som kunne setjast i tydeleg samanheng med problemstillinga.

I den vidare analysen har eg i all hovudsak fylgt stega til tematisk analyse som Johannessen, Rafoss og Rasmussen presenterer (Johannessen, Rafoss, & Rasmussen, 2018, s. 282ff). Det viktigaste prinsippet i analysen min er at empirien skulle styre retninga i dette prosjektet. Eg hadde ingen bestemt teori å gå ut i frå som skulle stadfestast gjennom den praktiske undersøkinga. Tvert imot kom dei retningsgevande ideane først då empirien låg føre. Sjølv sagt hadde eg nokre hypotesar om kva svar ein kunne få og ein viss oversikt over relevant teori. Elles hadde det ikkje gått å lage ein relevant intervjuguide. Men eg har heile

vegen vore innstilt på at forskingsfokuset kunne endrast undervegs. Denne framgangsmåten kallast abduktiv tilnærming (Tjora, 2017, s. 33). Med dette meiner ein at teori og empiri står i dialektisk forhold til kvarandre, der det er ein gjensidig påverknad. Eg vil seie at analysen min i større grad er data- enn teoridreven, sjølv om eg heile vegen har hatt teoretiske perspektiv i bakhovudet. Eg skjønnte etter kvart at det er heilt rett å seie at det er kjennskap til teorien som gjere forskaren disponert til å «gjere heldige oppdagelser» (Johannessen et al., 2018, s. 38).

Det første eg gjorde etter transkripsjonen var å kode materialet mitt. Eg streka under viktige utsegner og skreiv nøkkelord i margen på det første intervjuet. Så gjekk eg vidare til dei neste intervjua og brukte dei same kodane. Dette var eit omfattande arbeid og eg gjekk gjennom heile materialet i fleire omgangar. Eg retta meg etter Tjora som seier at det er to viktige spørsmål ein skal tenkje gjennom for å bedømme om ein har funne gode og empirinære koder. Det eine er om ein kunne ha laga koden før ein starta kodinga. Det ville i så fall ikkje vore rett framgangsmåte, det er empirien som skal styre kodinga. Det andre spørsmålet er om koden spegla konkret innhald i intervjusituasjonen (Tjora, 2017, s. 203). «Jula er jo så koseleg» og «Det er mest tradisjon og ikkje noko kristent» er døme på koder som eg laga ut frå materialet. Desse ville eg ikkje ha kome på på førehand. Samtidig gir dei uttrykk for typisk og konkret innhald.

I tillegg har eg notert ned tankar som tek utgangspunkt i materialet og som kunne føre til nye forskingsmål t.d. såg eg at informantane var tydeleg opptekne av å bygge fellesskap. Målet med kodinga var å få djupare innsikt og å gjere materialet klart til neste trinn. Det er heller slik at eg leiter etter viktige spørsmål og djupare innsikter enn ferdige svar (Johannessen et al., 2018, s. 284ff).

Neste steget var kategorisering av kodane. Dette kalla Tjora for kodegruppering, og går ut på å sette kodane tematisk saman (Tjora, 2017, s. 207). Eg fann då fem relevante tema som eg formulerte som analyse spørsmål. Desse spørsmåla er verken identiske med forskingsspørsmåla eller med tema i intervjuguiden, men er genererte ut frå det empiriske materialet. I tillegg har kvart tema fått tre til seks underpunkt for å gi funna ein tydeleg struktur. Prosessen gjorde at eg hadde fått ein større heilskap i materialet og kunne sette ord på funna som var basert på empirien. På dette stadiet slipte eg for siste gong på forskingsspørsmåla og problemstillinga. Det er også her eg måtte avgrense funna, for alt kunne og trengtest ikkje å takast med vidare (Johannessen et al., 2018, s. 297f).

Siste steget i analysen var rapportering, der eg strukturert og grundig presenterer funna mine (sjå kap. 4).

2.3 Ethiske synsmåtar

Det er ein del etiske prinsipp og juridiske retningslinjer forbunde med forskingsarbeid. Forskaren skal vere tru mot prosjektet sitt og vere seg bevisst sin etiske integritet når det gjeld å vere grundig og påliteleg. Her er transparens og rapportering viktige stikkord. Målet mitt var å lære noko, ikkje å søkje etter stadfesting av eigne forventningar. Dette inneber også at eg viser ein viss distanse til tematikken (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 108).

Som forskar må ein også opptre etisk varsamt når personar er involvert i prosjektet. I oppgåva mi om den kristne kulturarven intervjuar eg ungdomar. Sidan eg etterlyste livssyn og religiøse praksisar måtte eg vente på klarsignal frå NSD før eg kunne setje i gang med undersøkinga. Eg trengde desse opplysningane for å setje dei i samanheng med svara. Sidan det er ein fagleg og personleg asymmetri mellom meg som erfaren lærar og dei ungdommelege informantane var eg heile tida bevisst på å opptre reieleg og respektfullt. Informantane har rett til sjølvbestemming og autonomi. Det var berre ungdomar med i undersøkinga som frivillig gav samtykke etter grundig informasjon om rettane deira. Tjora viser til at desse etiske krava er formulert av den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora (NESH) (Tjora, 2017, s. 47). Informantane kunne også nekte å svare på enkelte spørsmål eller trekke tilbake samtykket sitt i etterkant. Dette nytta ikkje informantane seg av, og dei ga uttrykk for at dei ikkje følte at intervju spørsmåla var veldig intime. I det heile tatt såg det ikkje ut at informantane forstod formålet med dei strenge personvernreglane. Difor var det desto viktigare at eg som forskar held meg til dei etiske retningslinjene.

Eit viktig etisk prinsipp er at undersøkinga skal garantere å vere konfidensiell og anonym. Opplysningane blei anonymiserte og namn og stader blir ikkje brukt i oppgåva. Namna blei bytte ut med nye namn. Personopplysningane blei lagra åtskilt frå andre data og kodenøkkelen lagt i ein låsbar safe.

Eg såg ikkje sitatsjekk som naudsynt fordi eg under intervjuet forsikra meg om at eg hadde oppfatta informantane rett. Eg er difor temmeleg sikker på at informantane kan stå inne for dei skriftlege sitata.

2.4 Reliabilitet, validitet og generaliserbarheit

Kvaliteten på forskinga kan ikkje avgrensast til resultatet. Det er fleire faktorar som utmerker god forskning. Har ein jobba bevisst og etterretteleg i alle ledd, og finst det ein indre samanheng i oppgåva? God reliabilitet og validitet er avgjerande faktorar om ein skal lukkast med eit forskingsprosjekt. Ein må også kunne ta stilling til om prosjektet er relevant utover denne studien.

Metodedelen i prosjektet mitt skal sikre størst mogleg grad av reliabilitet. Ved å dokumentere korleis eg har gått fram for å finne forskingsmaterialet, og korleis eg har handsama data seinare, syner kor påliteleg og objektiv forskinga har vore. Det skal vere ein gjennomgåande «intern logikk» gjennom heile arbeidet og i det dialektiske forholdet mellom empiri og teori (Tjora, 2017, s. 231). Transparens er den viktigaste måten for korleis lesaren kan få eit godt innblikk i forskinga mi og såleis få eit grunnlag til å ta stilling til om prosjektet syner god forskingskvalitet (Tjora, 2017, s. 248f). Eg har lagt fram mine metodiske tvil og gjennomgåande vurdert alternative metodiske grep.

Forskning syner høg grad av pålitelegheit når ein kjem til same funn viss undersøkinga blir gjennomført på nytt. Sidan det her er snakk om ei kvalitativ undersøking der menneske er intervjuobjekt, vil ein neppe kunne få akkurat same svar på nytt. Informantane mine kom ikkje med fiks ferdige oppfatningar til intervjuet, men utvikla fleire tankar først då dei blei stimulerte til refleksjon. Desse personane vil ikkje ha nøyaktig dei same tankane neste gong dei blir intervjuet, sidan dei har gjennomgått ein meningsdanningsprosess. Likevel er eg temmeleg sikker på hovudtendensen i funna ville kunne reproduserast også under andre forhold og av ein annan forskar.

Til sjuande og sist står og fell forskingsprosjektet mitt på om det har målt det det skulle. Har eg klart å kaste lys på forskingsspørsmåla mine? Har eg svart på problemstillinga mi, ved å vise til ein konsis samanheng mellom dei innsamla data og fortolkinga, i lys av teoretiske perspektiv? Oppgåvas validitet viser seg i ei rekke med relevante funn som står i logisk samanheng med problemstillinga. Det kom det fleire overraskingar, særleg når ein set svara frå dei norske informantane i samanheng med svara til dei framandspråklege. Det var ikkje eit mål å få stadfesta moglege hypotesar, men å konsentrere seg om dei empiriske funna.

Drøftinga i kap. 5 og avslutninga i kap. 6 gir konkrete svar på problemstillinga.

Denne kvantitative studien har ikkje som mål å kunne produsere funn som kan generaliserast. Eg har ikkje vist korleis ungdom generelt i Noreg opplever den kristne kulturarven. Likevel

ville ikkje arbeidet hatt noko meining om den ikkje kunne overførast til ny kunnskap. Eg kan ikkje bevise samanhengar, men eg peikar i arbeidet mitt på nokre tendensar og identifiserer nokre manglar i tidlegare forskning. På denne måten kan forskinga mi bidra til kunnskapsauke og i eventuelt brukast som argument i den offentlege debatten. Tjora seier at undersøkingar først blir god forskning når den nye kunnskapen er gyldig utover dei valde casane (Tjora, 2017, s. 23). Forskinga mi ville altså hatt liten verdi om den ikkje uttrykte noko utover meiningane til dei seks informantane. Sjølv om generaliserbarheit ikkje er målet i kvantitativ forskning, så kan den tross alt vere første steget mot å utvikle ein ny teori.

3 Analytiske perspektiv

I dette kapitlet greier eg ut om tidlegare forskning og teori for å setje dei empiriske funna i eit teoretisk perspektiv.

3.1 Den kristne kulturarven i den offentlege debatten

Den kristne kulturarven er det sentrale omgrepet i problemstillinga. Korleis ein ser på dette omgrepet er avhengig av kontekst og ståstad til brukaren. I dette kapitlet undersøker eg bruken i media og viser til konkrete døme på korleis forskjellige samfunnsdebattantane stiller seg til omgrepet. Dette vill danne eit bakteppe for å tolke informantane sine svar.

3.1.1 Omgrepet

Døving og Kraft (2013) har undersøkt kor hyppig omgrepet har blitt brukt i norske aviser gjennom tidene. Det var først på 90-talet at det dukka opp i avisene, og forskarane kan vise til ei endring i korleis omgrepet har blitt oppfatta. I starten handla diskusjonen mest om den samlande funksjonen kristendommen har i skule og samfunn (Døving & Kraft, 2013). Utover 90-talet ser forskarane at den kristne kulturarven i aukande grad blir kopla til norsk identitet (ibid., s. 74). Det blir også peikt på at omgrepet stort sett blir oppfatta som positivt og som ein forklaringsmodell til korleis det norske samfunnet har utvikla seg. Det er politisk vanskeleg for politikarane å ikkje seie seg einig i flosklar som «samfunnet er formet av den kristne kulturarv» (ibid., s. 74). Slike utsegn viser at den kristne kulturarven kan romme alt og ingenting, dersom det ikkje blir presisert kva ein legg i omgrepet.

På 2000-talet ser Døving og Kraft ein tydeleg tendens i mediediskusjonane der ein går frå konsenstenking, til å bruke omgrepet til å avgrense seg mot andre kulturar og religionar og då særleg islam. (ibid., s. 95). Mens religionens betydning etter kvart minkar i debatten, så aukar forsvaret for det som blir oppfatta som norskheit. I avisenes debattinnlegg går no kampen for den kristne kulturarven hand i hand med kampen mot islam og innvandring generelt.

«Problemet med muslimene er ikke bare at de er fremmede og annerledes, men de truer den kristne kulturarven, og dermed norsk identitet, samfunn og tradisjoner» (ibid., s. 83f). Døving og Kraft meiner at ved å ta i bruk omgrepet *den kristne kulturarven* i staden for å snakke generelt om den kristne religionen, så har ein skapt ein sekulær plattform for dei ikkje-kristne samfunnsdebattantane. Det blir meir stuereint for høgresida å gå på barrikadane for noko som

blir opplevt som forsvar av norske tradisjonar og verdiar i staden for å direkte angripe innvandringspolitikken og muslimane.

Mens Døving og Kraft kritisk undersøker den polariserande bruken av omgrepet, er religionshistorikarane Anne Eriksen og Torunn Selberg kritiske til heile omgrepet (Eriksen & Selberg, 2006). Forskarane sier at det er misvisande å snakke om den kristne kulturarven i eintal, som om det var ein naturleg arv som blir gitt vidare frå generasjon til generasjon. Dei meiner heller at kva som bli sett som meiningsgivande og betydningsfullt i samtida er i forandring og valt ut gjennom samfunnets demokratiske prosessar (ibid.). Forskarane ser at omgrepet gir makt til dei som brukar det ved at dei hever sine kulturarvsargument over andre argument, og slik fremjar sine egne mål. T.d. kan kyrkja styrke på denne måten sin maktposisjon ved å hevde at den kristne kulturarven er viktig for heile samfunnet. Eriksen og Selberg meiner at debattantane ofte ikkje sjølv veit kva dei legg i omgrepet, men berre brukar det av propagandamessige årsaker. «Den kristen kulturarven er en konservativ besvergelse med forbløffende politisk gjennomslagskraft» (Lindquist, 2008). Med dette viser dei både den politiske slagsida omgrepet har og instrumentaliseringa av den kristne arven.

Den US-amerikanske sosiologen Rogers Brubaker er like kritisk til korleis kristendommen blir kapra av innvandringskritiske grupper med sekulær bakgrunn (Brubaker, 2017). Han peikar på måtane kristendommen i USA og i Europa blir politisk instrumentalisert. Brubaker ser det som eit paradoks at kristendommen blir brukt som identitetsmarkør nettopp i dei samfunna som er mest sekulære, og at dette blir framsett av ikkje-kristne politiske krefter.

It is [...] the illiberal invocations of liberalism, the increasing salience of a “Christian” identity in the most secularized region of the world, and the adoption of liberal rhetoric by parties often characterized as “extreme right” – that I seek to describe and explain (Brubaker, 2017, s. 3).

Denne betraktningen kastar også lys på den norske bruken av omgrepet *den kristne kulturarven* og set den i samanheng med ei større internasjonal politisk rørsle. Brubaker viser at ein slik *sekulær kristentisme* kan føre til ei oppblomstring av høgrepopulismen og djup splitting i samfunnet.

3.1.2 Døme frå ulike perspektiv i dag

Partiet Krf blir av mange oppfatta som eit talerøyr for dei kristne i dag. Døving og Kraft (2013) viser at partiet skil seg frå den polariserande krigstenen til andre aktørar ved å framheve toleranse og nestekjærleik som viktige verdiar i kulturarven. Med desse verdiane

går partiet ofte i bresjen for «[...] å forsvare mangfold, bygge broer og sikre religionsfrihet for minoritetene, deriblant islam (Døving & Kraft, 2013, s. 87f)». Også Krf ser på den kristne kulturarven som under angrep, ikkje pga. innvandringa, men fordi sekulære krefter sørger for at kristne verdiar generelt blir neglisjerte (ibid, s. 88).

Kristin Gunleiksrud Raaum er valt leiar av Kyrkjerådet i Dnk og er difor ei viktig stemme for kyrkja. Det er forståeleg at ho kjempar for kyrkja sin posisjon i samfunnet.

«Kristendommen har preget vår kultur i tusen år og kirkene står som kulturelle fotavtrykk over hele landet. [...] Vi kan trygt stå oppreist og snakke om kulturarv og tradisjon. Men aldri på en banaliserende, ekskluderende eller brutaliserende måte» (Raaum, 2018).

Ho er tydeleg på at kyrkja ikkje skal bruke den kristne kulturarven som ein ekskluderande reiskap. Samla sett tyder det på at verken Krf eller Dnk brukar den kristne kulturarven bevisst for å avgrense seg mot andre, men mest som eit middel til å bygge bruer. Samtidig ser det ikkje ut som at dei er bevisste på at argumenta deira held på å bli kapra av populistar til heilt andre formål.

Det er ikkje frå muslimsk hald den største kritikken mot den kristne kulturarven kjem. Den muslimske nestleiaren i Arbeidarpartiet, Hadia Tajik, ser velferdssamfunnet og Noreg som ein sekulær stat som følgjer av den kristne kulturarven . Ho er svært glad for at skiljet mellom stat og kyrkje har gjort det mogeleg å etablere eit samfunn med mange sekulære fellesarenaer for religiøse og ikkje-religiøse menneske.

Kvass kritikk for den politiske profileringa av den kristne kulturarven kjem derimot frå ateistisk side. Døving og Kraft (2013) viser at HEF (Humanetisk forbund) kjempar både mot det dei kallar for «manglande nøytralitet, glorifisering av kristendommens historie og diffus begrepsbruk» (ibid. S. 81). I kronikken «Skal politikerne redde en folkekirke som folket selv vender ryggen» (Enger & Melsom, 2018) angrip Trond Enger og Kaja Melson frå HEF nettopp politikarar som Tajik som støttar opp om at Dnk får behalde si særstilling. Dei meiner at dei folkevalde må ta innover seg at nordmenn ikkje lenger sluttar opp om den kristne trua.

Det kan verke som at den største bruken av omgrepet *kristen kulturarv* kjem frå eit kulturkristent perspektiv. Statsvitar og Høgre-politiar Torbjørn Røe Isaksen er sjølverklært kulturkristen. Han ser verdien av at den kristne kulturarven er ei viktig kollektiv tolkingsramme i samfunnet (Isaksen, 2007, s. 469). Ifølgje han set folk pris på dei store

livsrituala og fellesskapen i kyrkja, og føler seg på mange måtar heime i kristne samfunn. Røe Isaksen tenkjer at Bibelen er ein sentral del av den kristne kulturarven og at han gjennom den finn eit språk til diskutere etiske spørsmål. Han meiner at dei store forteljingane i Bibelen er allemannseige og legg grunnlaget for at også eit sekulært samfunnet ser t.d. tilgjeving og forsoning som ideal (ibid., s. 470).

Andre kulturkristne kan kjenne seg igjen i ein følelse av nostalgi som forfattaren Karl Ove Knausgård beskriv i boka *Om høsten* når han ser tomme og nedlagte kyrkjer (Knausgård, 2015). For han står dei for ei fortid, der det fanst ein heilskap og ein lengt mot framtida og det guddommelege. Knausgård er overraska over at han og hans generasjon heller lengtar tilbake til ei tid som ikkje er sjølvopplevt, enn å sjå framover. Forfattaren ser det som teikn i vår tid at så få leiter etter ein åndeleg eller guddommeleg dimensjon i livet sitt. «Det er ingenting igjen å lengte etter. Annet enn lengselen selv, som de tomme kirkene jeg ser herfra nå har blitt symbolet for» (Knausgård, 2015, s. 48).

Til sist har vi kulturkristne som vil bruke den kristne kulturarven som forsvarsskjold mot framande religionar. Rita Karlsen er grunnleggaren av den islamkritiske HRS (Human Rights Service) og kan karakteriserast som eit døme på dei politisk agiterande kulturkristne som Rogers Brubaker åtvarar mot. Karlsen har på ny meldt seg inn i Dnk fordi ho vil støtte kyrkja som kulturberar og kulturformidlar (Akerhaug, 2016). Ho vil at kyrkja skal vere eit samlingspunkt for folk som vil halde på dei norske verdiane og tradisjonane. «Jeg vil forfordele kirken. Jeg mener det kun er statskirken som bør få økonomisk støtte. Kirken er vår kulturarv og vårt arvesølv, og derfor er det kun de som bør få penger» (ibid.).

3.2 Ungdom og religion

Korleis ungdomar opplever den kristne kulturarven har mykje å gjere med korleis dei generelt stiller seg til religion og kristendom. Difor er det nyttig å sjå på ein del undersøkingar kring dette emnet. Først i seinare tid har ein retta søkjelyset på ungdommane si haldning til religion, noko som religionsforskarer Ida Marie Høeg (2017) meiner har vore eit forsømt fagfelt tidlegare. Det er først i nyare tid at ein har erkjent den viktige rolla religionen stadig spelar i samfunnet. Forskinga gir svar på både korleis samfunnet påverkar ein generasjon og samtidig kan gi ein peikepinn på kva retning samfunnet utviklar seg mot (ibid.).

I dei fleste undersøkingar har ein undersøkt kva ungdomane trur på, korleis religionen vert praktisert og om ungdom sjølv vil identifisere seg som religiøs eller kristen. Ipsos har i oppdrag for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet utarbeidd studien «Slik er ungdommen» (Ipsos, Dalen, Brekke, & Bakke, 2014). Ut frå studien kan ein sjå at 30% av ungdom mellom 15 og 20 år ser på seg som personleg kristne, noko som ligg fem prosentpoeng høgare enn i befolkninga elles. Samtidig trur 33% av dei unge på Gud, noko som er fem prosent færre enn befolkninga under eitt. 44% har besøkt ei kyrkjegudsteneste i løpet av det siste året, seks prosentpoeng fleire enn resten (ibid., s. 54). Resultatet gir eit samansett bilde. Fleire kallar seg for kristne, men færre trur på Gud, samanlikna med befolkninga elles. Ser ein derimot tala i lag med dei eldre ungdomane (21-26 år) som viser ein markant nedgang på alle tre områda, trer svekkinga av religiøsiteten sterkare fram.

Også KIFO-rapporten frå Tore Witsø Rafoss (2017) konkluderer med at dagens unge vaksne har eit meir distansert forhold til kyrkja og går sjeldnare til gudsteneste. Dei sluttar også på fleire område i mindre grad opp om den kristne trua (Rafoss, 2017). Høeg ser på utviklinga som eit samansett fenomen, og vil ikkje kalle den gradvise nedgangen av ungdommens religiøsitet for «radikal sekularisering», men heller for pluralisering og individualisering (Høeg, 2017, s. 27). Med det meiner ho at ungdommen har fått fleire religiøse uttryksformer og utøver religion i tru og praksis meir individbasert og utanom dei religiøse normene.

Ungdom i dag er utsett for eit stort religiøst mangfald. Men er dei opptekne av religion? Forskarane Marie von der Lippe og Geir Skeie står bak ei spørjeundersøking blant norske ungdomar i 14-16-årsalderen. Dei fann ut at ungdom hovudsakleg er lite interessert i religion og at det ikkje er eit naturleg samtaleemne verken blant venner eller i heimen. Kristne ungdomar kommuniserer trua berre i liten grad (Okstad, 2009). Med det som utgangspunkt burde religionsfaget i skulen oppfattast som eit kjedeleg fag for elevane. Det inntrykket sit ikkje eg igjen med etter å ha undervist i faget religion og etikk i ei årrekke. Men riktig er at interessa ofte heller ligg på etiske utfordringar og den sosiale og politiske betydninga religion har. Også von der Lippe og Skeie ser at ungdomane er opptekne av eksistensielle og meir generelle livsspørsmål (ibid.). Denne interessa kan vere ein god inngangsport til å utforske ulike religionsformer. Likevel er eg spent på om eg vil klare å få intervjuobjekta mine i tale om eit emne som forskarane karakteriserer som kjedeleg for ungdom.

Så skal det heller ikkje underslåast at religion er svært viktig for ein del ungdomar. Von der Lippe og Undheim viser at for fleire betyr religion mykje i kvardagen og i utforming av livet deira (Von Der Lippe & Undheim, 2017, s. 3). Dette gjeld for norske ungdomar, men kanskje

i særleg grad for ungdomar med migrasjonsbakgrunn. Høeg (2017) peikar på at det er lite kvantitativ forskning på innvandrarungdommens tru og praksis, men det ser ut som at desse ungdomane har ein sterkare religiøs identifikasjon og meir gudstru enn majoritetsungdommane (Høeg, 2017, s. 27).

Ho meiner at kvalitative undersøkingar underbygger at samfunnets sekularisering og individualisering også har påverka dei muslimske ungdomane. Ofte minkar bindingane til familiens kultur og tradisjon over tid. Dette kan både føre til at muslimske ungdomar blir meir sekulære og meir like dei norske ungdomane, men ein ser også motsette tendensar. Ei individualisert tru kan også gi sterkare tilknytning til religionen og den muslimske fellesskapen. Både butid, familiens opphavsland, sosialisering generelt og individuelle faktorar påverkar ungdommens forhold til religion (ibid., 200ff).

Von der Lippe og Skeie (2009) kan på grunnlag av forskingsarbeidet også vise til at dei muslimske ungdomane verkar meir opne overfor medlemmer av andre religionssamfunn enn dei kristne klassekameratane. Forskarane hevdar at dei mest religiøse ungdomane også er dei mest tolerante når det gjeld andre sine religionar. Generelt uttrykker alle ungdomsgruppene at dei ser seg sjølv som tolerante, men fordi dei ikkje har så mykje samkvem med ungdomar frå andre kulturar har dei ofte ikkje hatt høve til å praktisere denne toleransen (Okstad, 2009). Kopla saman med antakinga at ungdomane ikkje er opptekne av religion, kan denne tolererande haldninga også betraktast som likegyldigheit. Iversen (2018) kallar norske ungdomane med denne haldninga for «løslig tolerante» (Iversen, 2018).

Von der Lippe og Skeie sitt forskingsarbeid er frå 2009. Er det grunn til å tru at ungdomar som har blitt meir utsette for pluralisme og konkrete kontaktpunkt gjennom skule og fritid, har utvikla betre kjennskap og forståing for kvarandre? Ei nyare undersøking har blitt lagt fram av Botvar og Mortensen (2017). I rapporten «Tro, tillit og toleranse» viser dei til funn av intervju med ca. 1.000 elevar på vidaregåande skular i Oslo. Sjølv om 54% av dei unge no seier at dei omgåast med ungdomar som har ein annan religion, er skepsisen framleis utprega. (Botvar & Mortensen, 2017, s. 63). Dette kan tyde på at eksponering for andre religionar ikkje automatisk fører til meir forståing og toleranse.

3.3 Kristne verdier i skule og samfunn

3.3.1 Kva er kristne verdier?

Verdiane blir sett på som ein viktig del av kulturarven, men finst det noko som kan definerast som kristne verdier? I samfunnsdebatten blir dei kristne verdiane ofte brukt når ein vil markere avstand til andre religionar og livssyn som har andre, og som ein ser på som ikkje så gode verdier.

Bondevik-regjeringas verdikommisjon blei oppnemnt i 1998 og jobba i tre år med emna samfunnsetikk og fellesskapsverdier. Det var også vanskeleg for dei å formulere ein definisjon som dekkar alle fasettar i omgrepet, men forklarar dette: «Verdier er overordnede ønsker og oppfatningar som vi legger til grunn for våre valg og beslutningar [...]» (Bomann-Larsen, Alm, Syse, Rusten, & Verdikommisjonen, 1999, s. 12). Er desse ønska og oppfatningane av individuell art, eller kan vi finne spesifikke verdier i kvar enkelt livssyn og religion, noko som vil gjere det mogeleg å snakke om t.d. kristne verdier?

Det finst mange verdier i Noreg som er viktige for samfunnet vårt. Somme kvir seg for å kalle desse verdiane norske fordi det er lite som har blitt utforma i Noreg utan påverknad utanfrå. På liknande vis er det med kristne verdier. Dei verdiane som dei kristne meiner er viktige for å vere kristen i dag, blir gjerne kalla for kristne verdier. Samtidig er dei ikkje eksklusivt norske eller kristne, og heller ikkje uforanderlege, men i stadig utvikling. Så kan ein spørje om dei kristne verdiane har vore av stor betydning for utviklinga av dagens samfunn og kva betydning dei har i notida.

Frå ikkje-kristen side er det skepsis angående denne samfunnsbetydninga somme gir dei kristne verdiane. Lars Gule, tidlegare generalsekretær i Human-Etisk-Forbund (HEF), tenkjer at dei rådande verdiane har utvikla seg over lang tid og i brytning med andre verdier. Han vil ikkje kalle verdier for «kristne» når dei også er rådande i andre livssyn. Gule er glad for at mange på tvers av religionar og livssyn delar dei same haldningane til demokrati, likestilling og velferd i dag, men påpeikar at sosialdemokratiet og kvinnerørsla har kjempa fram dei viktigaste verdiane ofte mot kyrkjens vilje og støtte (Gule, 2005).

Mange assosierer kristendom med verdier som nestekjærleik, barmhjertigheit og tilgjeving, men også med konservativ moral- og seksuallære, kvinneundertrykking og homoskepsis. Kva som blir sett som dei «rette» kristne verdiane kjem an på om ein ser på verdiane som absolutte og objektive kategoriar eller om dei blir sett som gjenstand for stadige forhandlingar, og at dei blir til i ein konkret kontekst.

Filosofen Henrik Syse tenkjer at det finst både meir overordna verdiar og andre som er «situert i tid og rom» (Syse, 2018, s. 19). Eit døme på ein verdi som ikkje må forhandlast om er t.d. menneskeverdet som er ein hovudverdi hos den tyske filosofen Immanuel Kant. For Kant var menneskeverdet ukrenkeleg fordi eit menneske alltid skulle vere eit mål i seg sjølv og ikkje skulle oppfattast som eit middel. Slike gode og breie verdiar er det lett å vere einig i, men fordi dei etterlet eit stort tolkingsrom vil det likevel rå usemje om når verdiar skal munne ut i handlingar. Syse meiner at det ikkje er nok å ha høge verdiar, men at nettopp forhandlingane om verdiar som er avhengige av konteksten, burde vere eit kjennemerke for eit velfungerande demokrati (ibid. s. 22).

Skal dei kristne med kyrkja i spissen forhandle seg fram til kristne verdiar på same måtar som Syse skisserer for samfunnet elles, eller burde dei forståast som tydelege ankerfeste i ei uroleg tid? Det rår det usemje i kyrkja om. Det er lett å sjå at kyrkja kan både oppfattast som ein motkultur mot samfunnets rådande verdiar, men også som ein bremsekloss som sluttar seg til samfunnets konsensus i etterkant. Tross alt ser vi at kyrkja har forandra mykje av verdisynet sitt og praksisen sin sidan 1970-talet. I dag har vi ei kyrkje som vigsler likekjønna par og som har kvinnelege biskopar. Det er viktig for kyrkja at dei kristne verdiane blir sett som gode i samfunnet, for å ikkje miste truverdet. Såleis talar det mykje for at også verdiane som blir sett som kristne må tole å bli underlagt ein demokratisk og kritisk reflekterande prosess.

Menneskeverdets uangripegheit har alltid stått sterkt i kristendommen og er basert på skapingsfortellinga i første mosebok. «Og Gud skapte mennesket i sitt bilete, i Guds bilete skapte han det, som mann og kvinne skapte han dei.» (Mos 1, 27, 2011). Det blir tolka slik at menneske er i eit forpliktande forhold til Gud og resten av skapinga. Det ligg også i tolkinga at livet er ei gåve frå Gud som ikkje menneske kan råde over. Men også i andre religionar og livssyn er menneskeverdet ein umisseleg verdi. I livssynshumanismen betraktar ein menneske som målestokk for alle ting og med ein uendeleg verdi. På same tid blir ikkje menneskeverdet tolka likt når det kjem til konkrete situasjonar. I kyrkjer verda over har blitt etiske spørsmål som t.d. synet på dødsstraff tolka ulikt. Mens kyrkja i Noreg tar avstand frå dødsstraff som ein mogeleg sanksjon, er forholda annleis i t.d. USA. I Noreg er kyrkja imot aktiv dødshjelp og surrogati, men liberal i flyktningspørsmål. Kyrkjelege organ i Noreg kjempar for ein meir human innvandringspolitikk og betre integrering av flyktingar, mens den katolske kyrkja i Polen helst vil stenge flyktingar ute for å beskytte den kristne arven i landet. Dette viser igjen at kristne verdiar ikkje er faste storleikar, men at konkretiseringa er avhengig av konteksten.

Kyrkja kan lett bli oppfatta som lite liberal i etiske spørsmål som legal abort og homofilt samliv. Samtidig viser undersøkingar at også dei kristne er mindre liberale i slike spørsmål enn ikkje-kristne. T.d. godtok berre 41% av dei norske kristne legal abort og 42% likekjønna vigsel. (Pew Research Center, 2018, s. 30). Prosentmessig er det derimot nesten ikkje forskjell mellom kulturkristne og ikkje-kristne. Nesten dobbelt så mange av desse enn av dei kristne aksepterer begge delar. I innvandringsspørsmål ser vi i at kulturkristne er meir skeptiske til innvandring enn både dei kristne og dei ikkje-kristne. Mens berre 20% av dei kristne og 26% av dei ikkje-kristne går inn for ein nedgang i innvandringa, så seier heile 39% av dei kulturkristne det same. Dette viser at dei kulturkristne utgjør ei eiga aukande gruppe som har andre verdiar og haldningar enn dei kristne i samfunnet.

3.3.2 Grunnlova

I 2013 hadde det tvinga seg fram ei endring i Grunnlova for å markere at statskyrkjeordninga skulle avviklast. No var ikkje den evangeliske-lutherske religionen Noregs statsreligion lenger, og § 2 måtte forandrast. Den nye ordlyden blei slik: «Verdigrunnlaget skal framleis vere den kristne og humanistiske arven vår. Denne grunnlova skal tryggje demokratiet, rettsstaten og menneskerettane» (Kongerikets Noregs Grunnlov, 2012). Det har vore ein del diskusjonar kring ordlyden særleg på grunn av første delen av lova.

Det blir ikkje utdjupa kva verdiar som er meinte. Iversen (2011) tenkjer at politikarane heller ville få fram kva verdigrunnlaget til samfunnet botnar i, enn å realisere sjølve ideane. Ordet «framleis» gjev ikkje meining for nokon som ikkje har dei tidlegare lovtekstane i hovudet. Iversen tenkjer at lova først og fremst er tilbakeskodande og eit peik på den historiske utviklinga. Ved å ha med pronomenet «vår» i forbindelsen med den historiske arven blir nasjonens identitet knytt opp mot ei verdiforankring. Iversen hevdar at dette verkar ekskluderande på alle som kjem flyttande til Noreg og ikkje deler denne historia. Han ville hatt ei grunnlov med fokus på ynskjelege verdiar heller enn på kven som «eig» desse (Iversen, 2011).

Halvor Nordhaug (2016) meiner at det her blir uttrykt at sjølv om statskyrkjeordningar tar slutt, så kvittar ikkje staten seg med kristendommen (Nordhaug, 2016, s. 128). Han tenkjer at sjølv om formuleringa er vag og treng tolking, så kan lova ha ein signaleffekt på etiske debattar og kan trekkast inn i diskusjonar kring t.d. skulegudstenester (ibid., s. 132).

Nordhaug påstår at sidan både demokratisk og rettsstatleg tenkemåte kan sjåast som seine

frukter av kristendommen, er det ei fare for at desse verdiane vil forvitre når den historiske forankringa blir gløymd (ibid., s. 145).

3.3.3 Formålsparagrafen

Også Formålsparagrafen i skulen har gjennomgått forandringar. Som i andre vestlege land vaks den norske skulen fram som ein institusjon som skulle fremje den kristne oppsedinga av barn og unge. Difor har det kristne elementet kome gjennomgåande sterkt til uttrykk.

Formålsparagrafen skal vere retningsvisande for kva fundament arbeidet i skulen skal vere tufta på. Difor er det relevant å sjå på endringane som har funne stad i seinare tid.

Formålsparagrafen frå 1998 er den nest siste i rekka. For Arbeidarparti-regjeringa på 90-talet var det viktig å kople saman identitet og kultur. På denne måten skulle arbeidet i skulen tene som fellesskapsbygging for samfunnet. Ved å formidle den berande kulturen i Noreg skulle også innvandrarakar kunne delta i fellesskapen. I den generelle delen av læreplanen blir dette utdjupa og markerer eit skilje mellom nasjonens identitet og andre sin kultur: «Den kristne tru og tradisjon utgjer ein djup straum i vår søge – ein arv som sameiner oss som folk på tvers av trusretningar» (Generell del av læreplanen, 1994). Den generelle delen av læreplanen har blitt vidareført frå R-94 og L97 og er framleis gjeldande fram til den vil bli avløyst av ein ny overordna del som allereie er vedteke og blir gjeldande frå 2020. I Formålsparagrafen er den kristne forankringa i skulen svært tydeleg. Grunnskulen skal hjelpe heimen med «å gi elevane ei kristen og moralsk oppseding» og den vidare skulen skal bl.a. utvide forståinga av dei «kristne og humanistiske verdiane» og «den nasjonale kulturarven vår» (Opplæringslova, 1998 § 1-1.).

For å tilpasse opplæringslova til nye samfunnsforhold og kople saman opplæring til eit 13-årig løp, gav staten i 2006 Bostad-utvalet med Inga Bostad i spissen mandat til å førebu ein ny formålsparagraf. Målet var å finne verdiar som er grunnlaget for fellesskapen i samfunnet. Utvalet fann etter kvart ut at det ikkje lèt seg gjere å namngje desse verdiane, og det var også tenkjeleg at negative verdiar som materialisme eller egoisme kunne framstå som typiske for dagens samfunn. Difor jobba ein seg heller fram til eit utkast som såg på verdiar som normative og ynskjelege for skule og samfunn, og ein våga å sjå på skulen som motkultur som har andre formål enn å dekke samfunnets behov (Bostad, 2008, s. 154f). Dei peika spesifikt ut «respekt for menneskeverdet, åndsfridom, nestekjærleik, likeverd og solidaritet» som verdiar skulen skulle bygge på (NOU 2007:6, 2007).

Utvalet var ikkje oppteke av å forankre desse verdiane i bestemte verditradisjonar, men meinte at dei kunne stå på eigne bein i staden for å grunnngje dei historisk. Bostad-utvalet viste til at desse verdiane også kom til uttrykk i «kristen og humanistisk tradisjon, i ulike religionar og livssyn og menneskerettane» (ibid.). Utvalet gjekk også vekk ifrå omgrep som «nasjonal», «norsk» og «kulturarv», fordi medlemene ville unngå grensedraging mellom folk av forskjellig kultur og med forskjellige religionar (Bostad, 2008, s. 145).

Parlamentarikarane tok Bogstad-utvalets framlegg som utgangspunkt for ei lov, men snudde på rekkefølga under stortingsbehandlninga. I den endelege lovteksten står forankringa i den kristne og humanistiske arven først, etterfylgt av døme på verdiar frå denne arven. Ein la dessutan til at desse verdiane også kom til uttrykk i andre religionar og livssyn og er forankra i menneskerettane. Den fastlagte lova lyder dermed slik:

[...] Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. [...] (Formålsparagraf §1-1., 2008).

Stålsett-utvalet (2013) uttrykkjer sin skepsis mot denne endelege formuleringa. Fleirtalet av medlemene meiner at denne lova med utgangspunkt i visse kulturelterte tradisjonar ikkje i stor nok grad tek omsyn i prinsippa om livssynsmessig likestilling, ikkje-diskriminering og religionsfridom (NOU 2013:1, 2013, s. 126). Ikkje alle medlemmer i dagens samfunn vil føle at dei høyrer til desse tradisjonane, sjølv om dei kan vere einige i verdiane i opplæringslova. Også Iversen ser på lova som eit tilbakeslag frå framlegget som Bogstad-utvalet kom med. Han forfektar synet på at skulen si oppgåve er etisk danning gjennom å styrke prosessverdiar heller enn å formidle synet på kva som trengs for å vere ein «god nordmann» i dagens samfunn (Eriksen, 2008b, s. 136). Iversen saknar også ei formulering som viser til at verdiane utanom prosessverdiane må forhandlast fram dynamisk gjennom demokratisk deltaking i samfunnsdiskusjonar (Eriksen, 2008a, s. 18).

Formålsparagrafen har vore omdiskutert, og sjølv om det er bestemt at den også skal vere gjeldande når dei nye læreplanane kjem på plass i 2020, er ikkje det avgjort at siste ordet er sagt. Det står igjen å sjå om det i samband med handsaminga av den nye truslova til våren 2019 vil kome forandringar også i Formålsparagrafen.

3.4 Fellesskapsbygging

Eit relevant spørsmål er om den kristne kulturarven gjennom kulturuttrykk og verdiar kan bidra til å bygge opp under ein fellesskapsfølelse i samfunnet. Vil dette i så fall gjelde for partielle grupper i skule og samfunn, eller kan den fungere som identifikasjon for alle?

Teoretiseringa av omgrepet fellesskap har auka i omfang i seinare tid. Det kan ha samanheng med at mange saknar nettopp tilhøyrighet i ei tid som ofte beskrivast som fragmentert og prega av individualisme. Sosiologen Aksel Tjora analyser dette slik: «Verden rundt oss er preget av truede fellesskap» (Tjora, 2018, s. 131). Skal ein oppleve ein form for fellesskap må det også vere nokon som står utanfor fellesskapen. Det at det finst grensar for dei som er innanfor og dei som er utanfor, gir folk følelsen av å høyre til i ei gruppe (ibid., s. 8). Kriteria for kva som skal til for å vere innanfor er i stadig forhandling i samfunnet. På den eine sida må skiljelinjene vere tydelege for at fellesskapen kan opplevast som ein «sosial realitet», men på den andre sida er det eit uttalt mål at flest mogleg skal føle tilhøyrighet til både på skulen og samfunnet (ibid.,). Dette kan vere ein vanskeleg balansegang.

Tjora seier at det er ein stor fare at ein tar fellesskapen for gitt, for den er skjør og må takast vare på og fornyast (ibid., s. 15). Utan reell samhandling og kommunikasjon vil ikkje fellesskapen følast som ekte. På skulen har vi fleire fellesarenaer der elevane kan møtast på tvers av skuleklassane til sosialt samkvem. Av tradisjonane som ein kan relatere til kristendommen er juletilstellingar av størst betydning. Sjølv om det på desse er stor oppslutning blant elevane uansett kultur og religion, så er ikkje det sikkert at elevane med majoritetskultur klarer å sjå korleis folk med ikkje-kristen bakgrunn opplever slike samankomstar. Tjora seier at dei som er innanfor lett kan bli «blinde og døve» overfor dei som kanskje er ufrivillig plasserte på utsida (ibid., s. 44).

Eit viktig spørsmål er om staten og skulen skal bygge fellesskap på verdiar som ein føreset som kristne og ålment verdsette, eller om ein heller skal gå ut i frå at det ikkje finst ein reell verdikonsensus. I siste tilfelle vil heller korleis ein støtter opp om demokratiske prosessar kring verdikonfliktar enn sjølve verdiane vere basis for eit ekte fellesskapsprosjekt. Sosiolog Lars Laird Iversen har konsipert omgrepet «unenighetsfellesskap» og drøftar dette spørsmålet både innanfor skule og samfunn. (Iversen, 2014).

Iversens premiss er at både skulens styringsdokument og utgangspunktet for mykje av samfunnsdebatten er tanken om at det finst ein rådande verdikonsensus i Noreg, og at denne har vore relativt stabil i nyare historie. For å bygge eit nasjonalt fellesskap blir det difor

viktig å vidareformidle kunnskapen om den kristne kulturarven som samfunnets grunnlag. I tillegg ivaretar ein religionsfridommen ved å propagere gjensidig kunnskap mellom kulturane. Iversen tenkjer at dette er feil utgangspunkt. Tvert imot er verken religionssamfunna eller samfunnsborgarar frå forskjellige kulturar verdihomogene. Innan kulturane kan det vere større forskjellar når det gjeld verdisynspunkt enn på tvers av kulturane (Iversen, 2017).

Iversen differensierer mellom «prosessverdiar» og «substansielle verdiar» (Eriksen, 2008b). Det er berre prosessverdiar som gir samhandlingskompetanse, og som kan vere aktuelle i ein demokratisk dannelsingsprosess. Han ser verdifellesskap som ei «retorisk myte» som ikkje fungerer som samfunnets lim (ibid., s. 136). Semje i dei kulturelle gruppene blir overvurdert, samtidig som det blir konstruert djupe motsetningar der det ikkje er naudsynt. Iversen hevdar at det er farleg å ta eit utval verdiar som ein kallar norske og kristne som basis for identitetsbygging (Iversen, 2017, s. 106). Slik risikerer ein at mange vil hamne på utsida av «vår» forståing av verdikonsensen og den gode fellesskap. Iversen synest at det er feil at religion blir instrumentalisert som nasjonsbyggjar (ibid., s. 108). Der er mogeleg å lære om ein religion, men ein blir ikkje ein del av den religiøse kulturen for det. I eit demokrati burde samfunnsborgaren kunne velje eller lære det han treng for å vere med i den nasjonale fellesskapen i staden for å kople personleg tru til norskdom. Forskaren har stor tru på at dei beste argumenta vil vinne fram i frie meiningsbrytingar (Eriksen, 2008b, s. 129f). Ei innvending mot Iversens teori kan vere spørsmålet om desse prosessverdiane vil følast personlege og varme nok, til å kunne fungere som lim i samfunnet. Til det svarar han at i tillegg er det viktig i eit samfunn at ein legg opp til ritual og tradisjonar (Iversen, 2014, s. 134ff). Desse er knytt til emosjonane og er med på å sveise folk saman, skape ein orden i kvardagen og gi ein følelse av tryggleik og stabilitet. Slike samhandlingar i eit ueinigheitsfellesskap er ifølje forskaren betre eigna enn til å skape fellesskap enn ei «førestilt» semje om verdiar.

3.5 Religion i offentlegheita

Forskingsmålet legg opp til å undersøkje kva rolle ungdomar synest kristne kulturuttrykk spelar i skule og samfunn. Det er nyttig å sjå dette i forhold til religion generelt uttrykt i media, i den politiske debatten, og i trussamfunna. Kor vanleg er det å sjå religiøse plagg, symbol, bygningar og seremoniar i dagens Noreg? Det er også eit poeng å sjå på korleis staten påverkar det religiøse livet t.d. gjennom økonomiske støtteordningar og andre politiske

føringar. Vidare kan ein spørje om ungdomar synest at samfunnet er best tent med eit mest mogeleg religiøst nøytralt samfunn, eller om det er legitimt at religion spelar ei naturleg og deltakande rolle. I dette kapittelet skal eg presentere teoriane kring pluralisme, privatisering av religion, differensiering og sekularisering for å kaste lys på informantanes svar. Eg undersøker også om religion har fått ein større plass i samfunnet dei siste åra og kva vi kan forvente i framtida.

3.5.1 Pluralisme, privatisering av religion og differensiering

Noreg har sidan 70-talet gått frå å vere eit land med ein relativ høg grad av homogenitet til eit samfunn som har stort livssyns- og religionsmangfald. Mens det tidlegare var den protestantiske kristendommen som dominerte, har det kome fleire religiøse uttrykk dei seinare åra. Forskar Ulla Schmidt viser at auka innvandring gjennom arbeidsmigrasjon og flyktningstraumar ved sidan av interne forhold som aukande urbanisering og større livssynsvariantar blant majoritetsbefolkninga, har bidrege tydeleg til auka religiøst mangfald (Schmidt, 2010a, s. 27-34).

Pluralisme er eit normativt omgrep som seier noko om at det blir sett på som positivt at ein beveger seg i pluralistisk retning. Generelt tyder mykje på at for dei fleste i Noreg er eit pluralistisk samfunn eit anerkjent og akseptert faktum. For utanforståande kan det likevel sjå ut som at kristendommen framleis har ei dominerande stilling i Noreg, når ein ser at 71% av befolkninga var medlemmar i Dnk i 2017 (SSB, 2017). Pluralisme betyr derimot ikkje at alle religionar og livssyn er likt fordelte i samfunnet, men at ingen religion har ei hegemonisk rolle. Til tross for avviklinga av statskyrkjeordninga i 2012 hevdar Schmidt (2010a) at Dnk har eit kulturelt monopol gjennom å vere ein forvaltar av nasjonal identitet og fellesskapsverdiar. Grunnlova uttrykker eksplisitt denne spesielle rolla ved at kyrkja skal støttast som norsk folkekyrkje (Kongerikets Noregs Grunnlov, 2012, § 16). Ved ei rekke høve brukar Dnk sin forrangsstilling i samfunnet, t.d. kan ein nemne signingsgudstenester ved innsetjing av kongen, og som samlingspunkt ved nasjonale jubileum og historiske hendingar. Difor tenkjer Schmidt at Noreg har ein veg å gå når det gjeld pluralisme utan kyrkjeleg hegemoni (Schmidt, 2010a, s. 42). Samtidig peikar religionsfridommen, stadig innvandring og ein stat som aktivt støttar alle livssyns- og religionssamfunn mot ei større lausriving av Dnk og såleis ein større grad av pluralisme i framtida.

Som i andre moderne samfunn har religion i Noreg i større grad blitt ein del av den private sfæren. Samtidig ser vi at samfunnet dei siste tiåra har utvikla seg, og i bybildet i dei store byane ser vi no moskear, templar og forskjellige formar for religionsutøving. Er vi no vitne til ei de-privatisering av religionen og ei revitalisering også av kristendommen? Dette avkreftar forskar Inger Furseth. Ut frå det femårige forskingsprosjektet «The role of religion in the public sphere [...]» avviser ho «religionens tilbakekomst i offentlegheita» (Furseth, 2015, s. 170). Ho tenkjer at religion aldri har vore heilt vekke frå offentlegheita og at denne synlegheita heller kan kallast for «kontinuitet på sparepluss» (ibid.). Samtidig kan ein ikkje avvise at religion stadig er eit tema i media og politiske debattar. Det er også ganske nytt at vi ser folk med religiøse plagg i gatebildet nesten overalt i Noreg. Mykje av den nye oppmerksamheita er konfliktorientert. Furseth viser til at folk er skeptiske til bruken av religiøse plagg i offentlege institusjonar (ibid. s. 180). Difor kan ein ikkje frå ei viss auke av synlegheit slutte at religion har begynt å bety meir for folk igjen. Det er heller slik at religionskritikken har fått meir fokus.

Eit vanleg trekk i moderne samfunn er religionens differensiering, dvs. at samfunnsberande institusjonar lausriv seg frå religion og at kyrkja og står på egne bein. I Noreg er det først og fremst Dnk som har vore gjennom ein differensieringsprosess og ikkje lenger er ein viktig maktfaktor i staten. Schmidt peikar på at befolkninga støttar opp om denne maktfordelinga og dette får uttrykk i skepsisen som blir vist overfor religion i offentlegheita (Schmidt, 2010b, s. 203). Furseth er tvilande til at denne differensieringa mellom stat og religion har skjedd på så omfattande vis som det ofte blir hevda. Mens filosofen Habermas meiner at religionen sin plass i det private er ein føresetnad for at liberale demokrati skal kunne utvikle seg, hevdar Furseth at dei fleste vestlege statar ikkje har gitt opp bindinga si til religion (Furseth, 2015, s. 176).

3.5.2 Empiri

Forskarane Henriksen og Schmidt analyserer også resultata frå den internasjonale «Social Survey»-undersøkinga og tolkar kva desse har å seie for ei mogeleg tilbakevending av religionen til det offentlege rommet (Henriksen & Schmidt, 2010, s. 81-94). I likskap med Furseth anerkjenner også desse at religion har blitt noko meir synleg i offentlegheita i seinare tid, utan at dette har gått parallelt med ei meir positiv haldning til religion. Sjølv om dei fleste er einige i at religiøse aktørar burde få bruke sin demokratiske rett til å delta i samfunnsdebattar, set folk ei klar grense når desse søker reell påverknad (ibid., s. 86). 81%

meiner at dei religiøse ikkje burde få påverke valkampen og 2/3 delar er negative til at dei skal få påverknad på politiske avgjerder (ibid., s. 81). Her ser vi altså ei tydeleg støtte til differensieringsprosessen. Granskinga viser også at mange har eit ganske negativt bilde av religion, og meiner at religion fører til konflikt heller enn til fred, og då er det ikkje det rart at berre 20% av befolkninga vil at religiøse samfunn skal få statleg støtte (ibid., s. 91).

Muslimars opne religiøsitet kunne ha ført til ei revitalisering av kristendommen og med det eit krav om meir synlegheit av kristne uttrykk i offentlegheita. Men Henriksen og Schmidt finn «ingenting som peker i retninga av en slik reaksjon» (Henriksen & Schmidt, 2010, s. 91). Dette kan vere ein forhasta konklusjon. Dei tar ikkje med i betraktninga at det ikkje berre er dei kyrkjeleg-kristne som kan stå for ei slik motmobilisering, men også dei som vi populært kallar for kulturkristne.

Det amerikanske forskingssenteret Pew Research Center (PRC) har undersøkt kva rolle kristendommen spelar i dagens Vest-Europa. I likskap med Henriksen og Schmidt finn også PRC ei aukande sekularisering i Europa. Likevel viser funna at kristendom som identitetsmarkør berre uvesentleg har minka (Pew Research Center, 2018, s. 39). Til tross for minkande religiøs tru og praksis er det eit fleirtal som kallar seg for kristne. Undersøkinga kan ikkje avgjere om muslimsk innvandring heng saman med at denne identitetsmarkøren stadig står så sterkt. Likevel kan undersøkinga peike på nokre faktorar som gjer at så mange vel å kalle seg for kristne. PEW nemner faktorar som interesse for religionen si rolle i samfunnet, samanhengen med nasjonal identitet og negative haldningar til innvandring og religiøse minoritetar (ibid., s. 23f). I rapporten blir Oliver Roy si forklaring for dette fenomenet lagt fram som plausibel. Når den kristne trua kjem i bakgrunnen, stig ein meir kulturell «nyetnisk markør» fram, som liknar meir på ein ideologi enn på ein religion (ibid., s. 23). Niall Ferguason hevdar at den kristne identiteten fungerer som beskyttelse mot ekstremisme påført frå andre religionar (ibid., s. 23).

Som tidlegare vist (kap. 3.3.) blir det i rapporten «Tro, tillit og toleranse» kasta lys på Oslo-ungdomane si haldning til menneskerettane i ein fleirkulturelt samheng (Botvar & Mortensen, 2017). Rapporten fører til bekymring blant dei som meiner at religion burde ha ein naturleg plass i eit moderne og pluralistisk samfunn. I Oslo har det lenge vore eit mylder av religiøst og livssynsmessig mangfald. Difor kunne ein vente seg at desse hadde blitt meir positivt innstilte overfor religionsutøvinga i det offentlege rommet. Men i samanlikna med andre menneskerettar skårar den praktiske religionsfridomen dårleg. Ungdomane viser betydeleg skepsis både når det gjaldt bruken av hijab av kvinnelege lærarar (42% for) og

retten til misjonering (27% for). Berre 23% av ungdomane meiner at elevane burde få eit rom til rådighet for utøving av bønn (Botvar, 2017, s. 8).

Botvar tenkjer at eit lågt kunnskapsnivå om religion generelt kan vere ein av grunnane, i tillegg til medieskapt skepsis. Funna passar ikkje saman med antakinga om at dei delane i befolkninga som har minst kontakt med framandkulturelle er dei mest framand- og religionskritiske. Ein tenkjer gjerne på Oslo-ungdomar som trendsettarar fordi dei lever i eit multikulturelt univers, som resten av Noreg også i aukande grad vil ta del i. Botvar ser ikkje lyst på kva dette har å seie for seinare generasjonar. Han antydar at visjonen om eit «livssynsoppe samfunn» kan bli ein saga blott viss haldingane som kjem fram i denne rapporten vil prege framtidens befolkning (Botvar, 2017). Samtidig har han eit visst håp om ting kan gå seg til, når ein har vendt seg til dei forskjellige religiøse uttrykk i skule og samfunn (ibid., s. 53).

3.5.3 Kva plass kjem religion til å ha i samfunnet framover?

Utdraga av forskinga har vist at Noreg går i retning av å bli eit meir pluralistisk og differensiert samfunn. Sjølv om religionsutøving er temmeleg privatisert i Noreg, ser vi ei viss auke i synlegheit. Undersøkingane viser at både befolkninga i sin heilskap og i sær ungdomane er skeptiske til meir religion i offentlegheita. Burde ein då nøytralisere dei religiøse uttrykka, eller skal staten satse på ein offensiv religionsstøttande politikk som gir rom for at religions- og livssynssamfunna får ein naturleg og deltakande plass i samfunnet?

Eit retningsvisande prinsipp i Ståsett-utvalets utgreiing er at «alle bør akseptere å bli eksponert for andres tros- og livssynspraksis i det offentlige rom» (NOU 2013:1, 2013, s. 112). Utvalet ser på sekularisering som ein positiv prosess, fordi den skaper eit offentleg rom som ikkje er dominert av berre eitt livssyn. Religion er ikkje noko eksotisk som ein helst skal skjule i ein sekulær stat. Grunnen for dette ligg i at utvalet meiner at tru og livssyn har ein allmenn positiv verdi for den enkelte og for samfunnet som heilskap (NOU 2013:1, 2013, s. 93). Utvalet understrekar viktigheita av å støtte opp om alle livssynssamfunn. Av konkrete forslag kan det nemnast at utvalet forslår å tillate å bruke religiøse plagg og symbol i alle yrke, for å ivareta den individuelle fridommen til å bestemme over eigne uttrykksformer. I dag er det ikkje lovleg å bruke religiøse plagg og symbol i lag med polituniform og dommarkappe. Utvalet vil vidareføre dagens politikk med offisielle heilagdaggar for å ivareta

den fellesskapstanken og tilrår ikkje å innføre offisielle fridagar på grunnlag av andre religionar.

Når det gjeld økonomisk støtte vil utvalet vidareutvikle praksisen med ein aktiv og støttande religionspolitikk, det vil t.d. seie at støtte skal gis per medlem i dei forskjellige trus- og livssynssamfunna. Dette prinsippet ivaretar både ei rettferdig fordeling, og favorisering av religions- og livssynssamfunna framfor andre kulturelle foreiningar. Staten burde i følge utvalet altså støtte meir opp om eksistensiell livstolking i organisert form enn om t.d. idrettsklubbar. Utvalet ser ut til å bryte med likskapsprinsippet når det rår til å løyve ekstramidlar til såkalla kulturelle praktbygg, som Nidarosdomen, for å ivareta den norske kulturarven. Dei rår til at ein i framtida opnar opp for meir religiøst mangfald i oppføringar av slike nasjonale klenodium og minnemonument, slik at ikkje berre kristendommens skattar blir økonomisk støtta i lengda (NOU 2013:1, 2013, s. 133).

Frå kyrkjeleg side har ein innvendt mot Stålsett-utvalets utgreiing at ein ikkje må sjå seg blinde på likestilling mellom religions- og livssynssamfunna. Den kristne kulturarven er eit faktum, og ein burde difor ikkje begynne med blanke ark når ei ny lov skal utarbeidast. Bjørgvin-biskopen Halvor Nordhaug meiner at det er rimeleg å forfordele eit religionssamfunn med henblikk på dets kulturelle arv, også i ein sekulær stat som Noreg (Nordhaug, 2016, s. 154). Nordhaug tar også til ordet for at religiøse argument må få gehør i samfunnsdebatten. Han er kritisk til det han kalla «sekulær fundamentalisme», som han meiner vil tømme det offentlege rommet for religion (ibid., s. 153).

Også Henriksen (2016) vender seg mot eit sterkt skilje mellom religion i det offentlege og det private. Han ser det positive i sekulariseringa, men ser derimot «sekularisme» som ei utfordring (Henriksen, 2016, s. 53). Dei empiriske undersøkingane viser at fleirtalet i befolkninga er skeptisk til at religiøse standpunkt skal ha reell påverknadskraft, og dette tyder nettopp på at sekularisme har medvind. Henriksen vil løfte religion ut av sin eksotiske bås og heller sjå på den som ein del av kulturen. På denne måten ville samfunnet fått eit meir normalisert syn på religiøse uttrykk i offentlegheita (ibid., 53). På den andre sida slår Henriksens siste argument beina vekk under Stålsett-utvalets argument for forfordeling av religion- og livssynssamfunn i forhold til andre kulturelle foreiningar.

4 Presentasjon av funna

Funna som no føreligg i skriftleg form er resultat av arbeidet med intervju, transkripsjon, koding og kategorisering. Med utgangspunkt i svara, presenterer eg ein struktur med fem tema og tre til fem undertema. Ein gjennomgåande tråd i dette kapittelet er at eg først gjer klart kva som skulle undersøkast, så kva som er hovudtendensen i funna, og så detaljane underbygd med sitat. Kvart av dei fem hovudtemaa blir avrunda med ei oppsummering. Aller først presenterer eg kort bakgrunnen til dei seks informantane mine, fordi både kjønn, alder, opphav, religion og skuleklasse er verdt å sjå i samanheng med svara. Samtidig vil lesaren kunne danne seg eit betre bilde av ungdomane. Dei valde namna er pseudonym.

Informantane går alle på den same skulen i eit ruralt område. Skulen har studieførebuande linjer, i tillegg til yrkesfaglinjer som er tilrettelagt for framandspråklege elevar. Samansetjinga i dei studieførebuande klassane er temmeleg homogen og det er få ikkje-vestlege elevar. Dei tre norske informantane Ella, Sofia og Yngve er alle fødte og oppvaksne i Noreg. Dei går i 3. klasse på ei studieførebuande linje. Ella er 18 år og ser på seg sjølv som kristen, men praktiserer ikkje trua aktivt utover sjeldne kyrkjebesøk ved spesielle høve. Sofia, 18 år, har ikkje eit religiøst livssyn, men er ikkje framand for å vere med på kristne ritual i kyrkja, særleg fordi ho er tett knytt til besteforeldra som har sterkt tilhøyr til kristendommen. Yngve, 18 år, har eit reflektert forhold til livssynet sitt, som han ser som agnostisk. Han oppsøker stadig samkomer og diskusjonar der livssyn og andre eksistensielle spørsmål er tema. Yngve er den som tar seg best tid med svara og reflekterer gjennom heile intervjuet. Samtalen med han varte dobbelt så lenge som samtalanene med dei andre informantane.

Dei tre informantane med utanlandsk bakgrunn kom til Noreg som flyktningar for få år sidan. Dei er no fast busette og går enten på siste året av grunnskuleutdanning eller på yrkesretta linje. Dei går på same skule som dei tre norske informantane, men dei gjer eigne utdanningsløp for framandspråklege. Fatima, 23 år, kjem frå Somalia og er praktiserande muslim. Ho har budd i Noreg i fire år og er den stillaste av informantane. Abraham er 18 år og har budd i Noreg i omtrent tre år. Han kjem frå Eritrea og praktiserer aktivt kristen-ortodoks tru. Ahmed, 22 år, har budd i Noreg i berre litt over to år. Han er muslimsk og frå Syria, men seier at han ikkje praktiserer trua si like mykje som han gjorde heime. Alle dei tre uttrykker seg godt i samtalanene. Likevel er tendensen at dei svarar kortare og ikkje så inngåande som dei norske informantane.

Nokså tilfeldig blei det til at det er to muslimar, to kristne og to med ateistisk livssyn blant informantane. Det er både jente og gut i kvar av kategoriane. Både ulike livssyn og det faktumet at halva er norske og halva har kome som flyktningar til Noreg har skapt skiljelinjer nokre gongar undervegs.

4.1 På spor av den kristne kulturarven

Målet mitt er å finne ut kva betydning ungdomar i dag tillegg den kristne kulturarven. Ein kan ikkje utan vidare gå ut frå at informantane har klart føre seg kva det vil seie at noko høyrer til den kristne kulturarven. Forstår dei samanhengen mellom den kristne trua, verdiane og kulturuttrykka vi har i Noreg, og dei historiske røtene kristendommen har?

4.1.1 Kjennskap til det kristne trusfundamentet

Oppfattar informantane den kristne kulturarven mest som synlege uttrykk, eller opplever dei at personleg tru og bibelske forteljingar høyrer med i denne arven?

Alle informantane opplever sjølv at dei veit kva den kristne trua går ut på og at dei veit nok. Det varierer derimot ein del kva dette vil seie for den enkelte. Det Fatima seier er nokså typiske grunnfakta.

Dei [kristne i Noreg] feirar jul og påske. Dei går i kyrkja på søndagane. Dei trur på Jesus. Dei seier at han er Gud. Noreg er eit kristent land. Dei brukar ikkje hijab som vi gjer. Eg veit at vi har kyrkjer her, men eg har ikkje vore inn i og kjenner dei ikkje så godt.» (Fatima).

Sofia og Yngve nemner i tillegg viktige kristne omgrep som «oppstode», «synd» «frelse gjennom tru». Abraham, som er praktiserande ortodoks kristen, meiner at kjernen i kristendommen er å prøve å etterleve Jesu liv og lære.

På spørsmål om informantane kan nemne nokre forteljingar frå Bibelen har dei vanskeleg for å svare. Dei norske informantane verkar litt flaue over at dei ikkje kjem på noko. Men ved hjelp av nokre stikkord hugsar dei fleire av dei alminnelege forteljingane, som t.d. skapingshistoria og nokre av Jesu likningar. Likevel ser det ikkje ut til å vere noko som ligg langt framme i medvitet.

Dei norske informantane har lært om kristendommen i skulen, i familien og i konfirmantundervisninga. Det er særleg dei kristne besteforeldra som blir framheva som

kjelder for tru og informasjon. Sjølv om dei framandspråklege meiner at dei har ei grei forståing av kristendommen, er det meir usikkert korleis dei hadde lært om den. Abraham seier at det ikkje var opplæringsstoff på skulen og heller ikkje tema heime. Han har lært mest frå eldre venner og miljøet kring han. Hovudkjelda til dei to muslimske informantane ser ut til å vere kunnskapen dei har fått i koranopplæringa, sidan både Maria og Jesus ofte er nemnt i koranen. Dei oppfattar ikkje at kristendomsopplæring gjennom koranen ikkje akkurat er objektiv religionsformidling. Dei har også lært litt i samfunnsfagtimane i introduksjonsprogrammet.

4.1.2 Kjennskap kristne tradisjonar i Noreg

Informantane oppfattar Noreg som eit kristent land. Men det er ikkje lett for dei å konkretisere dette. Korleis manifesterer kristendommen seg i synlege teikn i samfunnet? Dei utanlandske informantane svarer nølande på dette spørsmålet. Blant dei norske informantane finn vi større kunnskap om korleis kristendommen har prega forskjellige sider av det norske samfunnet. Alle informantane opplever julefeiringa som den mest markante manifestasjonen av kristendommen i Noreg. Sofia uttrykker det slik:

Høgtider er viktigast. Heile samfunnet er prega no når det går mot jul. Du ser det overalt. Også den statlege tv-kanalen NRK fokuser fullstendig på det no.» (Sofia)

Sjølv om dei framandspråklege oppfattar Noreg som eit kristent land, finn dei få teikn som tyder på det. Ahmed verkar overraska over at religionen viser så lite igjen i Noreg, i motsetning til det han opplevde med islam i Syria.

Nei, det er ikkje så mykje teikn til kristendommen. Det er masse kyrkjer, men ein høyrer ikkje mykje til kyrkjeklokkene. Dei har ikkje mykje andre symbol heller. (Ahmed)

Dei norske informantane kan nemne fleire av dei kristne symbola som har prega Noreg. Dei tenkjer likevel at den religiøse påverknaden ikkje er viktig lenger, men meiner at kristendommens bidrag til den norske kulturen er mest av historisk interesse.

Det er ein viktig del av historia vår. Flagget vårt med korset. Særleg for besteforeldregenerasjonen betyr kristendommen mykje. Vi har sjølv sagt høgtidene våre. Mange siterer bibelen i musikken og litteraturen. Mange kunstnarar har vore kristne og har fått inspirasjonen sin der i frå. (Yngve)

Sofia kjenner til fleire kristne bygningar og framhevar samfunnsnytta dei har i dag.

Vi har mange kyrkjer og bedehus, og Sion, som er pinsevenner si kyrkje. Det er fine og historiske bygg. Og det er fint at ein kan bruke dei til andre ting òg, som t.d. til konsertar. (Sofia)

Tradisjonar og skikkar kan stamme frå kristendommen, men blir ikkje opplevt bevisst som det. Dette formulerer Ella slik:

Har aldri skjønt heilt kva den [kalenderen] går ut på og kva kalender vi høyrer til. Eg er dårleg på kulturuttrykk og kjem ikkje på kristen kunst. (Ella)

Til tross for at dei kan kome med ein del døme, uttalar også dei norske informantane at dei på ingen måte er særleg i framtreddande .

4.1.3 Treng vi å lære om den kristne kulturarven?

I kor stor grad tenkjer informantane at folk i Noreg burde ha kjennskap til kristen tru, verdiar, tradisjonar og skikkar? Det kan sjå ut som at det er viktigare for dei muslimske enn dei norske informantane at den kristne arven skal formidlast vidare. Muslimane framhevar samfunns- og kunnskapsaspektet mest, mens dei andre vil tone ned den kristne sida av kulturformidlinga. Både for Fatima og Ahmed er det viktig å få så mykje kunnskap som mogeleg om det norske samfunnet for å forstå verda kring dei. Særleg for Ahmed er det eit mål å bli integrert som eit vanleg samfunnsmedlem i Noreg så fort som råd. Difor vil han suge til seg all tilgjengeleg kunnskap. Også Fatima legg vekt på at både ho og andre treng meir kunnskap.

Det kan vere greitt å vite kvifor ein gjer ting. Du får litt annleis innblikk i andre folk, annleis enn ein trur. Då får du meir kunnskap om kvifor dei gjer ting. (Fatima)

For dei andre ser det ut som at kristendommen er meir ein sjølvfølgje, som ein automatisk får med seg i Noreg, difor synest dei ikkje det er eit nødvendig mål at alle i Noreg må lære om bakgrunnen for dei kristne tradisjonane. Typisk for dette synet er det Ella seier:

At du veit det viktigaste burde vere nok, ikkje 110% liksom. Det er ikkje veldig viktig. Men påske og jul er viktig. Og halde tradisjonane i hevd. Følgje boda er viktig. (Ella)

Yngve framstår interessert både i religion og historie, men det er heller ikkje så viktig for han at arven skal vidareformidlast utover det mest naudsynte.

Ein treng vite litt, men ikkje for masse. Det er vel ikkje til å unngå å få med seg at Noreg er eit kristent land. Eg har lært meg mykje fordi eg har tatt eit val om det fordi det er viktig for meg. (Yngve)

Sjølv om Yngve har sett seg mykje inn i kva kristendom har betydd historisk for samfunnet, tenkjer han ikkje at dette like viktig kunnskap for alle. Han trur at formidlinga nærmast vil skje av seg sjølv.

4.1.4 Oppsummering

Det blir ikkje feil å påstå at informantane har ei heller vag førestilling om kva den kristne kulturarven i Noreg betyr. Det ser ut som at dei framandkulturelle informantane har eit kunnskapsunderskot om den kristne kulturarven og at det er ikkje lagt godt nok opp i norsk skule for å bøte på det. Dei norske informantane har levd i Noreg heile livet og har eit større, men meir ubevisst forhold til dei historiske og kulturelle røtene i det samfunnet dei lever i.

Alle informantane veit i grove trekk kva den kristne trua går ut på, men er ikkje opptekne av dei store bibelske forteljningane. Dei ser ikkje ein sterk link mellom den kristne trua på den eine sida og kulturtradisjonane på den andre sida. Informantane er einige om at høgtidene viser kulturarven best, og då i særleg grad julehøgtida. I forhold til landa dei utanlandske informantane kjem i frå, ser dei få religiøse trekk i Noreg. Dei kallar Noreg for eit kristent land, men er tvilande på om nordmenn er så kristne.

Sjølv om informantane opplever at dei har litt manglande kunnskap om kristne kulturuttrykk, ser det ikkje ut til at det tynger dei mykje. Difor er det heller ikkje rart at dei ikkje ser behov for at kunnskap om den kristne kulturarven skal vidareformidlast i forsterka omfang. Dei muslimske informantane ser det likevel som meningsfullt, mest for å kunne tilpasse seg det norske samfunnet.

4.2 Viser informantane interesse for emnet, og betyr det noko personleg for dei?

Eg har valt å dele opp temaet i interesse og personleg relevans. På den eine sida er det ein føresetnad at informantane er interesserte for å kunne oppleve at emnet betyr noko for dei. På den andre sida er ikkje oppleving av relevans ein nødvendig konsekvens av ei interesse av intellektuell art. Korleis kan ein måle interesse og relevans hos informantane? Dei svarte konkret at dei synes at dette var interessant, men fleire gongar kunne eg også spore informantanes forhold til emnet på ein meir implisitt måte.

4.2.1 Interesse og aktualitet

Alle informantane viste relativt stor interesse for samtaleemnet. Dei svara ivrig, bidrog konstruktivt og blei sjeldan svar skyldig. Det er for så vidt ikkje så rart sidan alle melde seg frivillig til intervjuet, og det kan tenkjast at dei ikkje ville ha gjort det dersom dei syntest at temaet var kjedeleg. Men så kan ein lure på kva denne interessa består i? Er det den konkrete

kristne kulturarven og si betydning i samfunnet som er av interesse, eller er andre meir dagsaktuelle forhold viktigast?

Informantane gir inntrykk av at det ikkje er vanleg å snakke om betydning av religion og religiøse uttrykk i lag med vener.

Eg får [no i samtalesituasjonen] tenkt litt meir på ulike ting. Men det er veldig sjeldan at ein diskutere slikt blant vennane. Vi spør ikkje kvarandre liksom: korleis går det med deg og din påskefeiring? Det er unaturleg å ta opp slike ting. (Ella)

Det er berre for Yngve at religion er eit vanleg samtaleemne i omgangskretsen. Eg har fått inntrykk av at dei framandkulturelle informantane synest at kunnskap om dei kristne røtene i Noreg er viktige som ledd i betre integrering i samfunnet. Naturleg nok har dei norske informantane eit anna utgangspunkt. Dei er mest opptekne av den historiske bakgrunnen for kristendommen og av å halde tradisjonar og materielle kristne uttrykk i hevd.

Eg trur eg har gode nok kunnskapar om kristendommen. Men eg synest at det er interessant historisk, kva som er ekte og sånt... Det er fint å lære om historiene i Bibelen. Det er fint og koseleg. Det er veldig romantisert, sånn: wow Jesus! [...] Eg synest også at ein skal ta vare på gamle fine bygg. (Sofia)

Utover det reint kunnskapsmessige ser dei norske informantane ut til å vere opptekne av kva migrasjon og kultur møte har å seie for den kulturelle utviklinga i Noreg.

Kristendom har ein så stor plass i den norske kulturen, men innvandrarar og særleg muslimane er mykje meir religiøse. Det har vel ein del med kulturen og levestandarden og sånt å gjere. Det er jo eit aktuelt tema, når det er ein stor del av den norske befolkninga ikkje bryr seg om religion, men likevel held på kristendommen. Då er det kanskje vanskeleg å takle når det kjem folk med andre religionar til landet. (Sofia)

Sofia meiner at utfordringane som auka migrasjon fører med seg, ligg i det faktum at ein a-religiøs og sekulær innstilt norsk befolkning treffer på emigrantar som viser sin religion mykje meir tydeleg. Då blir ein utfordra i sine haldningar, både personleg og på samfunnsplan. Møtet med det som er forskjellig kan føre til at ein tematiserer sin eigen kultur på ein ny måte.

4.2.2 Personleg relevans

For dei framandkulturelle informantane ser ikkje den kristne kulturarven ut til å ha ein personleg betydning utover det reint kunnskapsmessige. Heller ikkje Abraham, som er kristen, er oppteken av den kristendommen han finn i Noreg. Han likar at Noreg er eit kristent land, men han dyrkar si form for kristendom som han er van med frå heimlandet.

Dei norske informantane ser ut til å vere einige om at dei norske juletradisjonane betyr mykje for dei personleg. Alle framhevar at «jula er så koseleg». Til tross for informantane sin unge alder, verkar det som at dei får nostalgiske følelsar når dei tenkjer på jula. Dei skil klart mellom den religiøse betydninga i julefeiringa og tradisjonen som ligg bak.

Og så er jo dei kristne skikkane også ein bit av min eigen tradisjon [...] Særleg julefeiring betyr mykje for meg, og då oppsøker eg kyrkja heilt frivillig. Då tenkjer eg på tida då eg var yngre og eg fekk oppleve samhald. Men det er ikkje det religiøse eg feirar i jula, men eg synest det er veldig koseleg og eg demonstrerer ikkje mot det.
(Yngve)

Ved sida av nostalgifølelsen er det også den trivelege stemninga og samhaldet som betyr mykje.

Å synge kristne julesongar mange i lag – då kosar eg meg. Eg er ein person som likar og synest det er viktig å vere med på sånt. Det er koseleg. (Ella)

Når det gjeld djupt personleg engasjement er det Yngve som skil seg klart ut blant informantane. Han er oppteken av den kristne historia og kva kristendommen har å seie for samfunnet. Yngve viser ein personleg interesse som stikk djupt og har mykje å seie for identiteten hans.

Eg synest at det er litt spennande å snakke om religion generelt. Det er veldig viktig for meg. Dersom eg seier at eg ikkje trur på Gud, så skal eg i alle fall vite noko om det. Eg må jo kunne noko om kva Bibelen handlar om, dersom eg skal seie at eg ikkje trur på den. Så synest eg også at det er veldig interessant å sette meg inn i kva folk trur på. Og då særleg dei kristne, fordi dei er rundt meg overalt. (Yngve)

Yngve innser at fleire delar av den kristne kulturarven har vore med å forme han som person. I tillegg bevarer han også eit kritisk blikk.

4.2.3 Oppsummering

Det er tydeleg at ungdomane synest at det er eit interessant emne. Mens det stoppar på det reint kunnskapsmessige planet hos dei framandkulturelle informantane, er dei norske i tillegg opptekne av den samfunnskulturelle betydninga.

Det er vanskeleg å spore den store begeistringa for den kristne kulturarven hos informantane. Dei er ikkje så opptekne av den og tar mykje for gitt. Dei informantane som har vakse opp i Noreg har vore vane til både kyrkjer, høgtider og dei forskjellige tradisjonane. I den grad dei er opptekne av dei kristne røtene, så er det tradisjonen i seg sjølv som betyr mest, og ikkje det spesifikt kristne i dei. På så måte framhevar dei alle tre kor mykje juletradisjonane betyr for

dei, sjølv om det er nettopp jula som har fjerna seg mest frå dei opphavelege kristne røtene. Berre éin norsk informant opplever at identiteten hans har blitt forma gjennom den kristne arven. Dei utanlandske informantane opplever ikkje at den kristne kulturarven i Noreg har noko å bidra med i deira liv.

4.3 «Å pynte til jul er så koseleg» - Den kristne kulturarven i skulekvardagen

Ser informantane synlege teikn på kristendom på skulen sin, eller kunne skulen ha vore kvar som helst i verda? Er dei fornøgde med forholda slik dei er, eller ønsker dei seg meir synlege kristne, eller generelt religiøse kulturuttrykk på skulen? Skulen er verdibasert. Dette er ikkje direkte synleg, men skal i beste fall vise seg i alle skulen sine ledd. Finst det ei oppfatning av at den kristne kulturarven er opphavet for desse verdiane?

4.3.1 Synlege teikn på kristendommen

Ingen av informantane såg synlege teikn på at skulen er prega av kristendommen. Dei kunne strekke seg til å nemne at skuleferiane er lagt kring kristne høgtider, men den kristne bakgrunnen for feriane kjem i annan rekke. Abraham seier det slik:

Vi har ferie berre for å ta fri, ikkje for å feire religion. (Abraham)

I diskusjonen kring korleis det hadde vore om skulen hadde tatt inn religiøse uttrykk, kjem vi inn på spørsmålet om eit bønnerom hadde vore ønskeleg. Det er tydeleg at ingen av informantane har tenkt på dette før. Dei to muslimske informantane ser ikkje ut til å ha sakna eit bønnerom i særleg grad, men seier at det hadde vore velkomen. Men kristne Abraham meiner at det er viktig at ein ikkje gjer forskjell mellom religionane. Difor seier han:

Det er ikkje nødvendig. Ingen treng å be i skuletida. Det må vere likeverdige, og ikkje ha noko ekstra for muslimane. (Abraham)

Alle dei norske informantane er opne for at muslimane skal kunne få eit bønnerom. Samtidig synest Sofia og Yngve at spørsmålet peikar på eit dilemma, fordi dei ønsker seg ein sekulær skule utan religiøse innslag.

Men eg meiner eigentleg ikkje at skulen bør bruke tid, pengar og krefter på religion. Det finst så mange forskjellige religionar. Kor skal du slutte? (Sofia)

Skulen skal ikkje blande seg inn i religiøse affærar, i alle fall i så liten grad som mogeleg. Men dei skal ikkje føle at dei [muslimane] ikkje har moglegheit til å be. Vi skal ikkje presse religion på folk, men vi skal heller ikkje gjere det vanskeleg for dei å utøve den. Dette er ei vanskeleg sak. (Yngve)

På den eine sida vil dei gjerne vere tolerante overfor dei som vil utøve religionen sin, på den andre sida er dei glade for at religionsutøving høyrer til den private sfæren. Her må ei vanskeleg avveging til også når det gjeld andre religiøse uttrykk på skulen.

Informantane seier at dei ikkje ser det som eit problem om elevar eller lærarar brukar religiøse symbol eller klede. Her tenkjer alle straks på hijab som det meiner er heilt ok i skulekvardagen, men dei vil setje ned foten ved bruk av ansiktsdekkande klede.

Religion kan vere eit hinder viss folk går veldig religiøs kledd. Då føler du litt avstand. Sånne tankar kjem med eingong, fordi du ser det så tydeleg. Men ein må jo berre bli vand med det. (Sofia)

Sofia tenkjer også at alle må ha rett å kle seg som dei vil. Likevel er dette ein ny og uvand problemstilling for ho.

4.3.2 Kristne verdiar

Viser kristne verdiar igjen i måten denne skulen blir driven på? Dette er det ikkje lett å undersøkje. Difor gjekk vi konkret til verks og undersøkte både skulen sine fire grunnleggande verdiar og Formålsparagrafen i opplæringslova opp mot kristendommen. I utgangspunktet har ingen av informantane ei formeining om skulen er bygd på kristne verdiar. Det ligg i alle fall ikkje framme i medvitnet, slik som Sofia seier:

Eg tenkjer ikkje så mykje på det, men det er sikkert ein del basic ting som er frå kristendommen. Sikkert ein del kristne verdiar, men det er ikkje ofte ein tenkjer på det. Men det kan hende at det er så djupt i den norske kulturen at vi ikkje ser det. (Sofia)

På denne skulen er det fire grunnleggande verdiar, som skulen sitt arbeid er tufta på: dialog, ansvar, mangfald og meistring (Verdiar, 2016). Dei er forankra gjennom felles konkretisering av både leiing, kollegium og elevråd. Informantane er einige i at dette er viktige verdiar. Fleire framhevar særleg at «dialog» og «ansvar» betyr mykje i kvardagen. Samtidig er dei også einige om at verdiane står på egne bein og ikkje er henta frå kristne ideal. Dei ser den allmenne gyldigheita i dei.

Nei, dei har ikkje noko med kristendom å gjere. Dei er heilt dei same overalt. (Fatima)

Yngve tenkjer slik som Sofia, at dei som vedtok verdiane for skulen kanskje ubevisst blei påverka av kristendommen utan å vere klar over det. Men likevel trur han mest på at dei tok utgangspunkt i allmenne verdiar.

Det kan hende at dei som laga reglane hadde fått inspirasjon av kristendommen. Ansvar og dialog vil kanskje vere dei verdiane som dei kristne kunne stille seg mest bak, men eg synest at dette uansett er allmenne verdiar. (Yngve)

Vi les gjennom Formålsparagrafen og diskuterer både verdiane og den kristne forankringa.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. (Formålsparagraf §1-1., 2008)

Ingen av informantane kjenner til skulens Formålsparagraf og dei med norsk bakgrunn er forundra over at den var så tydeleg forankra i kristen arv og tradisjon. Dei trudde at skulen var eit nøytralt territorium, der ingen religion hadde fortrinn.

Eg er litt overraska, og trudde ikkje at det var slik at ein skulle følge ein bestemt religion, sidan det har kome så mange innvandrarakar til Noreg. Trudde det var fritt. (Ella)

Fleire av informantane påpeikar at verdiane i Formålsparagrafen ikkje er eksklusive for dei kristne. Særleg dei muslimske informantane seier at dei også kjenner og aksepterer desse verdiane.

Dei har ikkje noko med kristendom å gjere. Eg kjenner nokon av verdiane. Likeverd, solidaritet, at vi skal hjelpe kvarandre. Vi har slike verdiar i islam òg, som respekt. (Ahmed)

Alle er dessutan einige om at dette er gode verdiar som er viktige å ha i skulen. Dei er også samde om at skulen deira prøver å praktisere dei.

Skulen vår er flink på å respektere menneskeverdet og naturen. Og tilgjeving. Viss vi har gjort ein feil, t.d. kome for seint, så får vi ikkje kjeft og går klar. Vi respekterer korleis personane er, at dei kan vere forskjellige og at ikkje alle har same evner, som t.d. dei med Downs. (Ella)

Når det gjeld spørsmålet om dei synest at det er riktig at kristen arv blir særskilt nemnt i Formålsparagrafen, har informantane forskjellige syn. Skiljelinjene kan ein sjå heng saman med livssyn. Dei to kristne informantane Ella og Abraham ser det som positivt at paragrafen har ein normativ appell.

Før var alle kristen i Noreg. Men no trur ikkje så mange på kristendom lenger. Då er det viktig å lære om den.
(Abraham)

Ella er likevel delt i synet kor mykje føring om kristendom det burde vere i Opplæringslova. Ho forstår paragrafen er normativt meint, men vil ikkje at den går utover religionsfridommen på skulen. Det ser ut som Ella overvurderer dei praktiske konsekvensane denne lova har for skulen sin praksis.

Noreg er jo eit kristent land og folk burde kanskje følgje etter den kristne lova og tradisjonane. Men når det er mange i klassa som har ein annan religion, så burde dei også få lov å ha sine tradisjonar på skulen.(Ella)

Dei to muslimane Fatima og Ahmed ser ikkje noko rart i det at kristendommen er særskilt nemnt i opplæringslova.

Eg forstår at dei vil ha med kristendom. Det er religionen sin, dei kan ha opplæring i det. Og vi kan også ha opplæring i det. (Fatima)

På den eine sida har dei hevda at verdiane like mykje er muslimske som kristne, men dei reagerer ikkje på at verdiane går under kristen og humanistisk forteikn i lova. Sofia og Yngve, som har ikkje-religiøse livssyn, synest kristendommen ikkje burde vere med i ordlyden. Sofia synest at det er unødvendig å nemne det eksplisitt kristne ved dei, men vil heller bygge opplæringa på verdiane.

Ein kunne ha sagt at skulen skulle bygge på desse grunnleggande verdiane og så nemnt verdiane, og kanskje at dei er forankra i menneskerettane. Det er jo meir nøytralt. (Sofia)

Heller ikkje Yngve synest formuleringa i Formålsparagrafen er heldig. I motsetning til Sofia er det greitt for han at den kristne og humanistiske arven blir nemnt, men det burde i så fall skje etter ei opplistinga av verdiane.

Men eg synest ikkje at det er nødvendig å framheve den kristne og humanistiske arven. Eg tenkjer at det eigentleg er ein sjølvfølge at vi uansett tar utgangspunkt i vår eigen kultur. Det hadde vore betre å skrive alle verdiane, og så at dei tek utgangspunkt i religionar og livssyn. Det minner meg litt på diskusjonen kring K-en i KRLE-faget. Skal kristendommen framhevast ekstra? Eg synest ikkje det. Slik er du med å undertrykke dei andre religionane. (Yngve)

Yngve går lengst ved å kalle lova diskriminerande. Men han avviser dermed ikkje at verdiane har ei delvis historisk forankring i kristendommen.

4.3.3 Tradisjonar

Skulen som informantane går på er ein utprega hybelskule, dvs. at mange bur på hybel og ikkje har høve å reise ofte heim til familien sin. Dei av informantane som er hybelbuar framhevar at særleg tradisjonar i førjulstida er kjærkomne og samlande. Det blir arrangert nissefest, juletreff, julekakebaking og juleball. Informantane er einige om at den felles juleavslutninga i skulens festsal den siste dagen før jul er eit høgdepunkt. Alle skjønner at jula i utgangspunkt er ein kristen tradisjon, men at det sekulære står i framgrunnen under feiringa i dag. Sofia uttrykkjer det slik:

Julearrangementa er ikkje så veldig religiøse akkurat. Det er mest tradisjon, som med jul generelt. Det er ikkje så mange som tenkjer på kvifor vi feirar jul. (Sofia)

Sjølv om også Yngve synest at det er fine tradisjonar som er samlande for elevane, tenkjer han på at elevane framstår som veldig kristne med så mange arrangement i jula. Dette trur han kan verke ekskluderande for dei med ein annan religion.

Her på skulen feirar vi ikkje jula som om den var kristen, men vi feirar den heidenske biten av den. Vi feirar vennskap, nærleik og lyset i mørketida. Skulen tar ikkje opp Jesus. Eg ser føre meg at dei i GMU klassa tenkjer at vi feirar mange kristne tradisjonar og at dei kan føle seg litt utanfor pga. det. (Yngve)

Denne bekymringa treng han i alle fall ikkje ha for dei muslimske informantane som likar å delta på juleavslutninga.

Eg synest det er bra å vere med. Det betyr ikkje at eg trur på kristendom, men eg gjer det elevane skal vere med på. Det er bra for fellesskapen. (Fatima)

Ahmed er vand med julefeiring frå Syria, der han feira jul i lag med kristne venner. Det er uansett ein sjølvfølgje for han å delta i dei norske skikkane.

Det er norsk tradisjon, og vi bur i dette landet. Vi får juleferie, då kan vi også vere med på juleavslutninga. (Ahmed)

Det som er mest spesifikt kristent på skulen er at ein syng kristne julesongar og les juleevangeliet på juleavslutninga. Det er berre Sofia og Yngve som synest dette er ein tvilsam skikk. Dei tenkjer at dei av elevane som har ønske om dette kan gjere det i privat regi. Sofia er usikker, fordi ho eigentleg tenkjer at dei færraste bryr seg om den kristne bakgrunnen i jula, men at det samtidig kan det vere greitt å bli mint på det.

Ingen av informantane ønsker seg fleire kristne skikkar eller symbol på skulen sin, men Yngve tenkjer at det hadde vore fint om ein la meir vekt på dei gode verdiane, slik at elevane blir meir bevisste på dei. Dei fleste informantane ser heller ikkje føre seg at ein skal arrangere

skulegudsteneste. Eit unnatak er Ella, som likte denne tradisjonen veldig godt på ungdomsskulen. Dei framandkulturelle informantane har ikkje opplevt skulegudsteneste før og har inga formeining om dette.

4.3.4 Oppsummering

Informantane opplever ikkje skulen sin som ein kristen skule. Det er berre tradisjonane kring julefeiringa som minner dei om kristendommen, sjølv om dei ikkje-kristne sidene av feiringa også då er mest dominerande. Dei ønsker seg ikkje fleire synlege symbol eller skikkar, men dei er ueinige om kor vidt skulen skal opptre som religiøst nøytral eller om ein skal akseptere religiøse uttrykk.

Dei største forskjellane mellom informantane kan finst i verdispørsmål. Her gjekk skiljelinjene både ved religion og livssyn, og ved norsk/framandkulturell bakgrunn. Alle informantane er samde om at både skulen sine grunnleggande verdiar og verdiane som står i Formålsparagrafen er gode verdiar som i stor grad blir etterlevd. Fleire uttrykkjer at dei ikkje synest at desse verdiane burde kallast kristne. Mens dei muslimske informantane understrekar allmenngyldigheita, meiner dei med ateistisk livssyn at ein burde tone ned dei kristne røtene.

Informantane svarar også ulikt på spørsmål om den kristne arven burde vere spesifikt vere nemnt i opplæringslova. Både dei muslimske og dei kristne informantane meiner at det er rett, til dels på grunn av den signaleffekten ein slik lov gir, til dels at dei ser det som naturleg å peike på kristendommen som historisk plattform for Noreg. Dei to ikkje-kristne norske informantane meiner at verdiane heller burde vere i framgrunnen. Dette grunngir dei både med at skulen burde vere eit nøytralt rom og at det ikkje er riktig å kalle verdiane for eksklusiv kristne. Dette kan elles følast som diskriminerande overfor andre religionar og livssyn.

4.4 Opplever informantane den kristne kulturarven si rolle som samlande?

Dette er eit vanskeleg spørsmål, og eg hadde nesten ikkje forventa å få konkrete svar. Likevel viser svara som er henta frå utsegner gjennom heile intervjuet, nokre tendensar.

Informantane er veldig interesserte i fellesskapstanken og er vare for det dei opplever for utanforskap. Det er ikkje lenge sidan skulen fekk fire til fem tilrettelagte klasser for framandspråklege. Dette er nytt tilbod, og informantane ser at elevane i desse klassene held

seg mykje for seg sjølv. Det var spennande å høyre kva informantane tenkte var grunnen til dette. Opplever informantane at den kristne kulturarven fremjar meir fellesskap mellom kulturane, eller ser dei den heller som eit hinder?

4.4.1 Vi vil vere meir saman, kvifor er vi ikkje det?

Til tross for det openberre og opplevde faktum at det er lite samkvem mellom elevar i dei studieførebuande linjene og dei framandspråklege klassane, er det ikkje viljen det står på. Alle informantane seier at dei gjerne ville hatt meir omgang med kvarandre. Det er også i forhold til dette temaet nyttig å skilje mellom to typar interesser. Dei norske informantane ser ut til å ha ei genuin interesse i å bli kjende med folk frå framande kulturar.

Elles blir det veldig masse fordommar når du ikkje veit så mykje og då blir det vanskelegare å bli kjent med dei, når ein ikkje kjenner kulturen deira. (Sofia)

Ella er også oppteken av å få eit innblikk i andre sine kulturar, men tenkjer meir på at det er kontrastane som er interessante. Dette vil styrke opplevinga av kva som er den norske eller kristne måten å gjere ting på. Eit slikt syn bekreftar også tanken om «vi» og «dei andre».

Eg ville gjerne ha blitt kjent med fleire. Vil gjerne sjå korleis dei oppfører seg. Då hadde vi sett at dei ikkje oppfører seg som vi i kristendommen. Det er fascinerande å sjå. (Ella)

For dei framandkulturelle informantane ser det ut som å handle mest om integrering. Dei ser sjølv at dei er litt på utsida og veit at for å bli integrerte på ordentleg, må dei omgåast med dei norske.

Vi er i Noreg, i eit nytt samfunn og i eit nytt miljø. Det er bra at vi får nye venner. Vi må leve som vanleg og ikkje føle at vi er flyktningar heile tida. (Ahmed)

Yngve tenkjer at det ikkje berre er kunnskapsbiten som er viktig, men han vil også utvikle personlegdomen sin.

Det er veldig viktig i samfunnet vårt. Vi skal ikkje berre omgåast med folk som minner oss på oss sjølve. Vi treng input utanfrå. Vi får sjå korleis kultur kan påverke deg slik at du blir til den du er. (Yngve)

Det er vanskeleg for informantane å avgjere kva som er grunnen til at det er vanskeleg å ta kontakt. Dei norske nemner at dei føler seg ukomfortable når dei tek kontakt med nye folk, det ville vere unaturleg for dei. Dei er også redde for at språkproblem vil gjere det vanskeleg. Generelt trur dei ikkje at religion er noko særleg hinder, verken kristendom eller andre

religionar. Sofia tenkjer at religiøse klede kan skape ein viss avstand, mens Yngve tenkjer at det at skulen manglar naturlege møteplassar er hovudårsaka for at dei ikkje møtast meir.

Eg trur at det er mange hinder, men ikkje at religion er det største. Dei framandspråklege ser vi i gangen, men har ingen fag saman og vi møter dei aldri. Difor har vi ingen naturlege møteplassar. Vi nordmenn er jo kjent for at vi ikkje tar kontakt med folk vi ikkje kjenner, difor ville det vere rart om eg skulle begynt ein prat med dei.

(Yngve)

Også dei framandkulturelle informantane har fått kjenne på at det kulturforskjellane som gjer det vanskeleg å få norske venner.

Dei norske er ikkje så opne. Dei er mest åleine. Dei er heime åleine, eller jobbar åleine og trener åleine, men i Syria er vi alltid saman med familie, venner, naboar. Vi besøker kvarandre veldig ofte. Vi ler og har det gøy. Vi treng ikkje vente på ein invitasjon eller sms. (Ahmed)

Mens dei norske informantane føler at GMU-klassa er litt utanfor, så ser ikkje desse til å ta det like tungt. Ahmed fortel at han er mykje i lag med norske ungdomar og vaksne på fritida. Abraham ser at dei av flyktningane som har budd her i mange år ikkje har vanskar med å møte dei norske. Difor trur han ikkje at det er religionen som er grunnen. Det gjeld også for Fatima.

Religion er ikkje så viktig. Det er mange forskjellige religionar i Noreg. Eit hinder er at dei har forskjellig bakgrunn. Språk kan vere vanskeleg. Generelt integreringa. Men det er greitt med dei kristne tradisjonane. Eg føler meg ikkje utanfor for det. (Fatima)

Stort sett synest ho at ting går greitt, og at ho ikkje føler seg ekskludert.

4.4.2 Er den kristne kulturarven samlande berre for dei kristne?

Informantane uttrykkjer at det er viktig med fellesskap. Men kan den kristne kulturarven tilby fellesskap utan å stenge ute ikkje-kristne? Søndag som fridag blir nemnt av alle informantane som eit gode. Dagen kan brukast i fellesskap, og ingen vil forandre på det.

Dei norske informantane set pris på den hyggelege stemninga kring jule- og påskefeiringa som ofte samlar familie og venner. Men dei skjønner også at det store fokuset på kos og fellesskap kan verke ekskluderande for dei som ikkje er vande med denne kulturen. Sofia trur at for folk utanfrå kan det sjå ut som at kristne utfører kristne skikkar, mens ho sjølv ser høgtidstradisjonane berre lausleg knytt til kristendommen og heller forankra i den norske kulturen.

Det er jo egentleg litt rart at vi gir så mykje plass til éin religion og aldri gjer noko på høgtider frå dei andre religionane. Men eg synest det er koseleg. Eg kan skjønne at det kan virke splittande for dei som kjem utanfrå med ei heilt anna tru. Vi ser på det meir som tradisjon. Men for dei som har eit heilt anna syn kan det jo virke som at alle er kristne og at alle feirar jul. (Sofia)

Sjølv om Ella skjønner at dei kristne tradisjonane kan verke polariserande, så aksepterer ho at fellesskapsfølelsen ho opplever må gå på kostnad av nokon andre.

Eg trur at muslimane kan føle seg utestengd. Vi tilpassar oss ikkje til deira feiringar, som Ramadan. Men sånn er det berre, fordi vi bur Noreg og i eit kristent land, og alle burde respektere dei kristne tradisjonane. Noreg er ikkje eit muslimsk land. (Ella)

Sjølv om dei muslimske informantane ikkje uttrykker direkte at dei føler den norske fellesskapen kring dei kristne tradisjonane som splittande, antydar dei eit sagn. Dei er ikkje omfamna av den nye kulturen, men har måtta gi avkall mykje av sin opprinnelege kultur.

Religionen er forskjellig. Folk er forskjellige òg. Eg saknar ein moske i nærheita. Det har vi ikkje her. Den nærmaste er ein time unna og eg reiser ikkje dit. (Fatima)

Det som Fatima ser som «religion» hos nordmenn vil dei norske informantane heller kategorisere som kultur og tradisjon. Også Abraham saknar ein ortodoks prest til å leie forsamlingane på søndagsgudstenestene i den eritreiske meinigheita.

Også dei ikkje-kristne norske informantane har opplevd situasjonar der dei har følt seg utanfor fordi dei ikkje er kristne. For Yngve var det eit stort steg då han valde å ikkje konfirmere seg i kyrkja som 15-åring.

Då eg konfirmerte meg humanetisk, kalla nokon meg for svikar. Eg følte meg usikker og litt utanfor då. Men eg hadde ikkje lyst å gå til presten og lyge. Sjølv om eg ikkje trur at dei andre egentleg trudde på kristendommen. (Yngve)

For Yngve var det ikkje sjølve trua som gjorde han forskjellig frå dei andre, men at han ikkje ville oppfylle den vanlege norma og følgje tradisjonen.

4.4.3 Korleis skape fellesskap på tvers av religion og livssyn?

Til dette spørsmålet hadde ikkje dei framandkulturelle informantane nokre konkrete synspunkt. Dette er ganske naturleg ut i frå at dei tidlegare har sagt at dei ikkje føler at forholda er problematiske.

Dei norske informantane kjem med to forskjellige syn på korleis ein helst burde bygge fellesskap. Nokon meiner at den beste løysinga vil vere å satse på ein kultur som tek vare på tradisjonar og verdiar utan å framheve det kristne i det. Det andre synet går ut på at det er viktig for folk i Noreg å ta vare på sin eigen kristne arv og tenkje at folk med andre kulturar heller må tilpasse seg til den dersom dei vil delta i fellesskapen.

Både Sofia og Yngve står for det første synet. Dei synest at det er mest hensiktsmessig å fjerne dei kristne element i felles offentlege rom i samfunn og skule for at alle kan føle seg velkomne. Yngve tenkjer t.d. at ei juleavslutning utan eksplisitte kristne symbol hadde styrkt fellesskapen på tvers av kulturane.

Det er bra å inkludere alle. Dersom vi hadde fjerna dei spesifikt kristne element hadde det vore lettare å akseptere for dei med andre religionar. Dei tenkjer ikkje på at dei fleste av elevane ikkje er kristne sjølv. Det er kanskje vanskeleg for dei å skjønne at vi ikkje har så nært forhold til religion som dei sjølv har. Dei kan få oppfatning av at dei blir tvunge inn i noko religiøst og det kan følast leitt. Slik treng det ikkje vere. (Yngve)

Ella står for det motsette synet. Ho tenkjer at det blir mest samhald når vi sluttar opp om kristendommen. Ho opplever det som trist at mangfaldet har ført til ei oppsplitting av det ho opplever som norsk konsensus. Sjølv om ho tidlegare ikkje hadde høyrd om Formålsparagrafen, tar ho den no som inntekt for å halde på den kristne arven.

Eg meiner at vi helst skulle ha hatt ein religion i Noreg som nesten alle høyrer til. Eg kunne ikkje ha tenkt meg at Noreg var eit heilt nøytralt land. Det går fint at det finst folk med andre religionar, men når dei krev veldig mykje, så tenkjer eg at du kom hit for å få fred og ro, og då kan du ikkje krevje så veldig mykje. Det står også i opplæringslova at ein skal følgje kristendommen. (Ella)

Også Yngve ser betydninga kristendommen og den kristne kulturarven har hatt for fellesskapstanken i Noreg. Men han meiner at den ikkje har same bindande kraft lenger, og at det difor er viktigare å finne på andre måtar å skape ein fellesskapsfølelse på.

Religion spelar ei viktig rolle i alle samfunn. Før var det ikkje noko anna val. Då trudde alle på det same og hadde ein viktig ting til felles. Men denne samlande funksjonen klarar ikkje religion å fylle i Noreg i dag. No trur vi på mykje forskjellig. Og på ein måte er det veldig trist. Vi burde finne verdiar som kan samle oss på same måten. Det er ikkje sikkert det blir det same [samhald] med å tenkje likt om verdiane. Men som agnostikar tenkjer eg at det er berre dette vi har til å binde oss saman. [. . .] Viss vi jobbar saman til tross for alle forskjellige meiningar, så får vi eit meir oppriktig samhald basert på dei same verdiane som å vere empatisk og etisk. Slik kan vi leve fredfullt i lag, i staden for at det blir oss mot dei. (Yngve)

Yngve tenkjer at ei oppslutning om felles verdiar er vegen å gå for å overvinne polarisering.

4.4.4 Oppsummering

Informantane er einige om at fellesskap er viktig i skule og samfunn, og dei vil gjerne vere i kontakt med ungdomar på tvers av religion og kultur. Sjølv om alle informantane går på same skule, ser dei at fellesskapen ikkje fungerer så bra i praksis. Dei er usikre på kva som er årsaka til dette, men trur ikkje at religion er eit stort hinder. Stort sett føler dei norske informantane eit større ubehag og ansvar for at det ikkje er eit fellesskap mellom dei forskjellige elevgruppene. Dei framandkulturelle gruppene føler seg derimot ikkje utestengde og tenkjer at ting vil ordne seg med tida.

To av informantane tar til ordet for å fjerne synlege kristne element frå markeringane, men éin ville halde på det spesifikt kristne for å ikkje gi slepp på det særeigne ved denne fellesskapen. Løysinga for å binde folk saman vil då bety enten assimilering eller at to forskjellige kulturar lever side om side.

4.5 Korleis opplever informantane den kristne kulturarven i dagens samfunn?

Dette temaet tar opp kva syn informantane har på den rolla kristendom og religion generelt spelar i samfunnet. Ser dei det som ønskeleg at religion skal vere mest mogeleg privat, eller vil dei gjerne ha fleire religiøse uttrykk i det offentlege rommet?

4.5.1 Noreg er eit kristent land, men er nordmenn kristne?

Gjennom samtalene har alle informantane fleire gongar nemnt at dei oppfattar Noreg som eit kristent land. Dei tenkjer at Noreg har ein kristen historie, og dei kjenner til kristne skikkar og høgtider. Samtidig meiner fem av informantane at fleirtalet av nordmenn ikkje kan oppfattast som truande kristne.

Det mest dominerande i Noreg er at ein ikkje er truande. Ein er opptatt av vitskap. Det er det som er grunnlaget for bestemmelsar i Noreg. Vi går ikkje til Bibelen når vi skal lage ei ny lov. (Sofia)

Yngve tenkjer at mindre personleg tru vil føre til eit mindre einsretta samfunn.

[...] Trur at i dag er det meir og meir akseptabelt at vi kan vere ein del av samfunnet utan at vi trur på Gud, og det er veldig bra. Då opnar vi for mangfald. (Yngve)

Heller ikkje Ahmed, Fatima og Abraham har treft mange kristne nordmenn. Særleg Abraham, som er kristen sjølv, er tydeleg på at kristendommen i Noreg høyrer mest fortida til.

Dei berre seier, at dei er kristne, men dei følgjer ikkje det. (Abraham)

Ahmed tenkjer at dette varierer frå person til person.

Eg veit ikkje heilt. Men det er ikkje så mange som er kristne, kanskje berre ca. 50%. (Ahmed)

Det er interessant at informantane gjer forskjell mellom landet sin religion og den personlege trua. Det er ikkje sikkert at alle legg det same i kva som er eit religiøst menneske.

Mitt inntrykk er at i andre religionar er det meir vanleg å faktisk tru på religionen sin. Ein er meir «i» religionen og ein er meir engasjert i trua. (Sofia)

Kulturforskjellar ser ut til å påverke om religion er noko privat, eller noko ein praktiserer openlyst og i fellesskap med andre.

4.5.2 Religion i det offentlege rommet

Skal vi berre ha offisielle heilagdagar med kristent forteikn i Noreg, eller burde ein også opne for andre religionar sine høgtider? Informantane er delte i synet på andre heilagdagar i Noreg. Det er berre Fatima og Ahmed som kunne ønske seg å ha nokre muslimske fridagar.

Vi [muslimane] får fri når vi har våre feiringar. Men det kunne ha vore fint om alle også hadde hatt ein muslimsk heilagdag. Alle kunne feire i lag og ha fri, og då blir det meir glede. (Fatima)

Fatima ser det altså som samlande å ha fri samtidig. Dette kunne bidra til at folk får positive opplevingar med fleire religionar. Dei andre fire informantane synest ikkje tanken om å ta inn fleire religiøse heilagdagar er ein god idé. Grunngevingane er sprikane. Mens Abraham meiner det rett og slett blir for mange unødvendige fridagar, fryktar Yngve at slike fridagar kan vere konflikthulle, fordi det kan bli sett som ettergjeving av storsamfunnet overfor muslimane. Ella meiner at tilhengjarar av andre religionar burde kunne feire sine høgtider, men synest ikkje noko om at dei kristne òg skal følgje dei.

Sofia seier at ho er veldig glad i dei kristne høgtidene og tradisjonane som følgjer med. Ho vil ikkje gi avkall på dei, men skjønner at dette synet ikkje kan forsvarast ut frå nøytralitetsprinsippet, som ho også forfektar.

Det hadde jo vore greitt for t.d. muslimar om dei hadde hatt fri på id-feiringane og då kunne vi også hatt fri. Men kor set du grensa? Og eg vil ikkje gi avkall på julefeiringa for det. Eg skjønner at det er litt dobbeltmoralisk. Det er fint at alle ha dei same felles fridagane og at det ikkje er valfritt. Eg trur ikkje at eg ville ha tatt inn alle heilagdagar, det hadde blitt for masse. Kven sine heilagdagar skulle då prioriterast? (Sofia)

Som Sofia har forklart tidelgare (kap. 4.2.) set ho mest pris på tradisjonane kring dei kristne høgtidene, og ikkje den kristen bodskapen som ligg bak. Det at det er norske tradisjonar er for ho god nok grunn til å halde på dei.

Informantane er alle tilhengarar av religionsfridom og liberale når det gjeld bruken av religiøse klede eller smykke i det offentlege rommet. To av dei er likevel skeptiske til å kombinere hijab med t.d. politi- eller militæruniform. Yngve tenkjer at det er best for muslimane sjølv å avstå av religiøse symbol for å ikkje utsetje seg for kritikk. Ella derimot synest ikkje at eit ynskje om å jobbe i politi eller militæret går an å kombinere med å bruke hijab.

[...] Det er litt synd for dei som har ein draum om å bli politi. Det er kanskje stygt å seie, men dei kan jo berre vise at dei har fint hår og nytar livet. (Ella)

Bortsett frå Ella synest ingen andre informantar at ein burde ha fleire kristne skikkar i Noreg. Dei tar heller ikkje til orde for at det skal bli færre. Ella kunne ha tenkt seg fleire tradisjonar som knyter folk saman kring kristendommen.

4.5.3 Kristne verdier i Grunnlova og samfunnsdebatten

Oppfattar informantane dei rådande verdiane som prega av kristen kultur, og burde Noregs verdigrunnlag eksplisitt refererast til som kristenarv i Grunnlova? På same måte som eg gjorde med Formålsparagrafen var den konkrete lovteksten frå Grunnlova kopiert opp og lagt fram. «Verdigrunnlaget skal framleis vere den kristne og humanistiske arven vår» (Kongerikets Noregs Grunnlov, 2012).

Når det gjeld verdier i det norske samfunnet generelt er hovudtendensen slik at informantane ikkje ser på verdiane i det norske samfunnet som spesifikt norske eller kristne. For dei framandspråklege ungdomane er det vanskeleg å svare på kva verdier som er rådande i Noreg, noko som er rimeleg med tanke på den korte fartstida si i Noreg.

Sofia synest at det er vanskeleg å snakke om spesifikt kristne verdier, når ein no berre tenkjer på verdier som ho opplever som gode som alle kan slutte opp om.

Det finst sjølvsagt også kristne verdier som ikkje er så gode. Dei har dei kutta ut, som t.d. om at det står at homofili ikkje er bra og om kvinneundertrykking. Dette ser ein vekk i frå no, fordi det også står andre ting i Bibelen, som ein no heller legg vekt på. [...] Det er dei verdiane som vi har tatt med vidare frå kristendommen som er norske verdier no. (Sofia)

Sofia tenkjer at verdiane har vore gjennom ein utveljingsprosess på samfunnsplan, og det er difor dei mindre gode kristne verdiane som kvinneundertrykking og synet på homofili ikkje lenger gjeld i Noreg. Dei grunnverdiane vi no har burde heller kallast for norske, fordi dei gjeld i det norske samfunnet. Dette vil gjere det lettare for innflyttarar å akseptere desse verdiane. Ho trur at dei rådande verdiane ikkje vil svekkast sjølv om kristendommen misser påverknadskraft.

Eg trur eigentleg at verdiane vil bestå uansett. Det kjem jo også litt an på om innvandrarar kjem med andre verdiar. Likevel vil eg tru at dei kristne verdiane, eller dei vi har frå før av, vil bli med vidare. Trur ikkje at innvandrarar utgjer ein trussel, men når verdiane skal introduserast burde ein kanskje kalle dei for norske verdiar og ikkje for kristne, for at dei med ein annan religion ikkje skal bli støtt. Men sjølv sagt er dei ikkje berre norske. (Sofia)

Informantane ser stort sett på verdiane som sjølv sagte og universelle. Ella, som har eit kristent livssyn, framhevar det kristne innslaget i samfunnets rådande verdiar.

Vi tilgir kvarandre syndene våre. Vi seier det i Fader vår. Det er det mykje bygd på. Det er viktig for samfunnet. (Ella)

Medan det er usemje blant informantane om skulen sin formålsparagraf burde vise til kristendom (sjå kap. 4.2.2), er alle einige om at referansar til kristendom og humanismen burde få stå i Grunnlova. Abraham er som ved tidlegare spørsmål skeptisk til om kristendommen betyr så mykje for dagens nordmenn, men han er positiv til at dette står så tydeleg i Grunnlova. På denne måten får kristendommen ein normativ appell.

Kva tid blei lova skriva? Den må vere veldig gammal. Då var dei [nordmenn] meir kristne. Det er bra at det står der. (Abraham)

Også Yngve er glad for Grunnlova er forankra i kristen kultur og historie. Han tenkjer at samfunnet vårt i dag har samanheng med den kristne arven og dei kristne verdiane.

Det handlar om verdigrunnlaget vårt, og det går uansett ikkje an å ta bort. Den fortel oss korleis det er. Vi har jo tatt med mykje frå kristendom som har gjort oss til det landet vi er i dag[. . .] Men treng ein eigentleg ei lov om det? Det er jo slik det er. (Yngve)

Ved sida av det historiske aspektet er Yngve einig i at dette er gode verdiar med eit normativ perspektiv frå lovgivaranes side. Samtidig er han tvilande til at ei lov kan regulere det.

Eg ville også gjerne få fram kva haldningar informantane har om utvalde etiske problemstillingar. Eg plukka ut spørsmål om flyktningpolitikken, surrogati og aktiv dødshjelp, fordi dei representerer viktige debattspørsmål i samfunnet. Dessutan vert slike

aktuelle verdispørsmål ofte diskutert i faget Religion og etikk. Svara viser at verdiane ikkje gir nokon fasit på korleis dei slår seg ned i etisk argumentasjon og moralske handlingar. Sjølv om alle informantane har sagt at dei set menneskeverd og nestekjærleik høgt, svarar dei likevel forskjellig på dei etiske spørsmåla.

Tabell 1 Informantanes svar på etiske spørsmål.

Grønt: mest einig Grått: verken einig eller ueinig Raudt: mest ueinig

	Sofia	Ella	Yngve	Fatima	Abraham	Ahmed
Burde Noreg ta imot fleire flyktningar?	Grønt	Raudt	Grønt	Grønt	Grått	Grønt
Burde ikkje-kommersiell surrogati vere lovleg i Noreg?	Grønt	Grønt	Grått	Raudt	Raudt	Raudt
Burde aktiv dødshjelp på ikkje-kommersiell basis vere lovleg i Noreg?	Grått	Grønt	Grått	Raudt	Raudt	Raudt

Som vi ser av oversikten vil fleirtalet av informantane opne grensene for fleire flyktningar. Berre Ella og Abraham er skeptiske til det. Om det er samanheng med deira kristne bakgrunn er vanskeleg å avgjere. Ella er bekymra for at folk med kristen identitet kan kome i mindretal i Noreg, og Abraham vil at berre dei som verkeleg har gode grunnar for å søkje asyl burde få kome til landet.

I spørsmåla om surrogati og aktiv dødshjelp er det tydeleg at dei norske informantane er meir liberale enn dei framandkulturelle informantane. Desse ytrar bestemt ei negativ haldning. Ahmed peikar på religionen sin som ei etisk rettesnor når han tek stilling til aktiv dødshjelp:

Det må ikkje bli lov. I islam er det ikkje lov, vi kallar det for sjølv mord. (Ahmed)

Mens Ella er udelt positiv til meir liberale ordningar, ser Sofia og Yngve meir på kompleksiteten i sakene. Dei ser at det er fleire gode verdiar som må vegast opp mot kvarandre.

4.5.4 Staten si rolle i religionsspørsmål

I spørsmål om kor mykje staten burde støtte opp om religion i samfunnet og korleis økonomisk støtte burde fordelast tenkjer dei fleste informantar ganske likt. Det er berre Ella som skil seg ut frå dei andre. Informantane meiner i all hovudsak at staten ikkje skal blande seg opp i interne forhold i religionssamfunna, men likevel legge til rette for at alle fritt kan utøve religion.

Det er ikkje privat. Det er viktig for heile samfunnet. Eg tenkjer at alle religionar burde støttast likt. (Fatima)

Fatima understrekar den viktige rolla religionar har i samfunnet, og at staten ikkje burde gjere forskjell på dei. Ahmed tenkjer at det er bra at den statlege støtta er lik per medlem, men at i realiteten favoriserer det offentlege likevel den norske kyrkja, fordi dei har den største bygningsmassen. Sofia påpeikar derimot at det er viktig at staten tek vare på dei historiske kyrkjebygga. Dette er ikkje berre i kyrkjesamfunnet si interesse, men av allmenn verdi.

[Ein burde støtte] gamle historiske bygg og alle moglege historiske ting. Men mest fordi det er allment og historisk. Pengane treng ikkje gå rett til den norske kyrkja. (Sofia)

Sjølv om Ella støttar opp om religionsfridommen, ser ho det som viktigast å støtte opp om kristendom.

Staten burde mest tilpasse seg den kristne religionen. Og dei andre religionane tar sine egne saker. Noreg er jo eit kristent land og då skal vi ikkje legge ut pengar til alle. Då ville mange ha søkt om pengar for å bygge det og det. Vi burde heller fokusere på kristendommen og den norske religionen. (Ella)

Ella meiner at av dei økonomiske midlane ein har til rådighet for religion- og livssynssamfunn, burde det gå mest til kristne samfunn. Dette understreka den latente frykta hennar om at utlendingane med ei anna tru kan kome til landet og stiller krav, både når det gjeld økonomi og andre tilpassingar (sjå også kap. 4.4.3). Det er interessant at ho snakkar om den «norske religionen». Ho opplever kristendom og norsk kultur som vevd saman, og det tyder på at ho meiner både norsk og kristen identitet er i fare. Difor blir det etter hennar sitt syn rett å gje forskjellig støtte til dei forskjellige religionane i Noreg.

4.5.5 Den norske kyrkja si rolle

Kyrkja har gjennom tidene både vore ein del av den kristne kulturarven og ein forvaltar av den. Opplever informantane at Dnk, det største kristne kyrkjesamfunnet, har innflytelse i samfunnet i dag? Dette ville eg finne ut ved å dra fram nokre verdispørsmål som har vore viktige i dei aktuelle debattane.

Det er gjennomgåande at informantane ikkje har fått med seg kva som er kyrkja sitt syn på verken flyktningpolitikk, surrogati eller aktiv dødshjelp. Ved å drive med meir eller mindre gjetting kjem det fram at dei ser på kyrkja som ein konservativ institusjon. Alle informantane veit at det har blitt lov med likekjønna vigsel i kyrkja. Utover dette seier dei norske informantane at dei ikkje har fått med seg andre diskusjonar i kyrkja enn den restriktive haldninga til abort. Samtidig kan det verke som at dei blandar den partipolitiske debatten

kring abort med kyrkja sitt syn. Somme ser på partiet Krf som dei kristne si røyst og som eit talerøyr også for kyrkja.

Fatima seier at ho føler seg heilt blank på spørsmåla kring Dnk. Alle dei andre informantane trur at kyrkja er imot både surrogati og aktiv dødshjelp. Svara er meir sprikande og usikre når det gjeld spørsmålet om kyrkja støtter ein restriktiv eller liberal flyktningpolitikk. Sofia uttrykkjer usikkerheita slik:

Det er vanskeleg å vite. Som kristen burde du tenkje at det er plass til alle i Guds hus, samtidig veit ein at mange kristne er på høgresida i politikken. Men eg trur likevel at dei er liberale i asylsaka og ville ha sleppt inn fleire [flyktningar]. (Sofia)

Ho tenkjer at kyrkja støttar høgresida i politikken som tradisjonelt har gått inn for ein streng flyktningpolitikk. På den andre sida ser Sofia verdiar som menneskeverd og nestekjærleik, som ho meiner gir utslag for at kyrkja opnar opp for å ta imot fleire flyktningar. Ella og Yngve er også i tvil, men trur at kyrkja ser det som viktigast å hegne om det norske og kristne. Difor trur dei at kyrkja helst vil avgrense tilflytting av flyktningar.

Kyrkja er jo ein ganske konservativ del av samfunnet. Dei vil bevare det norske. Kanskje dei ikkje vil miste eit fleirtal av kristne i sitt land. (Yngve)

Også Ella tenkjer at kyrkja er oppteke av å halde på sin posisjon som representant for den religiøse majoriteten i Noreg. Ahmed og Abraham er derimot nokså sikre på at kyrkja går inn for å hjelpe fleire.

Dei som går i kyrkja og dei som er kristne, dei vil sikkert hjelpe meir. Det er religion! (Abraham)

Mens dei norske informantane tenkjer på kyrkja og dei kristne som konservative og bakstreverske krefter i samfunnet, har Ahmed og Abraham ei meir positiv innstilling til religion generelt. Det kan tolkast som at dei tenkjer at kristendom vil fremje gode verdiar og vil vere på dei svake si side.

Alle informantane bortsett frå Abraham ser det som sjølvsagt at både kristne leiarar og leiare frå andre religionar og livssyn må få lov å delta aktivt i samfunnsdebatten. Dei har på lik linje med andre samfunnsaktørar ein demokratisk rett til å ytre meiningane sine. På denne måten vil det bli kjent kva dei forskjellige livssynssamfunn står for. Sofia påpeikar at representantar frå Dnk må opptre varsamt og vere seg bevisst kven dei representerer.

Alle er ikkje så veldig truande, difor treng ikkje kristne leiarar å bestemme så mykje i samfunnet heller, men kan halde seg mest til Gud og sånt. Dei kan ikkje snakke for alle medlemmane sine, fordi dei meiner mykje forskjellig. (Sofia)

Sofia seier at sjølv om 70% av befolkninga er kyrkjemedlemmar, kan ikkje kyrkja fungere som talerøyr for alle desse. Det er mange forskjellige grunnar til at folk står som medlem i Dnk. Dei burde difor gjere det Sofia oppfattar som kjerneoppgåva deira, nemleg formidling av tru. Abraham har eit avvikande syn.

Nei, religiøse samfunn burde ikkje blande seg så mykje inn. Før bestemte religionen i samfunnet, men no kan den ikkje det. Og politikken kan ikkje styre over religionen heller. Det er bra! (Abraham)

Han går inn for eit strengt skilje mellom religion og politikk og tenkjer at det er best om religion ikkje har påverknad på eit lands politikk. Det er heimlandet Eritrea han viser til i denne utsegna. Abraham har ikkje opplevt religiøse maktutøvarar som demokratiske samfunnsaktørar.

4.5.6 Oppsummering

Det er ikkje lett å avgjere kva som er informantane si generelle haldning til kor mykje kristendom som religion og kulturarv betyr for samfunnet. I all hovudsak ser det ut som at dei er fornøgde med korleis kristendommen blir praktisert i Noreg, men dei har ikkje sagt så mykje om korleis dei meiner den kristne kulturarven burde forvaltast. Informantane støttar tydeleg tanken om religionsfridom, men når det kjem til utøving av religion ved t.d. bruk av religiøse klede, er to av dei likevel skeptiske.

Informantane opplever kristendommen som historisk forankra i Noreg, men at kristendommen som religion står svakt i befolkninga og særleg blant ungdomar. Informantane ønsker ikkje fleire kristne skikkar, men vil halde på dei kristne høgtidene. Dei ser på dei rådane verdiane som allmenngyldige og ikkje eintydig kristne. I motsetning til synet om kristenreferansen i Formålsparagrafen vil alle informantane likevel halde fast ved grunnlovsforankringa av den kristne arven. Sjølv om dei er innforstått med dei rådande verdiane, vurderer dei konkrete etiske utfordringar ulikt. Dei norske informantane er meir liberale i etiske spørsmål enn dei utanlandske. Dette kan peike på at skiljelinjene heller går ved oppvekst i vestleg/ikkje-vestleg kultur enn at dei går ved ulik religion.

Informantane er einige om at det er viktig med religionsfridom i Noreg, og at staten burde legge til rette for fri religionsutøving. Ein informant meiner at kristendom, med bakgrunn i sine historiske røter og si forankring i norsk kultur, burde forfordelast fram for andre religionar.

Det verkar som om informantane ikkje har oppfatta kor kyrkja står i politiske spørsmål. Kyrkja blir sett på som bakstreversk og blir plassert på den høgre sida av det politiske meiningsfeltet. Likevel går fem av informantane inn for at representantar frå både kristelege institusjonar og andre religionar og livssyn skal kunne vere aktive stemmer i samfunnsdebatten. Utover dette vil ikkje informantane at dei skal få ein reell maktposisjon i politikken.

5 Drøfting

Målet med oppgåva er å svare på korleis ungdomar opplever den kristne kulturarven i Noreg i dag. Eg har presentert ei rekke relevante funn som kastar lys på problemstillinga. Vidare har eg greidd ut om tidlegare forskning og teoriar som er relevante for forskingsmåla. I dette kapittelet skal eg drøfte korleis funna heng saman med teorien på feltet, og korleis dei metodiske grepa kan ha påverka resultatata.

5.1 Møter ungdomar den kristne kulturarven med interesse og opplever dei den som personleg relevant?

5.1.1 Interesse

Alle informantane svarar i intervjuet at dei opplever samtaleemnet som interessant. Dette er også eit gjennomgåande inntrykk eg fekk i alle intervju. Informantane var enkle å snakke med, dei dreiv samtalen framover og svarte på omtrent alt etter at dei hadde fått reflektere over spørsmåla. Dette kan verke overraskande fordi dei sa at dette ikkje var noko dei var opptekne av i kvardagen. Mens informantane med utanlandsk bakgrunn synest det kunnskapsmessige aspektet er viktigast, tar informantane som har vakse opp i Noreg den kristne kulturarven meir for gitt. Dei er ikkje så opptekne av kva denne arven betyr i dag, men er likevel veldig glade i tradisjonane med kristne røter, t.d. dei kristne høgtidene. Dei norske informantane er interesserte i den samfunnsaktuelle debatten kring innvandring og kva pluralisering har å seie for samfunnsutviklinga. Det ser ikkje ut som at dei utanlandske informantane har blitt konfrontert med oppfatningar om at innvandring kan true den kristne kulturarven i Noreg, og dei har ikkje møtt strukturelle stengsler for livsutfoldinga si.

På den eine sida føler eg meg heldig som har fått tak i seks informantar som var så lette å kome i tale med. På den andre sida er det ikkje så overraskande heller, sidan informantane melde seg frivillig til intervju. Ein føresetnad for deltaking var nettopp at dei skulle vise ei viss interesse for emnet. Hadde informantane blitt plukka ut heilt tilfeldig, kunne eg ha blitt møtt av meir tause samtalepartnarar. I utarbeiding av intervjuguiden hadde eg tatt høgde for eit slik scenario og difor laga mange og detaljerte spørsmål som skulle få intervjuobjekta på gli. Dette viste seg å vere unødvendig, samtalen gjekk lett og vi slapp å holde oss slavisk til manuset.

Lippe og Skeie viser at ungdom flest er lite interesserte i religion, og at dette ikkje er eit naturleg samtaleemne blant venner eller i heimen (Okstad, 2009). Dette stadfestar også Ella, og ho vedgår at ho tidlegare ikkje hadde tenkt på mykje av det vi tok opp i intervjuet (kap. 4.2.1). Derimot viser forskarane til at sjølv om ungdom ikkje er så opptekne av religion, så er dei interesserte i eksistensielle og meir generelle livsspørsmål (Okstad, 2009). Det er også mitt inntrykk som religion- og etikk lærar. Sjølv om elevane ofte er skeptiske mot religionane og det å lære om dei, så er dei interesserte i å snakke om etiske spørsmål og religionen si betydning i samfunnet i dag. Sånn sett er det naturleg at diskusjonen kring den kristne kulturarven i samfunnet triggjar interessa. Likevel må eg gå ut frå at ved eit breiare og meir tilfeldig utval av informantar, ville eg nok møtt nokre som syntest at emnet var kjedeleg og lite motiverande å snakke om.

5.1.2 Viten

Ein må også ta med i betraktning at interesse for samtalen er ein ting, mens interesse for gjenstanden i samtalen kan vere noko anna. Eg vil påstå at det ikkje kan sporast stor entusiasme kring den kristne kulturarven hos informantane, noko som også viser seg i kunnskapsnivået. Dei muslimske informantane veit i grove trekk kva den kristne trua går ut på, men ser få spor etter kristendommen i det norske samfunnet. Ahmed meiner at det religiøse livet i heimlandet Syria er meir synleg enn kva kristenlivet i Noreg er (kap. 4.1.1). Ahmed og Fatima har lært mest om kristendommen gjennom koranopplæring i heimlanda sine. I Noreg har dei ikkje gått gjennom grunnskuleløpet og har difor ikkje følgt den norske læreplanen for grunnskulen. I sitt eige opplæringsløp har dei berre sporadisk kome innom opplæring om religiøse uttrykk i Noreg. Ein kan lure på om dette ikkje er eit forsømt moment i integreringsprosessen. Sidan skulens styringsdokument legg opp til dialogkompetanse mellom kulturane, er det rart at det ikkje blir satsa betre på opplæring av immigrantar som kjem til Noreg som er eldre enn grunnskulealder. Eg kan ikkje sjå at det finst undersøkingar som har tatt føre seg innvandrarars kjennskap til den kristne kulturarven, noko som er tankevekkande.

Dei muslimske informantane vil gjerne lære meir om den kristne kulturarven, fordi dei ser den som ein del av den kunnskapen ein som innbyggjar i Noreg burde ha. Dei norske informantane kjenner naturleg nok til fleire kristne symbol og kulturinntrykk og har betre innsikt i kva den kristne trua går ut på. Men det ser ikkje ut til at denne kunnskapen sit langt framme i medvitet. Dei kan heller ikkje på ståande fot kome på bibelhistorier som har festa seg. Røe

Isaksen (2007) meiner at den kristne kulturarven gir menneske ei kollektiv tolkingsramme for tilværet, og gjennom bibelforteljingane eit språk til å uttale seg om etiske spørsmål. Denne påstanden kan ikkje mine funn stadfeste. Ein kan ikkje lenger rekne med at dagens ungdom har nok kunnskap til å fortolke den kristne kulturarven som omgir dei. Ein kan også spørje korleis ungdomar oppfattar dei mange kristne referansane som særleg populærkultur med opphav i USA enda har. I den amerikanske HBO serien *The Handmaid's tale* blir ei forteljing frå Første Mosebok utgangspunkt for handlinga. Det at Rakel fører slavekvinna Bilha til mannen sin for å føre slekta vidare (1 Mos 30,3), blir i serien til ei institusjonalisering av fruktbare kvinner som fødemaskiner i eit futuristisk og fundamentalistisk religiøst samfunn. Når bibelkunnskapen minkar, er det ikkje sikkert at dei unge vil skjønne samanhengen med Bibelen i det heile tatt. Men det kan også tenkjast at slik bruk av bibelstoff, lausrive frå sin kontekst, bidrar til å stadfeste føredommane dei måtte ha til religion.

Opplæring i kristen kultur har ikkje lenger same prioritering i utdanninga som før, fordi elevane no skal lære om fleire kulturarvar. Skulen er ikkje berre ein reiskap for å bygge det samfunnet ein vil ha, den er også eit spegelbilde av det. Tidlegare møtte elevane i større grad bibelstoff også på i fritida, t.d. gjennom søndagsskule og konfirmantundervisning, no kan ikkje lenger lærarane støtte seg på dette.

Informantane tenkjer mest på dei kristne høgtidene, søndagen som felles fridag og skuleferiane kring påske og jul som tydelege markørar for den kristne kulturarven. Dei trekker ikkje ein link mellom den synlege kristne kulturarven og den levde religiøsiteten i Noreg. Tvert imot meiner Abraham at sjølv om Noreg vert kalla eit kristent land, ser han lite til levd kristen religiøsitet (kap. 4.5.1).

5.1.3 Personleg relevans

Utover det reint kunnskapsmessige ser det ikkje ut som at den kristne kulturarven betyr noko for informantane, verken når det kjem til utforming av personlegdom eller i dagleg livsutfalding. Dei muslimske informantane ser innsikta i den kristne kulturarven som ein av nøklane til integrering. For alle informantane kjem juletradisjonane på første plass når dei skal nemne tradisjonar med rot i kristendommen. Dei norske informantane er veldig opptekne av alle skikkane rundt julehøgtida, både på skulen og elles i samfunnet. Utsegn som «jula er så koseleg» (Sofia i kap. 4.2.1) er typiske, og informantane uttrykkjer til tross for sin unge alder ein følelse av nostalgi. Dei tenkjer gjerne tilbake på fine stunder med venner og familie i

barndommen og prøver å gjenopplive desse minna ved å delta aktivt på skulen sine tradisjonar og tilstellingar i jula (Yngve i kap. 4.2.2). Berre ein informant opplever at kristne verdiar og tradisjonar har ytt eit stort bidrag i forminga av identiteten hans (ibid.). Det er nettopp dette som burde ligge til grunn for at skulen formidlar kunnskap om den kristne kulturarven. Kvifor skulle elles ikkje-kristne elevar vere opptekne av formidling av kunnskap om denne arven, viss det ikkje var for å forstå og tolke dei kulturelle rammene rundt seg? Iversen (2017) har vist at vi er på veg bort frå tanken om at skulen skal utdanne elevane til å bli ein del av ein stor fellesskap med eit repertoar av felles forteljingar og verdiar.

Kor mykje den kristne kulturarven betyr reint personleg kan vere avhengig av graden av religiøsitet. Nokså tilfeldig er det to muslimar (Ahmed og Fatima), to kristne (Abraham og Ella) og to med ikkje-religiøse livssyn (Sofia og Yngve) blant informantane. Berre dei utanlandske informantane ser ut til å praktisere trua si i det daglege. Blant dei norske har Ella ein kristen identitet, mens dei andre to ikkje er truande. Ingen av informantane har fundamentalistisk syn på verken religion eller livssyn. Dersom det hadde vore ny-ateistar, nyfrelste kristne eller islamististar blant intervjuobjekta kunne ein ha venta sterkare haldningar for eller mot den kristne kulturarven. Samtidig er det heller sjeldan at skulen har elevar med sterke religiøse meiningar. Eg pleier oppleve at det er både få konservativt kristne og få sterkt religionskritiske elevar i kvar klasse. Dei fleste elevane har eit heller ikkje-kristent livssyn, mens somme har ei meir eller mindre sterk kristen tilknytning. Elevar med muslimsk tru er svært sjeldne i dei vanlege klassene på denne skulen. Samla sett vil eg seie at utvalet av dei norske informantane er nokså representativ for fleirtalet av elevane eg møter til dagleg.

Både Høeg (2017) og KIFO-rapporten (Rafoss, 2017) har funne ut at det er relativ stor svekking av religiøsitet blant ungdom. Det har vore ein markant nedgang i både gudstru og gudstenestebesøk, samtidig er det likevel mange som enda kallar seg kristne. Ella passar inn blant dei sistnemte med sin ikkje-praktiserande kristne identitet. Yngve og Sofia tilhøyrer gruppa med sekulære ungdomar, sjølv om dei ikkje avviser det å ta del i kristne tradisjonar. Sjølv om Yngve kallar seg agnostikar, har han dessutan ei nærmast kultur-kristen tilnærming slik som Knausgård (2015) beskriv som ein følelse som lengt etter heilskap. Høeg tenkjer heller ikkje at det dreier seg om ei radikal sekularisering av ungdom, men at det er heller snakk om pluralisering og individualisering.

Lippe og Skeie kan vise til at det ved sidan av desse klare nedgangstendensane også finst ungdomar som har religion som ein svært viktig del av livet (Okstad, 2009). Men mens dei kristne gjerne underkommuniserer religiøsiteten sin, verkar dei muslimske ungdomane meir

frimodige. Høeg (2017) viser til forskning som seier at sjølv om også minoritetsreligiøse ungdommar har blitt påverka av sekularisering, viser dei ein sterkare religiøs identifikasjon og meir gudstru enn majoritetsungdommane. For dei utanlandske informantane mine ser dette ut til å stemme. Også Sofia har eit inntrykk av at dei muslimske innvandarane ofte er religiøse. Ho tenkjer at mens norsk ungdom ikkje bryr seg så mykje om religion, er muslimar meir engasjert i trua si (Sofia i kap. 4.5.1).

Både når det gjeld den viste interessa i samtalen og den heller labre personlege betydninga for informantane, verkar det som at tidlegare forskning stemmer overeins med funna mine. Det var derimot høgare engasjement og samtaleflyt enn eg hadde forventa, noko som kan kome av den frivillige deltakinga frå interesserte informantar. Ei kvantitativ undersøking ville kunne avgjort om funna mine viser eit treffande bilde av ungdoms interesse for den kristne kulturarven.

5.2 Opplever ungdommar at skule og samfunn bygger på kristne verdiar?

5.2.1 Verdiar i teori og praksis

Det er ikkje lett for informantane å forholde seg til det abstrakte verdiomgrepet. Dei utanlandske informantane har kort fartstid i Noreg og ytrar at dei ikkje er så godt kjende med dei rådande verdiane i samfunnet. Dei blei så presenterte for verdiane på deira eigen skule: dialog, ansvar, mangfald, og meistring (Verdiar, 2016) og dei som står i Formålsparagrafen: (2008) respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet. Informantane er einige i at dette er gode verdiar, og dei muslimske informantane er i tillegg sikre på at desse også gjeld i islam.

Dei norske informantane har forskjellig oppfatning av om desse verdiane kan kallast kristne. Mens Ella (kap. 4.5.3) framhevar at tilgjeving er ein viktig kristen verdi som står i *Vår Fader* og som samfunnet er bygt på, er Yngve og Sofia meir kritiske til å setje ein kristen merkelapp på dei rådande verdiane i samfunnet. Sofia tenkjer at både i Bibelen og gjennom historia har mange forskjellige verdiar blitt kalla for kristne verdiar. Fleire av dei har ein no gått vekk frå, og verdiar som diskriminering av homofile og kvinneundertrykking er ikkje lenger aksepterte i Noreg. Difor går ho heller inn for å kalle verdiane som samfunnet er bygd på, for norske verdiar (Sofia i 4.5.3).

Det Sofia tar opp blir også belyst av Syse (2018) når han seier at heller ikkje dei kristne verdiane er statiske, men som må forhandlast fram. Ved sidan av verdiar som blir situert i tid og rom finst det ifølgje forskaren verdiar som er så overordna og sjølvinnlysande at dei ikkje treng å forhandlast om. Syse tenkjer at menneskeverdet og dei andre verdiane i Formålsparagrafen kan oppfattast som overordna verdiar, og dette kan dermed forklare kvifor alle informantane kjenner seg igjen i dei. Samtidig er dei så vide og lite konkrete at dei etterlet eit stort tolkingsrom.

Iversen (2017) er imot å tilskrive forskjellige religionar, livssyn eller kulturar spesifikke verdiar. Han forfektar synet at det er større diversitet innåt enn på tvers av kulturane. Dette synet bygger opp under ståstaden om at det er vanskeleg å tilskrive ulike religionar visse verdiar, og det er difor rimeleg at alle informantane opplever dei nemnte verdiane som sine. Sofia ser ikkje på verdiane som objektive storleikar som er statiske gjennom historia, men meiner at dei gjennomgår ei utvikling der samfunnet til ei kvar tid avgjer om dei kan vurderast som gode. Iversen tenkjer at nettopp denne utviklinga må skje gjennom demokratisk deltaking i samfunnsdiskusjonar (Eriksen, 2008a).

Gule (2005) vil ikkje vere einig med Ella i at tilgjeving er ein kristen verdi, sidan dette også er ein verdi i andre religionar og livssyn. Han er dessutan av same oppfatning som Sofia om at det er feil å seie at samfunnet bygger på kristne verdiar, når det er andre enn kristne aktørar som har kjempa fram verdiane som vi ser på som berande i dagens samfunn.

At verdiane har eit stort tolkingsrom blir tydeleg i svara eg fekk av informantane om innvandring, surrogati og dødshjelp (sjå kap. 4.5.3). Menneskeverd er ein viktig faktor for å avgjere dei nemnte dilemmaa, men likevel svarar informantane ganske forskjellig. Alle dei tre utanlandske informantane er imot å legalisere aktiv dødshjelp og surrogati og grunnjev dette i eigen kultur og religion, mens dei tre norske er meir liberale. Når det gjeld spørsmålet om ein skal gjere det lettare for flyktningar å ta seg til Noreg, skil dei to kristne informantane seg ut. Ella vil ikkje ha fleire flyktningar, fordi ho vil beskytte den norske kulturen. Ella sine svar var overraskande og stemmer ikkje overeins med det ein kunne vente av ein kristen person, om ein tar den europeiske PEW undersøkinga (2018) som samanlikningsbakgrunn. Svara hennar stemmer derimot godt overeins med korleis kultur-kristne respondentar svarar. Desse utmerka seg ved å svare temmeleg likt dei ikkje-kristne respondentane i etiske spørsmål og meir negativt om flyktningar enn både dei kristne og ikkje-kristne respondentane. På denne måten liknar Ella på Karlsen (Akerhaug, 2016), som brukar den kristne kulturarven som forsvarsskjold mot framande religionar.

Dnk sitt syn på aktiv dødshjelp og surrogati er samanfallande negativt, slik som dei truande muslimske informantane og den ortodoks-kristne informanten. Derimot har Dnk ein klar positiv posisjon når det gjeld å hjelpe fleire flyktningar inn i landet. Men dette synet deler ikkje alle kristne kyrkjer i verda. Dette dømet viser at heller ikkje dei kristne er samde korleis menneskeverdet skal tolkast i konkrete situasjonar. Samtidig kan det verke som at Dnk ikkje har vore flink nok til å kommunisere denne haldninga utåt. Informantane veit ikkje kva syn kyrkja representerer i etiske spørsmål. Berre informantane frå Eritrea og Syria trur at den norske kyrkja engasjerer seg i flyktninghjelp. Dei andre er meir usikre og tenkjer heller at kyrkja vil stenge andre religionar ute for å halde på sin hegemoni i samfunnet. Informantane tenkjer også at kyrkja er mot surrogati og aktiv dødshjelp. Dei norske informantane meiner dette viser at kyrkja er ein konservativ institusjon. Generelt er det vanskeleg for dei å skilje kyrkja sine synspunkt frå ytringar frå andre kristne aktørar som t.d. Krf. Her viser det seg at særleg dei norske informantane ikkje ser udelt positivt på det dei oppfattar som eit kristent verdissyn. Dei opplever at dei kristne verdiane er på kollisjonskurs med det som bli opplevd som dei rådandane verdiane i samfunnet, og at kristne aktørar forpurrar samfunnsutviklinga.

Eg er overraska over at funna viser eit tydeleg skilje mellom dei framandkulturelle og dei norske informantane i spørsmålet om innvandring. Som vi tidlegare viste, meiner Iversen at det ikkje finst ein verdihomogenitet innåt i kulturane, men funna mine peikar i motsett retning. Sidan det er så få informantar kan det ha vore tilfeldigheit i spel. Likevel vil eg på grunnlag av min kjennskap til denne aldersgruppa, påstå at den liberale innstillinga i den norske informantgruppa er nokså vanleg. Muslimar og andre personleg truande elevar tar oftast avstand frå surrogati og aktiv dødshjelp. Sjølv om det finst avvik, antydar funna mine, saman med bakgrunnskunnskapen min som lærar, at ulike religionar, livssyn og kulturar kan ha ulike verdiar.

5.2.2 Syn på verdiforankringa i Formålsparagrafen

Informantane ser på verdiane i Formålsparagrafen som gode og rette for opplæringa. Ingen kan hugse å ha høyrte om innhaldet til Formålsparagrafen før, og informantane vart overraska over at den kristne arven eksplisitt er nemnt. Ella hadde trudd at pluralisering og sekularisering hadde tvinga fram ei meir nøytral formulering (Ella i kap. 4.2.2). Sjølv om også dei to muslimske informantane tenkjer at dei i islam har dei same verdiane, har dei ikkje noko imot at verdiane blir karakteriserte som kristne verdiar. Fatima og Ahmed har forståing for at staten vil ha med kristendom i ei lov om norsk skule, og tenkjer at det ikkje er galt om også

ikkje-kristne får opplæring i dette (Fatima i kap. 4.3.2). Dei to kristne informantane Ella og Abraham ser på lova som ei teikn på at den kristne kulturarven skal takast vare på i skulen, så lenge det ikkje går utover religionsfridommen (Ella i kap. 4.3.2). Dei to ateistiske, norske informantane vil gjerne ha med desse verdiane i lova, men ser kritisk på formuleringa om den kristne og humanistiske kulturarven. Mens Sofia helst vil kutte heile formuleringa og heller berre bruke menneskerettar som eit nøytralt døme, meiner Yngve at ein burde snu om på formuleringa. Han ville ha føretrekt at verdiane stod først for så vise til religionane og livssyn der ein finn desse, utan å framheve kristendom særskilt (Yngve i kap. 4.3.2).

Stålsett-utvalet uttalte si misnøye med formuleringane i Formålsparagrafen, fordi verken livvsynsmessing likestilling, ikkje-diskriminering og religionsfridom vert ivareteke (NOU 2013:1, 2013). Ved å bygge opplæringa på kristen arv, fryktar utvalet at mange ikkje-kristne elevar vil føle seg diskriminert. Ella var også i sin argumentasjon inne på at det er ein balansegang mellom ein skule med kristent verdisyn og religionsfridom. Dei muslimske informantane ser derimot ikkje ut til å føle seg diskriminerte, dei forstår formuleringa mest som eit standpunkt frå staten si side og ikkje som eit pålegg om å tilpasse seg kristen kultur. Dette kan forklarast med funnet som Lippe og Skeie (2009) gjorde om at blant ungdom er dei muslimske ungdomar mest tolerante overfor andre religionar. Dei veit at tru er viktig og har forståing for andre si tru.

Dei ikkje-kristne informantane ser tydeleg det same konfliktpotensialet i Formålsparagrafen som Stålsett-utvalet, både på grunnlag av eige ikkje-kristent livssyn og som forkjemparar for likebehandling av religionar. Det kan verke forunderleg at ein 18-årig informant som ikkje har sett seg inn i problematikken frå før av, resonnerer seg fram til omtrent den same ordlyden i Formålsparagrafen som Bostad-utvalet (NOU 2007:6, 2007) gjorde. I forslaget som både informanten og Bostad-utvalet kom med, er ein ikkje opptekne av å forankre verdiane i ein spesiell religion eller eit livssyn, men ein stolar på at verdiane kan stå på egne bein.

5.2.3 Syn på verdiforankringa i Grunnlova

Sidan det var forskjellige oppfatningar blant informantane når det gjaldt formuleringa om den kristne kulturarven, kunne ein forvente det same om verdiforankringa i Grunnlova.

Overraskande nok var dette ikkje tilfelle. Alle informantane var ut av forskjellige grunngevingar positive til at den kristne arven er nemnt i Grunnlova. Dei to med ateistiske livssyn peikar på at kristendomshistoria har påverka dagens samfunn i så stor grad at det er

rett at verdigrunnlaget blir nemnt i Grunnlova. Ein informant undrar seg likevel over korleis ei slik lov skal få praktisk betydning, sidan det neppe vil vere mogeleg å gjere juridisk krav på verdiane (Yngve i kap. 4.3.3).

Ein kan spekulere i kva denne samstemte positive haldinga kjem av. Eit mogeleg argument kan vere at det i Grunnlova ikkje er nemnt spesifikke verdiar som i Formålsparagrafen. Informantane føler ikkje på same måten at eigne verdiar blir kuppa av kristendom og humanisme. Ei anna forklaring kan vere at Grunnlova blir sett på som ei overordna og historisk lov, som ikkje på same måte som Opplæringslova vil kunne påverke kvardagen til informantane. Dei to informantane som er kritiske til Formålsparagrafen har begge uttrykt si historisk interesse, og det kan tenkjast at dei ser det som hensiktsmessig å setje Grunnlova i ei historisk ramme.

Iversen (2017) argumenterer derimot mot at Noreg sitt verdigrunnlag skal byggast på den kristne og humanistiske arven. Etter hans oppfatning er det ikkje mogeleg å bygge eit samfunn på verdiar som er dynamiske og under stadig forandring. Iversen ser også, til liks med informantane, at paragrafen er meint mest i historisk forstand for å vise røtene til dagens Noreg. Informantane legg ikkje vekt på pronomenet «vår» i formuleringa om den kristne og humanistiske arven. Iversen meiner at slike uttrykk er ekskluderande for alle som ikkje har denne arven. Ingen av informantane ser dette på same måte som Iversen. Dei føler seg ikkje ekskluderte og er einige med Nordhaug (2016), som ser på paragrafen som mest ei historisk forankring. Den uttrykkjer eit signal om å ikkje gløyme at røtene til demokratiet og rettsstaten ligg i kristen og humanistisk arv.

Det er vanskeleg å konkludere eintydig om informantane meiner at det norske samfunnet er bygt på kristne verdiar. Dei meiner at verdiane som blir sett som kristne heller er av allmenn gyldigheit. Då blir det eit paradoks at alle synest at det er rimeleg at Grunnlova har med ei formulering om eit kristent verdigrunnlag. Det verkar som at dei anerkjenner dei kristne røtene verdiane i Noreg har, men når det kjem til den praktiske betydninga på skulen, vil fleire av informantane heller tone ned den kristne arven for å fremje prinsippa om eit likestilt og mangfaldig samfunn.

5.3 Meiner ungdomar at kristne verdiar og kulturuttrykk skaper fellesskap?

5.3.1 Eit ønske om fellesskap

Fellesskap er noko alle informantane er opptekne av. Dei tenkjer at auka samkvem mellom elevane på skulen er ein positiv ting. Å bli kjent med ungdomar som kjem frå andre land kan bety å få betre innsikt i andre kulturar og kan forhindre fordommar. Mens ein av informantane synest det er viktig at ein stadig får input utanfrå for å utvikle seg, meiner ein annan at det å oppleve korleis ein framand kultur er, styrkar samhaldet i eigen kultur (kap. 4.4.1). Auka samkvem kan slik sementere ulikskapane ved å synleggjere desse. Dei utanlandske informantane framhevar at det er viktig å integrere seg og å bli oppfatta som vanlege medlemmer i samfunnet. Det verkar som at det berre er desse som ønsker seg ekte fellesskap og vennskap på tvers av kulturane, mens dei norske opplever kontakt med folk frå andre kulturar mest som berikelse for seg sjølv.

Tjora (2018) stadfestar at det å bygge fellesskap har fått auka merksemd dei seinare åra. I ei verd der mange opplever individualisering og pluralisering som truslar mot fellesskapet oppdagar ein kor viktig dette er. Menneske har alltid søkt sosialt samkvem med andre, men tidsånda gjer at ein i dag opplever desse bindingane som meir skjøre og flyktige.

Informantane ser dei positive sidene som fellesskap på tvers av kulturane gir, og er samtidig vare på dei som ikkje er inkluderte i fellesskapen. Men det å vere oppteken av fellesskap er ikkje det same som å oppleve den. Sjølv om dei løfter fram ønsket om å bli kjent med ungdomar med ein annan bakgrunn, innser dei at realiteten både på skulen og i samfunnet er ein annan. Det er ikkje så vanleg å ha venner frå andre kulturar enn sin eigen. Særleg gjeld dette for dei norske informantane, mens dei utanlandske informantane tilhøyrer ei kulturell heterogen skuleklasse med elevar frå fleire land. Det dei likevel saknar, er kontakten med norske elevar.

Informantane er ueinige om kva som gjer at avstanden mellom den nye framandspråklege klassa og resten av skulemiljøet vert opplevt som stor. Både språkproblem og kulturforskjellar kan ligge bak det at dei berre har sporadisk kontakt. Det verkar som at det er ei felles oppfatning av at problemet ligg mest på dei norske si side, fordi desse har ein annan mentalitet og slit med å vere opne og imøtekomande med ukjente folk. Samtidig opplever informantane at det manglar eigna møteplassar, og i ein travel skulekvardag blir nye bekjentskap nedprioritert. Ingen av informantane tenkjer at religion er eit særleg hinder for å bli betre kjent med kvarandre. Dette kjem av at det er nesten ikkje er teikn på utøvd religion

på skulen, og at informantane berre i juletida opplever at den kristne kulturarven gjer seg gjeldande.

5.3.2 Korleis bygge fellesskap?

For dei norske informantane som bur på hybel betyr juletida mykje, og alle tradisjonane gjer at skulen blir som ein annan heim for dei i førjulstid. Tjora (2018) seier at det er viktig å skape fellesarenaer for sosialt samkvem. Dei er det mange av på skulen til informantane i førjulstida, men dei blir brukt mest av dei innfødde elevane. Likevel ser ingen av dei utanlandske informantane den manglande kontakten med dei norske elevane som problematisk. Dei tenkjer at det er eit tidsspørsmål før det går seg til. Informantane oppfattar seg ikkje utestengde, og dei deltar gjerne på juletradisjonar utan å føle seg diskriminerte.

Dei norske informantane stiller seg annleis til dette. Dei meiner at det som for dei vert opplevt som ein koseleg fellesskap, kan verke ekskluderande for dei som ikkje høyrer til i same kulturen. Sjølv om dei ikkje har reflektert så mykje over temaet tidlegare, innser dei ved ettertanke at juletradisjonane kan tolkast som religiøse og på denne måten gjer det vanskeleg å delta for dei som ikkje er kristne eller ikkje har vekse opp i denne tradisjonen. Det er ikkje så rart at dei ikkje tenkjer på dette når dei sjølve er på leit etter sin eigen plass i fellesskapen. Tjora (2018) forklarar dette med at ein lett er blinde for dei som er utanfor. Eigentleg tenkjer dei norske informantane at jula, slik den blir markert på skulen, har lite med kristendommen å gjere og difor burde kunne vere samlande for alle. Dei meiner ein burde fjerne spesifikt kristne element som julesongar og bibellesing frå juleavslutninga. På denne måten kunne tradisjonane i førjulstida bidratt til at elevane blir sveisa betre saman. Tjora (2018) tenkjer ikkje at tradisjonar treng ha ei lang historisk forankring, men at også dei som utviklar seg i moderne tid kan verke samlande. Elevane på skulen kjem stadig opp med nye forslag til koselege ting ein kan gjere i førjulstida, som nissefestar, adventskalendrar og kåring av det finast pynta klasserommet. Desse tradisjonane framhevar det sekulære perspektivet elevane har på jul. Difor kan ein hevde at slik misser desse tradisjonane sin tilknytning til den kristne kulturarven.

Ei anna moglegheit kunne ha vore å satse offensivt på kristne uttrykk som fellesnemnar for elevane. Ein informant vil ikkje gi slepp på nokon eigne tradisjonar, og meiner at kristne element absolutt burde vere til stades på ein skule i eit kristent land, sjølv om dette kan gå på bekostning av fellesskapen på skulen (Ella i kap. 4.4.2). Informantane ser kva tilstellingane i

jula betyr for miljøet på skulen, men samtidig kjenner dei på at det ligg ein kristen hegemoni over dei. Uttalen til Stålsett-utvalet peikar også i to forskjellige retningar. På den eine sida går medlemmane inn for at det burde skapast sekulære lågterskeltilbod for alle, mens dei på den andre sida meiner at alle må tole å bli utsett for religiøse uttrykk (NOU 2013:1, 2013). Synging av julesongar og lesing av juleevangeliet på juleavslutninga er ikkje spesielt sterke religiøse uttrykk, men ein burde likevel reflektere over kva som er passande på ei felles avslutning for alle elevane. Rektoren på denne skulen har fått dei fleste juletradisjonane i «arv» frå førre leiinga. Då han tok over som rektor var han overraska over at eit så tydelege kristent element som bibeloppleing hadde ein naturleg plass i juleavslutninga. Samtidig synest han at det er riktig at kristendom og religion generelt ikkje blir gjort til noko farleg som må gøymast. Rektoren ser på bibeloppleinga mest som ein tradisjon, og ikkje som noko som vil støyte dei elevane som ikkje er kristne. Dei muslimske informantane støttar dette synet og føler seg ikkje tilsidesette. De ateistiske, norske informantane meiner derimot at fordi det har kome eit større mangfald på skulen er det blitt naudsynt å bli meir bevisst på bruken av kristne element.

Utføringane viser at den kristne kulturarven med sine synlege uttrykk på skulen har relativt lite å seie for fellesskapen mellom elevar med forskjellig kulturbakgrunn. Spørsmål kring det spesifikt kristne i juletradisjonane gjenspeglar likevel problematikken om religionen sin funksjon som samfunnslim.

Både Ella og Yngve synest det er trist at ein ikkje lenger har ein trusfellesskap som ei samlande kraft i samfunnet (kap. 4.4.3). Dei har ei vag førestilling om at kristendommen har vore eit kraftfullt lim mellom menneske tidlegare. Mens Ellas reaksjon på denne nostalgifølelsen er at ein burde samlast kring dei kristne røtene, er ikkje-religiøse Yngve heller oppteken av at fellesverdier kan vere eit samlande mål på tvers av religionar og kulturar i samfunnet. Men han er usikker på om ein kan bli like sterkt knytt til verdiane som ein var til religion tidlegare. Iversen (2014) løftar fram idealet om ueinigheitsfellesskap på samfunnsplan, noko som inneber at det kan vere eit stort rom for forskjellige meiningar. Fellesskap skal heller vere tufta på korleis ein på demokratisk vis kan forholde seg til ueinighet, enn på at ein samlast bak ein bestemt religion. Iversen tenkjer som Yngve at verdiane kan vere eit lim i samfunnet, men forskaren differensierer mellom primære verdier og prosessverdier. Han har ikkje tru på at primære verdier som t.d. menneskeverd og likestilling kan sveise folk saman, men at samfunnet heller må slutte opp om prosessverdier som rettsstat, religionsfridom og frie meiningstryningar. Iversen (2014) tenkjer at slike

samhandlingar er betre eigna til å skape fellesskap enn ei urealistisk semje om verdiar. I det praktiske dømet frå skulen sin juletradisjon kan det tenkjast at det for Iversen vil vere best om leiinga, dei tilsette og elevane i ein demokratisk prosess bestemmer korleis ein vil setje saman programmet.

Når dei norske informantane uttrykkjer at dei er personleg knytt til dei kristne rituala og tradisjonane, verkar det spinkelt å gå ut frå at samhaldet har fundamentet sitt berre i prosessverdiene. Men prosessverdiar og følelsesmessig tilknytning til tradisjonane treng ifølgje Iversen (2014) ikkje å utelukke kvarandre. Han framhevar betydninga av rituelle handlingar og emosjonar knytt til dei, og meiner at dei kan gi orden i kvardagen og ein følelse av tryggleik.

Informanten Ella tenkjer derimot at det er uråd å gjere alle til lags, og at det difor ville vere betre om majoritetskulturen fekk råde. Ho vil ikkje gi slepp på innarbeidde kristne tradisjonar som det gjennom historia har vore stor oppslutning om. Ella tenkjer at det ville vore ein styrke for fellesskapen å vise kva ein står for, sjølv om konsekvensen kan bli at ein utelukkar folk med andre livssyn frå dette samhaldet (kap. 4.4.2). Til dette seier Iversen at eit slik verdifellesskap er ein myte som skaper unødvendige skiljelinjer (Eriksen, 2008b). Sofia viser til at ein ikkje kan sjå på elevane som ei homogen, kristen gruppe, men at det heller er pluralistiske verdisyn som kjenneteiknar elevane sine livssyn (kap. 4.5.1). Her er ho på linje med Enger og Melsom (2018) som frontar synet om at nordmenn ikkje er eit truande folkeslag lenger. Tjora (2018) anerkjenner, som Ella, at ekte fellesskap må ha grenser mot andre. Elles er det ikkje reelle fellesskap. I skule og samfunn vil det difor vere ein stadig balansegang mellom å gi flest mogeleg ein følelse av å høyre til, samtidig som det klart må definerast kva denne fellesskapen består i.

Det er ein tankevekkjar at dei norske informantane har eit kontroversielt syn på i kor stor grad den kristne kulturarven burde vere synleg i skulekvardagen, når dei utanlandske informantane ikkje ser dette som konfliktfylt. Utsegna deira har ein klar parallell til andre samfunnsaktørar. Den muslimske politikaren Tajik er, som dei utanlandske informantane, heller ikkje redd for at kristne uttrykk gjer seg gjeldande i det offentlege, så lenge det finst mange nok andre sekulære fellesarenaa. Ateistiske aktørar som HEF kjempar derimot meir aktivt mot kristendom si særstilling (kap. 3.1.2).

Eg kan ikkje sjå bort frå at manglande språkkunnskapar blant dei utanlandske informantane kan ha bidrege til eit bilde med lite differensierte oppfatningar. Det er mogeleg at eg hadde

funne fleire nyansar dersom informantane kunne uttrykt seg betre på norsk, eller om eg hadde brukt tolk. Eg tenkjer likevel at bruk av tolk ville ha forstyrra den autentiske samtalesituasjonen. Dessutan gjer ikkje funna mine krav på å vere analyser frå eit representativ utval framandkulturelle informantar, men dei er funn som kom fram i ein gitt kontekst.

5.4 Kva meiner ungdomar om rolla den kristne kulturarven har i offentlegheita?

5.4.1 Privat religion i eit pluralistisk og differensiert samfunn

Informantane tenkjer ikkje på skulen sin som ein kristen skule og ser få eller ingen teikn på kristendom i skulekvardagen sin. Religion har ein tilbaketrekt posisjon på skulen og informantane seier seg fornøgde med det. Fem av dei ønsker seg ikkje fleire kristne skikkar (kap. 4.3.1). Når det gjeld samfunnet for øvrig ser informantane fleire teikn på den kristne kulturarven. Likevel ser det ikkje ut til at den har nemneverdig betydning for dei personleg. Dei er tilfredse med at religion blir praktisert utan at dei blir særleg påverka av den. Informantane ønsker ikkje at kristendom skal ta meir plass i samfunnet.

Det verkar som at informantane ser på Noreg som eit differensiert samfunn med klare skiljelinjer mellom stat og kyrkje. Dei opplever det som eit faktum at kristendommen er historisk forankra i Noreg, men ikkje lenger trusmessig i same grad som før (kap. 4.5.1). Det verkar dessutan som at informantane ser på pluralisme som ei positiv og ufråvikeleg samfunnsutvikling. Dette opnar opp for at menneske med forskjellig religions- og livssynstilknytning blir aksepterte som fullverdige samfunnsdeltakarar. Men dette synet rommar nyansar, då dei norske informantane også nemner eit sagn etter heilskap og mindre religions- og livssynsmessig diversitet. Også dei utanlandske informantane har kjent på at det kan vere trist å måtte utøve religionen sin i ein annan kultur utan t.d. eigen ortodoks prest eller moske til å samlast i (kap. 4.4.2).

Funna stadfestar Furseth (2015) sin påstand om at religion utspelar seg mest i den private sfæren og at vi ikkje kan sjå ei de-privatisering av religion i samfunnet. Informantane skil mellom skule og samfunn på den eine sida og privatlivet på den andre. Dei har ingen ønske om at kristne uttrykk skal bli meir synlege. Furseth hevdar at den auka synlegheita av religion først og fremst kjem av det medieskapte bildet som fokuserer på konflikhtar. Også dei norske informantane er oppdaterte i konfliktpotensialet i den aktuelle flyktningdebatten. Religiøs

tilhøyrse er i aukande grad synleg for informantane gjennom at bruken av hijab i skulegarden har auka.

I tillegg til privatisering av religion, er differensiering eit kjenneteikn på graden av pluralisering i samfunnet. Schmidt (2010b) viser at befolkninga støttar opp om maktfordelinga mellom stat og kyrkje, og at mange er skeptiske til religiøse uttrykk i det offentlege. Same resultat viser også mine funn. Informantane er tydelege på at religiøse leiarar skal kunne nytte seg av sin demokratiske rett til å delta i samfunnsdebatten, men at dei på ingen måte burde søke makt og politisk innflyting. Informanten frå Eritrea har dårlege erfaringar med religiøs maktmisbruk og er skeptisk til innblanding av religion i den offentlege sfæren.

Henriksen og Schmidt (2010) tenkjer at det at mange er skeptisk til at religiøse aktørar skal få reell innflyting, botnar i ei generell negativ haldning til religion. Denne haldinga kan ikkje mine funn bekrefte, men det er tydeleg at Dnk av fleire blir oppfatta som ei konservativ kraft i samfunnet. Informantane meiner at kyrkja ikkje lenger lukkast i å påverke samfunnet nemneverdig. «Vi går ikkje til Bibelen når vi vil lage ei ny lov» seier Sofia (kap. 4.5.1), og vil heller ikkje forandre på dette. Sjølv om kyrkja har mange medlemmer burde ho ikkje fungere som eit talerøyr. Det kan verke som at informantane synest at differensieringsprosessen i Noreg er komen lengre enn kva den eigentleg har. Furseth (2015) tenkjer at Noreg enda gir kyrkja ei privilegert stilling i samfunnet og ikkje har gitt opp bindinga si til kristendommen.

Også Schmidt (2010a) hevdar at Noreg har ein veg å gå for å oppnå pluralisering utan kyrkjeleg hegemoni. Med bakgrunn i kyrkja si grunnlovforankra forrangstilling og den framheva posisjonen i nasjonale samanhengar, kan det ifølgje Schmidt ikkje vere snakk om likestilte religionar i Noreg. Dette er ikkje noko informantane kjenner til, og dei veit heller ikkje kva kyrkja sitt syn i viktige spørsmål er. Schmidt (ibid.) seier også at pluralisme er eit normativ omgrep som støttar seg på at befolkninga aksepterer at samfunnet beveger seg i retninga av eit meir mangfaldig samfunn. Funna i oppgåva viser at dei fleste informantane støttar denne utviklinga. Ein informant seier at mindre personleg tru vil føre til eit meir mangfaldig samfunn (Yngve i 4.5.1). Dette er det same når Schmidt (2010a) seier at viss ein ser på pluralisme som noko positivt, kan ein ikkje samtidig støtte den hegemoniske forrangsstillinga kyrkja har. Ho tenkjer at det vil kome ei ytterleg lausriving frå kyrkja, noko også Stålsett-utvalet tar til ordet for. Men det finst også stemmer som meiner at ei jamstilling av religionar og livssyn i Noreg ville vere negativt og historieløst. Biskop Nordhaug (2016) meiner at det er rimeleg å forfordele kyrkja ut frå den historiske betydning som kyrkja og

kristendommen har hatt for Noreg. Ein av informantane delar dette synet og vil gi dei kristne skikkane ein større plass gjennom t.d. skulegudstenester også på vidaregåande skuler og ikkje berre som i grunnskular som no. (Ella i kap. 4.3.3).

5.4.2 Religionspolitikk i spenningsfeltet mellom nøytralitet og religionsfridom

Informantane uttrykkjer at dei støttar opp under religionsfridom og ser på seg sjølv som tolerante overfor andre religionar og livssyn. Dette viser seg ikkje alltid like tydeleg når det kjem til religionsutøving som påverkar dei direkte. Dei er i liten grad klar over kva reglar som gjeld for religionsutøving og annan statleg regulering av religions- og livssynssamfunna. På spørsmål om kva dei synest er den riktige avgjerda i konkrete problemstillingar, balanserer dei mellom kor mykje ein skal støtte opp under religionane og i kor stor grad det offentlege Noreg skal vere ein passiv og nøytral instans. I dette spenningsfeltet kan vi finne nokre klare tendensar.

Informantane har forskjellige oppfatningar av kor livssynsnøytralt det burde vere på skulen. Eg har allereie lagt fram forskjellig syn angående kristne element i juleavslutninga (kap. 5.3.2). Også i spørsmål om ein skal legge til rette for eit bønerom for muslimar er det delte meiningar. Fem av seks informantar vil gi dei muslimske elevane eit bønerom, men alle dei ikkje-muslimske informantane er i tvil om dette vil gå utover den religiøse nøytraliteten som dei meiner skulen burde ha. Dei føler på dilemmaet mellom å ville tillate praktisk religionsutøving, og det å måtte bruke krefter og pengar for å få det til (kap. 4.3.1). Når det gjeld religiøse plagg vil ingen av informantane nekte verken lærarar eller elevar å bruke t.d. hijab. Det same liberale synet gjeld også for bruken av hijab elles i samfunnet. Fire av seks informantar ser ikkje noko problem med å kombinere hijab med uniform (kap. 4.5.2).

Eit anna spørsmål er om det burde innførast offisielle heilagdagane som har sitt opphav i andre religionar, t.d. id-feiringane til muslimar. Det er berre dei muslimske informantane som synest at dette er ein god ide, mens dei andre vil halde på gjeldande ordninga. Det ligg ein motsetnad mellom å på den eine sida avgrense religion i det offentlege rommet og på den andre sida privilegere den kristne religionen med tanke på høgtidsdagane. Den hegemoniske stillinga som kristendom har i samfunnet blir tydeleg i dette spørsmålet, og det er delte meiningar blant informantane om ein skal betrakte dette som positivt eller negativt (kap. 4.5.2). Også statleg økonomisk støtte til religions- og livssynssamfunn kan enten underbygge kristendommens

forrangstilling eller likestille alle religionar. Her var fem av seks informantar av den oppfatninga at alle religionar og livssyn burde støttast likt (kap. 4.5.4).

Det største avviket mellom tidlegare forskning og mine funn finn eg nettopp i dei konkrete spørsmål som omhandlar praktisk religionsutfolding i samfunnet. I undersøkinga «Tro, tillit og toleranse» fann forskarane ut at under halvparten av Oslo-ungdom støttar hijabbruk for kvinnelege lærarar, og berre ein knapp fjerdedel uttalar seg positivt om å tilrettelegge for eit bønerom på skulen (Botvar, 2017). Henriksen og Schmidt (2010) viser til at berre ein femtedel av befolkninga er for økonomisk støtte til religions- og livssynssamfunn. Mine funn viser derimot at nærmast alle informantane er positive både til bønerom, hijabbruk og økonomisk støtte. Tidlegare har ein antatt at eksponering av mangfald fører til auka forståing og toleranse mellom kulturane. Men dette ser ikkje ut til å vere tilfelle i Oslo sidan vi veit at Oslo-ungdom har vore vande til å omgåast folk frå andre kulturar i ei årrekke. Informantane mine har bakgrunn frå forskjellige land, religionar og kulturar, men er likevel like positive til liberal religionsutfolding. Sjølv sagt må ein ha i bakhovudet at seks informantar ikkje er representative for den rurale ungdomsgenerasjonen. Det kan likevel tenkjast at rural ungdom ikkje i like stor grad har blitt utsett for negativ konkurranse og dårlege erfaringar med framande kulturar som Oslo-ungdom.

Det ser heller ikkje ut til at den konfliktorienterte mediepresentasjonen av religion har bite på dei. Botvar (2017) er skeptisk til korleis haldningane til byungdom vil vise seg i framtidige generasjonar. Samtidig nærar han eit håp om at aksept av offentleg religionsutøving vil bli betre når ein i framtida har vendt seg meir til det. Også i undersøkinga mi vart det sagt at bruk av hijab kunne skape ein unødvendig avstand mellom folk, men informanten tenkjer at det òg kan kome av at ho er lite vand med det. Ho meiner at bruk av hijab i framtida ikkje vil bli opplevt som kontroversielt lenger (Sofia i kap. 4.3.1).

Botvar (2017) er bekymra for at visjonen om eit livssynsopent samfunn, som Stålsett-utvalet la fram i 2013, kan bli vanskeleg å få gjenklang for i samfunnet. Stålsett-utvalet ser på religiøsitet som ein positiv verdi og ønsker difor ei større eksponering i offentlegheita. Difor tilrår utvalet stor fridom når det gjeld bruk av religiøse symbol og plagg. Staten burde dessutan vere ein støttande aktør når det gjeld religions- og livssynssamfunn (NOU 2013:1, 2013). På den eine sida støttar funna mine opp under dette synet, fordi informantane er klare på at religionsutøving burde støttast. T.d. meiner informantane at det burde vere akseptert at politikvinner får kombinere hijab med polituniform (kap. 4.5.2). På den andre sida vil dei norske informantane helst ikkje at det blir meir religion i det offentlege rom, og difor er dei

usikre på om dei vil ha bønerom og bibeloppleing på skulen. Likevel tyder ingenting på at informantane er forkjemparar for sekularisme, som Henriksen (2016) åtvarar mot. Dei ser ikkje religion som noko negativ som må gøymast, men heller som noko, som ikkje betyr så mykje.

Det at informantane mine ser seg sjølv som tolerante overfor andre religionar og livssyn, er noko som også Lippe og Skeie har funne i si forking (Okstad, 2009). Men det er ikkje alltid denne toleransen har blitt sett på prøve. Viss ein ser på religion som noko som andre driv med og ein ikkje kjem i direkte kontakt med denne utøvinga, så kan ein like godt snakke om likegyldigheit eller lausleg toleranse (Iversen, 2018). Toleranse er noko som veks fram i tett samspel mellom aktørar med forskjellige oppfatningar og praksisar. Dersom ein blir utsett for religionsutøving som ein eigentleg ikkje likar, blir toleranseterskelen utfordra. Dei norske informantane har lite samkvem med ungdom frå andre kulturar, og difor blir nok også toleranseomgrepet oppfatta ganske teoretisk i undersøkinga. På spørsmål om ein burde tatt utgangspunkt i fleire religionar for å fastsetje offisielle fridagar i Noreg, var alle dei ikkje-muslimske informantane mot ei slik nyordning. Dette er eit døme på korleis ein annan religion ville kunne påverke informantane i konkret forstand.

Lippe og Skeie (2009) visar at muslimske ungdomar ser ut til å vere meir tolerante overfor andre religionar. Dette kan funn frå denne undersøkinga stadfeste. Dei to muslimske informantane har ingenting imot korleis den kristne kulturarven viser seg i skule og samfunn. Dei har full forståing for at det blir brukt kristne element i juleavslutning og at det er ei kristen verdiforankring i Grunnlova og Formålsparagrafen. Dette kan ha samheng med at dei sjølv er trygge på eiga tru og difor aksepterer religiøs framferd også av andre religionssamfunn.

5.4.3 Refleksjonar kring bruken av den kristne kulturarven i samfunnsdebatten

Eg innleia oppgåva med å så på korleis omgrepet *den kristne kulturarven* vert brukt i den aktuelle samfunnsdebatten. Døving og Kraft (2013) viser at omgrepet i dag ofte blir brukt for å forsvare seg mot andre kulturar og religionar. Eg har vidare kome med døme på korleis forskjellige samfunnsaktørar brukar omgrepet. Difor er det interessant å undersøkje korleis informantane stiller seg til dette.

Generelt kan eg seie at informantane ikkje verkar påverka av den politiske tautrekkinga om den kristne arven, og ingen av dei instrumentaliserer omgrepet. Likevel er det nyansar korleis i informantane brukar omgrepet. Det ser ut til at dei to muslimske informantane ser på den

kristne kulturarven mest som eit historisk faktum i Noreg. Dei aksepterer i stor grad at kristendommen har ei forrangstilling, så lenge religionsfridommen er ein garantert rett og økonomisk likestilling er sikra. Den kristen-ortodokse informanten frå Eritrea tenkjer i same bane, men er meir restriktiv når det gjeld å legge til rette for bønerom for muslimar, fleirreligiøse heilag dagar og å liberalisere flyktningpolitikken. Til dels grunngjev han dette ut frå nøytralitetsomsyn, dels tenkjer at han ikkje vil gi andre religionar og livssyn dei same rettane som majoritetsreligionen i Noreg. Dei to ikkje-religiøse norske informantane utmerka seg ved at dei vil tone ned betydninga av den kristne kulturarven. Dei anerkjenner samfunnets kristen-historiske bakgrunn, men tenkjer at pluralisme og nøytralitet er det viktigaste i dag. På denne måten vil ein på best mogelege måte støtte opp under mangfaldet i ein sekulær stat.

Henriksen og Schmidt (2010) seier at det ikkje finst teikn som bygger opp under tesen om at muslimane sin opne religiøsitet fører til ei revitalisering av kristendommen i samfunnet. Funna mine gir forskarane delvis rett. Informantane opplever ikkje kristendommen som ei sterk og synleg kraft i samfunnet. På den andre sida ønsker den kulturkristne, norske informanten seg fleire kristne skikkar på skulen og fleire kristne høgtidsdagar i Noreg. Ho ønsker seg eit meir homogent samfunn og krev at innvandrarak frå andre kulturar må tilpasse seg den kristne kulturen. Informanten skil seg også frå dei andre i synet på bruken av hijab i polititeneste, som ho er motstandar av, og i fordelinga av økonomisk støtte til religionssamfunn. Ho meiner at det er mest rettferdig om staten støttar kristendom mest, eller som ho seier: «den norske religionen» (Ella i kap. 4.5.4).

Informanten er ikkje som Rita Karlsen frå HRS ein politisk agiterande kulturkristen. Likevel er det tydeleg at informanten set kristne verdiar og tradisjonar over verdien av eit pluralistisk samfunn. Ho gir uttrykk for ei redsle over at framande religionar vil bygge ned kristen hegemoni. Mange av svara til informanten er i samsvar med det dei kulturkristne probantar svarte i PRC-undersøkinga (Pew Research Center, 2018). I lys av funna mine er det rett at Henriksen og Schmidt avlyser ei revitaliseringa av kristendommen, men utsegna til den siste informanten viser likevel at vi ser eit auka fokus på den kristne kulturarven frå kulturkristen side. Brubaker (2017) seier at denne haldninga blir eit problem når kristendommen blir brukt som identitetsmarkør av høgrepopulistiske krefter for å fremje innvandringskritiske målsetjingar. Eg kan ikkje sjå at nokon av informantane gjer dette. Likevel viser funna at det ligg eit proteksjonistisk potensial i ubevisst bruk av omgrepet *den kristne kulturarven* og det er nettopp difor Eriksen og Selberg (2006) avviser å bruke omgrepet i den politiske debatten i det heile tatt.

6 Avslutning

6.1 Oppsummering av hovudfunn

Interessa mi for den kristne kulturarven blei vekt då eg blei var den aukande polariserande bruken av omgrepet i politiske debattar. Fokuset mitt i denne oppgåva har vore å undersøkje den kristne kulturarven frå ungdommens perspektiv for å sjå om omgrepet ga gjenklang hos dagens unge. Eg har intervjuet seks ungdomar og fått innblikk i deira opplevingar og oppfatningar av den kristne kulturarven. Kombinert med tidlegare forskning og teoriar svarar oppgåva på problemstillinga mi: Korleis opplever ungdomar den kristne kulturarvens betydning Noreg i dag?

Tittelen til oppgåva er *Den kristne kulturarven frå ungdommens perspektiv – meir enn fridagar og julekos?* Gjennom intervjuet kom informantane stadig tilbake til tradisjonane i juletida og fridagane som er knytt til kristne høgtidsdagar. Det verkar som at det er her den sterkaste emosjonelle tilknytninga ligg. Det har likevel i tillegg til dette kome fram mange andre synspunkt på kva rolle den kristne kulturarven har.

- **Relativt låber interesse og liten personleg relevans**

Sidan informantane meldte seg frivillig til å vere med i undersøkinga er det ikkje så overraskande at dei verka oppriktig interesserte under intervjuet. Samtidig kan ein ikkje seie at dei er veldig opptekne av sjølv hovudgjenstanden for samtalen: den kristne kulturarven. Dei tre informantane med utanlandsk bakgrunn ser få teikn til kristendom i Noreg, samanlikna med religiøse uttrykk i heimlanda. Dei har lite kunnskap om kva som utgjer den kristne kulturarven i Noreg men er interesserte i å tileigne seg meir kunnskap for å forstå det norske samfunnet. Dei norske informantane har større kompetanse, men det verkar ikkje som den ligg langt framme i medvitet deira. Berre ein av dei skil seg ut med særskild interesse for emnet, fordi han ser korleis kulturen har vore med å forme personlegdommen hans.

Om ein opplever at den kristne kulturarven er personleg relevant, har også å gjere med korleis ein er trusmessig er knytt til kristendommen. Det er berre to av informantane som kallar seg kristne, og berre den ortodoks-kristne informanten praktiserer kristendom, mens den norske kristne har ei kulturkristen tilnærming. Generelt oppfatar dei utanlandske informantane

Noreg som eit lite religiøst prega land og nordmenn som lite religiøse, mens dei norske informantane meiner at muslimane er sterkare knytt til religion enn kva dei kristne i Noreg er.

Desse funna passar saman med tidlegare undersøkingar om ungdom sitt forhold til religion. Forsking viser at det har føregått ei svekking av religiøsitet blant ungdom i mange år. Men ein har også funne ut at muslimsk ungdom ser ut til å ha større religiøs identifikasjon, noko også informantane mine påpeika. Generelt er ungdom relativt likegyldig når det kjem til religion, og det er ikkje vanleg for dei å ha religiøse spørsmål som samtaleemne. Men samtidig finst det ei interesse for eksistensielle spørsmål som kan tangere religiøse tema. Ut frå mine funn kan eg tilføye at ungdomar også er opptekne av den samfunnsaktuelle dimensjonen religion har for politikk og samfunn. Intervjua om den kristne kulturarven omhandlar i stor grad religion og i sær kristendommens betydning i dag. Denne interessa viser seg også i samtaleflyten og refleksjonsgraden.

- **Dei rådande verdiane i Noreg blir oppfatta som allmenne heller enn som kristne. Likevel blir det akseptert at dei er forankra som kristne i Grunnlova, mens forankringa i Formålsparagrafen er det delte meiningar om.**

Verdiar er ein viktig del av kulturarven, men informantane kjem med til dels motseiande utsegn på spørsmål om det norske samfunn er bygt på kristne verdiar. Informantane kjenner ikkje til formuleringa i Formålsparagrafen om at opplæringa skal bygge på kristen og humanistisk tradisjon, og viser difor forundring over at det ikkje var formulert meir nøytralt. Alle meiner at verdiar som menneskeverd, åndsfridom, tilgjeving og nestekjærleik er allmenngyldige, men det er usemje om dei burde bli karakterisert som spesifikt kristne. To av dei norske informantane mislikar at ein set merkelappen *kristen* på verdiar som også er vanlege i andre religionar og livssyn. Dessutan meiner dei at ein kunne latt verdiane stå for seg sjølv, og at ein ikkje treng å forankre dei i ein religion. Derimot synest alle informantane at det er rimeleg å ha formulering i Grunnlova om at Noreg sitt verdigrunnlag er bygd på kristen og humanistisk arv. Det verkar som at dei ser på Grunnlova som eit historisk dokument, mens Formålsparagrafen har ei meir praktisk betydning, difor gjer dei forskjell på om den kristne forankringa skal vere med i lovteksten eller ikkje.

Dette viser at til tross for at dei meiner at verdiane er allmenngyldige og uavhengig av religion og livssyn, så anerkjenner informantane dei kristne røtene og verdiane som høyrer med. Sjølv om informantane meiner å ha dei same verdiane, så svarar dei forskjellig på etiske

spørsmål. Gjennomgåande var dei norske informantane meir liberale enn informantane med utanlands opphav i etiske spørsmål som aktiv dødshjelp og surrogati.

I forskning og i samfunnsdebatten elles er det usemje om ein kan tilskrive spesifikt verdiar til forskjellige religionar og livssyn. Undersøkingar har vist at det ofte er større heterogenitet innåt religionane enn på tvers av dei. Funna mine viser at dei norske informantane svarar ganske likt uavhengig kva religion dei høyrer til. Eg tenkjer at her må det til meir kvantitativ forskning for å avgjere kva som er rett. Fleire forskarar seier seg ueinige i den kristne forankringa i Grunnlova og Opplæringslova, fordi slik kristen tilvising verkar ekskluderande på ikkje-kristne innbyggjarar og elevar. Dei muslimske informantane føler seg derimot ikkje ekskludert av desse formuleringane, og har forståing for at eit land med kristne røter vil forankre religionen sin i lovverket. Men faktumet er at det at ein ikkje føler seg diskriminert utelukkar likevel ikkje at lova inneber ei viss innskrenking av statens nøytralitet.

- **På grunn av pluralisme og sekularisering har kristne verdiar og kulturuttrykk mist sin funksjon som lim i samfunnet.**

Informantane synest at fellesskap på tvers av kulturar er viktig, men innser at det skjer berre i liten grad i praksis. Særleg dei norske informantane fortel at dei ikkje omgåast ungdomar med framandkulturell bakgrunn i nokon særleg grad. Informantane ser ikkje på religion som eit hinder for å bli kjent med kvarandre. På den andre sida ser dei heller ikkje korleis den kristne kulturarven kan bidra positivt til å skape meir fellesskap. Informantane meiner at kristendommen i Noreg har mista si påverkingskraft og ikkje lenger fungerer som samfunnslim. Dette synest fleire informantar er leitt, fordi dei eigentleg ønsker seg einskap.

Informantane har forskjellige meiningar om korleis kristendommen burde eksponerast i skule og samfunn for å skape mest mogeleg fellesskap. Dei utanlandske informantane ser ikkje den manglande kommunikasjonen med dei norske elevane som noko stort problem. Dei føler seg ikkje utestengde og trur at det vil gå seg til med tida. Ein norsk informant går for ei revitalisering av kristne uttrykksformar i skule og samfunn og meiner at folk frå andre kulturar enten må tilpasse seg den kristne kulturen eller la vere å gå på arrangement med kristne innslag. Andre av dei norske informantane meiner at det hadde vore best å tone ned det spesifikke kristne i fellesarrangementa for å ta vare på mangfaldet av elevane som er på skulen.

Teorien om ueinigheitsfellesskap støttar den sistnemnte oppfatninga. Her blir det gitt eit stort rom for forskjellige meiningar. I staden for at alle skal samlast kring den same kulturen, er det etter denne teorien betre å lære ungdom opp til å hanskast med denne forskjelligheita. Det er såleis viktigast å trene opp frie meiningsbrytingar og demokratiske prosessar, for å kome til semje i konkrete problemstillingar. På den andre sida er det krefter i samfunnet som vil, på same måte som den eine norske informanten, ha kristne verdiar og den kristne kulturarven som ein felles paraply i skule og samfunn. Etter teorien om ueingheitsfellesskap vil ikkje dette lukkast, og i verste tilfelle gå utover mangfaldet.

- **Den kristne kulturarven burde spele ei underordna rolle i skule og samfunn, men det er heilt i orden med religionsutøving i det offentlege.**

Informantane er fornøgde med at kristendommen blir uttrykt på ein tilbaketrekt og privatisert måte i Noreg. Dei opplever samfunnet som pluralistisk og sekulært. Fleire ser på Noreg som eit land med kristne røter, men med svak trusmessig tilknytning. Difor er det ikkje ønskeleg med meir synleg kristendom og religion generelt i det offentlege. Sjølv om dei har ein nøytral stat og skule som ideal, meiner ikkje informantane at religiøse praksisar og uttrykk må gøymast. Dei er liberale når det gjeld retten til å bruke religiøse plagg og symbol i skule og samfunn, og meiner at det er riktig at staten innehar ei aktivt støttande rolle overfor religions- og livssynssamfunn. Religionsfridom og toleranse overfor menneske med annan kultur, religion og livssyn blir framheva som viktig. Samtidig er det verdt å merke seg at denne toleransen ikkje er set mykje på prøve sidan kontaktflatene mellom kulturane er få.

Informantane tenkjer at kyrkja ikkje lenger har ei viktig rolle i samfunnet, og dei fleste meiner at religiøse leiare ikkje burde få reell innflyting i landet utover deira demokratiske rett til deltaking i samfunnsdebatten.

Det er også ytra syn som avvik frå dette hovudinstrykket. Ein informant ønsker seg ei sterkare prioritering av den kristne kulturarven i samfunnet og ei forrangsstilling av kristendommen. Andre stemmer vil tone ned dei kristne elementa i skule og samfunn i forhold til dagens praksis.

Funna mine støttar delvis aktuell forskning, men viser også avvikande tendensar.

Undersøkingar viser at religion er ein privatisert faktor i eit pluralistisk og sekulært samfunn. Samtidig ser det ut som at informantane undervurderer den hegemoniske stillinga som Dnk og kristendommen enda har i Noreg. På denne måten er ikkje differensieringa og pluralisering

gjennomført fullstendig, sjølv om forskarane meiner at utviklinga vil gå mot ei svakare rolle av kristendommen i det offentlege Noreg.

Informantane sine liberale haldningar til synlege religiøse uttrykk i det offentlege rommet støttar Stålsett-utvalets innstillingar. Dette står i motsetning til det utspørjing av Oslo-ungdomen viser. Denne undersøkinga viste at ungdom var relativt negativt innstilt til religion. Dette ytra seg i eit restriktivt syn både på religionsutøving i det offentlege og statleg støtte til religionssamfunn. Sidan Oslo-ungdom har blitt utsett for eit livssynsmessig mangfald i lengre tid hadde ein eigentleg forventa at dette har ført til auka toleranse overfor andre kulturar. Forskinga viser at det ikkje treng å vere ein samanheng mellom ein auka pluralisme og større grad av toleranse. Kvifor mine informantar, som bur i rurale område med relativt lite eksponering for andre kulturar, viser meir liberale haldningar, gir ikkje funna mine svar på. Ei mogleg forklaring kan vere at dei ikkje har gjort seg så mange erfaringar med andre religionar og livssyn, verken på positiv eller negativ måte. Dette burde bli gjenstand for vidare forskning.

- **Informantane instrumentaliserer ikkje den kristne kulturarven, men det finst eit latent ønske om at kristendommen si forrangstilling i samfunnet skal revitaliserast.**

Informantane viser i all hovudsak ikkje til den kristne kulturarven for å forsvare seg mot andre religionar. Forsking viser at omgrepet blir brukt mykje til nettopp det i den offentlege debatten.

Den mest utbreidde haldninga er at dei er likegyldige og lite bevisste på kva den inneber. Dei fleste av informantane saknar ikkje kristendom som ei sterk og synleg kraft i samfunnet.

Likevel er det verdt å ta med seg at informantane med eit sekulært livssyn meiner at kristendom tar for mykje plass og kan vere eit hinder for mangfald. Sjølv om forskning avviser at er ei revitalisering av kristendommen i gang, så har det i intervjuet også blitt uttrykt eit ønske om meir vektlegging på kristne tradisjonar, til dels forbunde med eit håp om å skape eit meir kulturelt homogent samfunn. Dette er eit legitimt standpunkt å ha, men det kan bli eit destruktivt moment viss det blir brukt på ein populistisk måte for å avgrense seg frå andre religionar og livssyn.

6.2 Konsekvensar basert på funn i oppgåva

Dei skisserte hovudfunna baserer seg på drøftingane i kap. 5, og ser funna frå kap. 4 saman med tidlegare forskning og teoriar frå kap. 3. Ved samtidig å gjere greie for korleis eg har kome fram til funna mine gjennom intervjusituasjonen, transkribering og koding, har eg dokumentert arbeidet mitt så transparent som mogeleg. Eg har funne mange svar på korleis ungdomar opplever den kristne kulturarvens betydning i dag. Ved å analysere og drøfte funna har eg også kome fram til resultat som generer kunnskap utover det som berre angår informantane. Dette arbeidet, som baserer seg på kvalitative funn, tar sjølvstilt ikkje mål på seg til å vere representativt for norsk ungdom generelt. Likevel håpar eg at oppgåva kan bidra med nye perspektiv. Eg tenkjer at eg har lukkast med å samordne ein del teoretisk kunnskap som viser eit ungdomsperspektiv på den kristne kulturarven.

- **Konsekvensar for skulen**

På skulen til informantane har undersøkinga allereie ført til nokre konsekvensar. Fleire informantar har reflektert vidare over intervju spørsmål og tatt opp på klasserådsmøte at dei ønsker seg fleire naturlege møteplassar mellom elevar i dei framandspråklege klassene og resten av elevane. Det er berre slik ein kan skape rom for dialog, uforpliktande fellesskap og kanskje spirande vennsksbands. Likeså har det i elevrådet blitt lufta om det skal leggjast til rette for eit bønerom. Desse sakene blir det no aktivt jobba vidare med. Det endelege utfallet er ikkje gitt, men det er viktig at det blir avgjort i ein demokratisk prosess korleis ein stiller seg til religions- og livssynsuttrykk på skulen. Skuleleiingar burde bli meir bevisste på at elevsamansetjinga har forandra seg dei seinare åra, og ein burde danne seg ei bevisst haldning til den religiøse kulturen på skulen. Det beste ville vere å trekke med elevane i denne prosessen. I dømet om bibellesing på juleavslutninga ville det vere riktig å la elevane avgjere om og i så fall kvifor den skal vere med på ei felles avslutning. Ein kunne også tenkje over korleis dei minoritetskulturelle elevane kunne trekkast aktivt med i slike program.

Funna mine har vist at det er manglande kunnskap når det gjeld den kristne kulturarven. Dette viste seg særleg hos dei utanlandske informantane, og eg oppdaga at det ikkje er lagt opp til undervisning om dette for migrantungdom over grunnskulealder. Ein rimeleg konklusjon synest å vere at myndighetene reflekterer over korleis denne mankoen kan bøtast på. Når det gjeld dei norske elevane handlar det ikkje først og fremst om å sikre naudsynt grunnopplæring om den kristne kulturarven, men heller formidle kvifor det er viktig å lære om betydning av

den i dag. Skal den kristne kulturarven også ha relevans for dei som ikkje er kristne, må det formidlast at landets kulturarv uansett vil prege innbyggjarane og kulturen. Poenget er altså ikkje å lære meir om den kristne kulturarven, men først og fremst å lære kvifor ein skal lære om den. Dette behovet ser eg også i eigen praksis, og eg vil rette eit sterkare fokus på denne bevisstgjeringa framover.

Informantane hadde forskjellige oppfatningar om Formålsparagrafen burde vere forankra i kristne verdiar. Det er rimeleg å tru at det siste ordet ikkje er sagt når det gjeld formuleringa. Mange politikarar har vore opptekne av den kristne kulturarven på skulen. Men i dag er den berre ein av mange kulturarvar som pregar Noreg, og difor har opplæring i den ikkje den same prioriteringa lenger. Det kan difor vere riktig at politikarane har dette i bakhovudet når dei diskuterer Opplæringslova og målet med religionsfaget på skulen.

- **Konsekvensar for den offentlege debatten**

Informantane legg i intervjuet ikkje opp til ein polarisert debatt av omgrepet *kristen kulturarv*. Når samfunnsdebattantar og politikarar legg merke til kor lite den betyr for den unge generasjonen burde det vere ein mogeleg konsekvens at dei brukar omgrepet med meir omhug i debatten. Det er rimeleg å krevje at dei blir seg bevisste på kva dei meiner med omgrepet, og at dei er ærlege om kva dei vil oppnå med å bruke det.

Med bakgrunn i ei aukande polarisering og at *den kristne kulturarven* har blitt brukt for å bygge opp under populistiske utspel kan ein hevde at omgrepet har spelt fallitt. Kanskje burde seriøse aktørar rett og slett avstå frå å bruke omgrepet i det heile?

- **Vidare forskning**

Eg har peika på nokre blinde punkt i teorien som burde følgjast opp i vidare forskning. I oppgåva har det ganske ofte vist seg at det er tydelege skiljelinjer mellom opplevingane dei utanlandske informantane hadde, i forhold til dei med norsk bakgrunn. Men eg har ikkje gått i djupna i kva desse forskjellane har sitt opphav i. Det burde vere eit vidare forskingsmål å undersøkje den kristne kulturarven med særleg fokus på den kulturelle og religiøse bakgrunnen til informantane.

Funna i denne oppgåva avvik frå tidlegare forskning når det gjeld ungdom sitt forhold til verdiar og syn på praktisk religionsutøving i det offentlege. Det finst fleire undersøkingar om ungdom frå urbane strøk, men det manglar liknande gransking av ruralt busett ungdom. Resultatet burde vere eit interessant og relevant utgangspunkt for samanlikning.

Eit anna interessant utgangspunkt for vidare forskning burde vere å undersøkje den generelle befolkninga sine opplevingar med den kristne kulturarven. Skil desse seg frå ungdomar sine opplevingar, og kva har dette i så fall å seie for utviklinga framover?

Den kristne kulturarven som omgrep brukt i debatten var utgangspunkt for interessa mi i dette forskingsfeltet, samtidig som dette ikkje blei kjernen i forkinga mi. Vi har undersøkingar på korleis og kor ofte omgrepet har blitt brukt i media, men det har ikkje blitt sett nærmare på kven det er som brukar omgrepet og med kva formål. Ei djupneanalyse av debattantane og deira bakgrunn vil truleg kaste meir lys over kva omgrepet betyr for samfunnsdebatten.

I mi søking etter relevant faglitteratur har eg forgjeves leita etter eit verk om den kristne kulturarven. Dette kunne gitt god historisk bakgrunnskunnskap for å forstå samfunnet vi lever i i dag. Eg håpar at lesaren av denne oppgåva får lyst til å fordjupe seg vidare i emnet.

7 Litteraturliste

Bokreferansar

Bibelen (2011), Oslo: Bibelselskapet

Bomann-Larsen, L., Alm, K., Syse, H., Rusten, E. og Verdikommisjonen. (1999). *Verdier: fellesskap og mangfold*. Oslo: Styringsgruppen.

Bostad, I. (2008). Synlige verdier og usynlig dobbelmoral: Hva skal være opplæringens formål for framtida?, i Leirvik, O. og Røthing, Å. (Red.), *Verdier* (s. 139-158). Oslo: Universitetsforlaget.

Botvar, P. K. (2017). Hvorfor er unge mer positive til politiske enn religiøse rettigheter?, i *Religion og livssyn*, 29(3), s. 5-11.

Brubaker, R. (2017). Between nationalism and civilizationism: the European populist moment in comparative perspective, i *Ethnic and Racial Studies*, 40(8), 1191-1226. doi:10.1080/01419870.2017.1294700

Døving, C. A. og Kraft, S.-E. (2013). Den kristne kulturarven: om verdier, norskhet og politikk, i *Religion i pressen* (s. 75-99). Oslo: Universitetsforlaget.

Eriksen, A. og Selberg, T. (2006). *Tradisjon og fortelling*. Oslo: Pax.

Eriksen, L. L. (2008a). Kjerner og identiteter i debatten rundt skolens formålsparagraf, i *Kirke og kultur* (trykt utg.). Nr 1 (2008), s. 7-19.

Eriksen, L. L. (2008b). Verdifellesskap eller uenighetsfellesskap?, i Leirvik, O. og Røthing, Å. (Red.), *Verdier* (s. 120-138). Oslo: Universitetsforlaget.

Furseth, I. (2015). Religionens tilbakekomst, nedgang eller økende kompleksitet?, i Furseth, I. (Red.), *Religionens tilbakekomst i offentligheten? Religion, politikk, medier, stat og sivilsamfunn i Norge siden 1980-tallet* (s. 169-182). Oslo: Universitetsforlaget.

Halvorsen, E. M. (2017). *Kulturarven i skolen*. Oslo: Universitetsforlaget.

Henriksen, J.-O. (2016). Religion som bidrag til et verdireservoar for alle?: Om religiøse tradisjoners samfunnsbidrag, i Mesel, T. og Leer-Salvesen, P. (Red.), *Moralske borgere* (s. 49-67). Kristiansand: Portal Akademisk.

Henriksen, J.-O. og Schmidt, U. (2010). Religionens plass og betydning i offentligheten, i Botvar, P. K. og Schmidt, U. (Red.), *Religion i dagens Norge* (2. utg., Vol. 1, s. 81-94). Oslo: Universitetsforlaget.

Høeg, I. M. (2017). Religion og ungdom, i Høeg, I. M. (Red.), *Religion og ungdom*. Oslo: Universitetsforlaget

Isaksen, T. R. (2007). Utenfor det hellige, i *Kirke og Kultur*, 112(6), s. 465-471.

- Iversen, L. L. (2014). *Uenighetsfellesskap: Blikk på demokratisk samhandling*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Iversen, L. L. (2017). Uenighetsfellesskap: kan skolen være et treningsrom for offentlig uenighet?, i Lippe, M. v. d. og Undheim, S. (Red.), *Religion i skolen* (s. 101-116). Oslo: Universitetsforlaget.
- Johannessen, L. E. F., Rafoss, T. W. og Rasmussen, E. B. (2018). *Hvordan bruke teori? Nyttige verktøy i kvalitativ analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Knausgård, K. O. (2015). *Om høsten*. Oslo: Oktober.
- Kvale, S. og Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Lippe, M. v. d. og Undheim, S. (2017). OMG! Religion og ungdomskultur, i *Prismet*, 1/2(68), 3. doi:10.5617/pri.4735
- Nordhaug, H. (2016). Vår kristne og humanistiske arv, i Nordhaug, H. og Syse, H (Red.), *Hvor kristent skal Norge være? Bidrag til et arveoppgjør*. Oslo: Vårt Land forlag.
- NOU 2013:1. (2013). *Det Livssyns åpne samfunn: En helhetlig tros- og livssyns politikk* Oslo: Kulturdepartementet.
- Rafoss, T. W. (2017). *Unge voksne og Den norske kirke: Medlemskap, tro og tilhørighet*. (KIFO-Rapport 2017:3). Oslo: KIFO, Institutt for kirke, religions- og livssynsforskning.
- Schmidt, U. (2010a). Norge: et religiøst pluralistisk samfunn?, i Botvar, P. K. og Schmidt, U. (Red.), *Religion i dagens Norge* (2. utg., Vol. 1, s. 25-43). Oslo: Universitetsforlaget.
- Schmidt, U. (2010b). Religion i dagens Norge: sekularisert? Privatisert? Pluralisert?, i Botvar, P. K. og Schmidt, U. (Red.), *Religion i dagens Norge* (2. utg., Vol. 1, s. 196-204). Oslo: Universitetsforlaget.
- Syse, H. (2018). Hva er egentlig verdier? Tanker etter 22. juli, i Syse, H. (Red.), *Norge etter 22. juli: Forhandlinger om verdier, identiteter og et motstandsdyktig samfunn* (s. 47-65). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Tjora, A. (2018). *Hva er fellesskap*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Internettressursar

- Akerhaug, L. (2016, 26. august). Kulturkristen melder seg inn i Den norske kirke. Henta frå https://www.dagen.no/Nyheter/TROR-IKKE/Kulturkristen-melder-seg-inn-i-Den-norske-kirke-379454?fb_comment_id=1384257148270748_1384675421562254
- Bhuiyan, I. (2018, 24. april). Bayern beschliesst Kreuz-Pflicht für Behörden. Henta frå <https://www.welt.de/regionales/bayern/article175763272/Bekenntnis-zu-Grundwerten-Bayern-beschliesst-Kreuz-Pflicht-fuer-Behoerden.html>
- Botvar, P. K. og Mortensen, B. S. (2017). Tro, tillit og toleranse: unges holdninger til menneskerettigheter i en flerkulturell kontekst. Henta frå: http://www.kifo.no/wp-content/uploads/2017/09/KIFO-Rapport-2017_2_Tro_tillit-og-toleranse.pdf
- Bratland, U. (2018, 8. desember). Krever å få skrive Gud på veggen. Henta frå <https://www.vl.no/nyhet/krever-a-fa-skrive-gud-pa-veggen-1.1245927>
- Enger, T. og Melsom, K. (2018, 12. september). Skal politikerne redde en folkekirke som folket selv vender ryggen? Henta frå <https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/3jbq2v/Skal-politikerne-redde-en-folkekirke-som-folket-selv-vender-ryggen--Trond-Enger-og-Kaja-Melsom>
- Kunnskapsdepartementet. (1994). *Generell del av læreplanen*. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/generell-del-av-lareplanen/>.
- Grunnlova. (1814). Kongeriket Noregs grunnlov (LOV-1814-05-17). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn>
- Gule, L. (2005). Kristne og humanistiske verdier. *Intro Lærernetsted*. Henta frå https://intro-larer.cappelendamm.no/binfil/download2.php?tid=1874559&h=acfe19b364129626dd3069c1ebda50da&sec_tid=1856539
- Ipsos, Dalen, E., Brekke, J.-P. og Bakke, I. H. (2014). Norsk Monitor 2013-2014. Slik er ungdommen. Henta frå https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/foa/slik_er_ungdommen.pdf
- Iversen, L. L. (2011, 13. mai). Om å vedta hvem vi er. Henta frå <https://www.dagsavisen.no/nyemening/om-%C3%A5-vedta-hvem-vi-er-1.439025>
- NRK (Producer). (2018, 11. desember). Vi tror mindre på men krangler mer om Gud. Henta frå <https://radio.nrk.no/serie/verdiboersen/MKRV17016718/11-12-2018>
- Kulturråd, N. (2009). Hva er kulturarv? Henta frå <http://kaffkultur.com/hva-er-kulturarv/>
- Lindquist, H. (2008, 10. mars). Kulturarven finnes ikke. Henta frå <https://fritanke.no/kulturarven-en-konservativ-besvergelse/19.7877>
- NOU 2007:6. (2007). *Formål for framtida: Formål for barnehagen og opplæringen*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/NOU-2007-6/id471461/sec3>.

- Okstad, K. A. (2009, 27. mars). Unge bryr seg ikke om religion. Henta frå <https://forskning.no/skole-og-utdanning-religion-partner/unge-bryr-seg-ikke-om-religion/930058>
- Opplæringslova. (1998). Lov om grunnskolen og den videregående opplæringa (LOV-1998-07-17-61). Henta frå <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61>
- Pew Research Center. (2018, 29. mai). Christ sein in Westeuropa. Henta frå <http://www.pewforum.org/wp-content/uploads/sites/7/2018/05/Being-Christian-in-Western-Europe-FINAL-GERMAN.pdf>
- Raaum, K. G. (2018, 19. september). Folkekirken er ikke død. Henta frå <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/aktuelt/folkekirken-er-ikke-dod/>
- Schlackt, J. (2018, 9. mai). Kultur. I *Store norske leksikon*. Henta frå <https://snl.no/kultur>
- SSB. (2017). Fakta om religion. Henta frå <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/faktaside/religion>
- Verdiar. (2016, 29. juli). Verdiar. Henta frå <https://www.firda.vgs.no/verdiar.367221.nn.html>

Vedlegg 1

Informasjon og samtykkeskjema til informantane

Vil du delta i forskingsprosjektet *Ungdom og den kristne kulturarven?*

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å finne ut kva synspunkt unge i dag har til den kristne kulturarven i dagens samfunn i Noreg. I dette skrivet gir vi deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltakinga vil innebere for deg.

Formål

I år skal eg fullføre mastergraden min ved å skrive ei masteroppgåve på ca. 100 sider. Med til oppgåva høyrer eit lite forskingsprosjekt der eg skal finne ut kva unge tenkjer om den kristne kulturarven i Noreg. Eg har laga ei rekke med intervju spørsmål som eg vil gå gjennom i enkeltsamtalar med seks elevar her på [...] vgs. gjennomføre ein samtale med 6 elevar.

Eg vil finne ut om ungdomane ser dei kristne røter både på skulen sin og i samfunnet elles. Meiner dei unge at kristendommen har den plassen i Noreg som den fortener?

Svara som kjem fram vil eg så setje i ein teoretisk samanheng i oppgåva mi. Det blir spennande å sjå kva de unge meiner om saka.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Eg tar masteren min på MF vitenskapelig høyskole i Oslo og rettleiaren min heiter Jan-Olav Henriksen. Det er [...] som står for den praktiske gjennomføringa av prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Du får dette spørsmålet om å delta på undersøkinga, fordi du har vist din interesse, då eg tidlegare var innom klassa di og diskuterte litt kva oppgåva mi gjekk ut på. Forutsetninga var at eg ikkje er læraren din på skulen.

Kva inneberer det for deg å delta?

- Viss du vel å delta i prosjektet, inneberer det at du blir med på ein samtale der vi går gjennom ei rekke intervju spørsmål. Eg reknar med at samtalen varar i ca. ein time. Under samtalen vil vi ta opp lyden, slik at eg kan notere svara dine elektronisk i etterkant av samtalen.
- Dersom du er under 18 år har foreldre/føresette/verjer høve til å sjå intervju spørsmål på førehand ved å ta kontakt med meg.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Viss du vel å delta, kan du kva tid som helst trekke samtykke tilbake utan å oppgi nokon grunn. Alle opplysningar om deg vil då bli anonymisert. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg viss du ikkje vil delta eller seinare velger å trekke deg. Det vil ikkje påverke deg som elev som [...] vgs, verken karaktermessig eller på anna vis.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og brukar dine opplysningar

- Vi vil berre bruke opplysningane om deg til formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det er berre [...] og rettleiaren Jan-Olav Henriksen ved MF vitenskapelig høyskule som har tilgang til innhaldet i samtalen.

- Namnet ditt og kontaktopplysningane vil bli erstatta med oppdikta namn og opplysningar, såkalla koda, slik at ingen uvedkomande kan få tilgang til personopplysningane dine. Desse kodane vil bli oppbevart avskilt frå datamaterialet frå samtalen. Dei ligg i fysisk form i eit låst skap.

Innhaldet av samtalen blir gjenstand til drøfting i oppgåva og den vil våren 2019 publiserast. Sjølv sagt vil du ikkje bli nemnt ved namn, men det kan ikkje utelukkast at nokon som les oppgåva mi vil kunne dra kjensle på deg.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttast våren 2019. Då skal alt datamateriale anonymiserast og samkoplinga med dine personopplysningar slettast.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysningar om deg,
- få slettet personopplysningar om deg,
- få utlevert en kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

Kva gir oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå MF vitenskapelig høyskole har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Korleis kan eg finne ut meir?

Viss du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- MF vitenskapelig høyskole ved rettleiar Jan-Olav Henriksen (e-post: Jan.O.Henriksen@mf.no) eller student [...]
- Vårt personvernombud: Berit W.Hillestad (mobil: 22590595)
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på e-post (personvernombudet@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Med venleg helsing

Prosjektansvarleg [...]

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «Ungdom og den kristne kulturarven», og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i *intervju*
- at opplysningar om meg publiserast slik at det kan hende at eg kan gjenkjennast av dei som kjenner meg veldig godt*

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast frem til prosjektet er avslutta, ca. mai 2019

(Signert av prosjektdeltakar, dato)



Vedlegg 2 NSD (Norsk senter for forskningsdata)

Det innsendte meldeskjemaet med referansekode 943740 er nå vurdert av NSD. Følgende vurdering er gitt: Det er vår vurdering at behandlingen vil være i samsvar med personvernlovgivningen, så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD, den 05.10.18. Behandlingen kan starte.

Vedlegg 3 Intervjuguide

1. Litt om din bakgrunn

- a. Kva heiter du?
- b. Kor gamal er du?
- c. Kvar bur du?
- d. Kva land kjem du i frå?
- e. Kor lenge har du budd i Noreg?

2. Religion og livssyn

- a. Har du ein religion eller eit livssyn? Kva for eit?
- b. Praktiserer du din religion eller ditt livssyn aktivt (dvs. utøver ritual/deltar på samlingar, osv.)? Er religion viktig for deg personleg?
- c. Synest du at du har god nok moglegheit i Noreg til å leve ut din religion/ditt livssyn på den måten som du vil?
- d. Har det nokon gong plaga eller irritert deg korleis andre i ditt nærmiljø eller elles i samfunnet har utøvd religionen sin?
- e. Kva veit du om kristendommen? Kan du seie noko om kva du meiner er dei viktigaste trekka i det dei kristne gjer og trur? Kor mykje kjenner du til forteljingane i Bibelen? Betyr dei noko for deg?
- f. Korleis har du lært om kristendommen, og tenkjer du at du har god nok kunnskap eller ville du har lært meir?
- g. Kor viktig er det for deg å vite kva dei kristne skikkar og tradisjonar i Noreg har sitt opphav i?

3. Fellesskap

- a. Kor mykje av fritida di brukar du i lag med ungdomar med ein annan religion/eit anna livssyn?
- b. Pleier de å snakke om religionen dykkar?
- c. Ville du gjerne blitt kjent med (fleire) elevar som har ein annan religion eller livssyn? Kvifor/kvifor ikkje?
- d. Synest du at det er viktig at norske ungdomar og ungdomar frå andre kulturar omgåast? Kvifor?
- e. Trur du at forskjellig religion kan vere eit hinder for å knyte kontakt?
- f. Kan det vere andre ting som kan gjere kontakten vanskeleg?

4. Den kristne kulturarven på skulen

- a. Tenkjer du at skulen din eller undervisninga er prega av kristendommen? Viss ja, kan du kome på nokre døme?
 - i. I skuleåret: feriane, avslutningane, rytme gjennom året
 - ii. I undervisninga: innhaldet i undervisninga, song, materielle ting
- b. Kjenner du til skulen sine verdiar?
 - i. Er du einig i at «dialog, ansvar, mangfald og meistring» er viktige verdiar her på skulen?
 - ii. Synest du at dei verdiane har noko med kristendom å gjere eller står dei mest på egne bein?

- c. Kjenner du til formuleringa i Formålsparagrafen for opplæringa og kva synest du om den?
Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.
- d. Synest du at det er bra/ikkje så bra at det står at opplæringa skal byggast på kristen arv?
- e. Deltar du på skulen sitt kulturprogram til kristne høgtider, t.d. påskefrukost, juleavslutning, julesongar osv.? Korleis likar du å vere med på slike arrangement?
- f. Synest du det er bra alle skal delta på desse arrangement?
- g. Skulle du ønske at skulen din arrangerte skulegudsteneste?
- h. Skulle du ønske at det var fleire kristne skikkar på skulen din?
- i. Burde skulen din legge betre til rette for utøving av religiøs praksis (t.d. bønnerom)?
- j. Synest du at det riktige at både elevane og lærarane har lov å bære religiøse symbol som kors eller hijab på skulen? Og kva med burka/nikab?

5. Den kristne røtene

- a. Tenkjer du at Noreg er prega av kristendommen? Viss ja, kan du kome på nokre døme?
 - i. Kalenderen, høgtider,
 - ii. Overgangsritual
 - iii. Namneskikkar, ord og uttrykk
 - iv. Bygningar, kunst og musikk, flagget, nasjonalsong
- b. Kan du kome på kristne bygg eller symbol på heimstaden din?
- c. Har du kristne symbol heime?
- d. Tenkjer du at det norske samfunn er bygd på kristne verdiar?
 - i. I så fall: kva verdiar?
 - ii. Delar du dei verdiane?
- e. Kjenner du til og kva meiner du om formuleringa i grunnlovas paragraf 2:
«Verdigrundlaget forblir vår kristne og humanistiske arv.»
- f. Synest du at det er bra/ikkje så bra at det står i grunnlova at verdigrundlaget i Noreg skal byggast på kristen arv? Kvifor?

6. Den kristne kulturarvens betydning i dagens samfunn

- a. Spelar religion ein viktig rolle i det norske samfunn?
- b. Tenkjer du at kristendommen er den dominerande religionen i Noreg?
Er det bra/ikkje så bra? Korleis hadde samfunnet blitt om det blir førre truande truande?
- c. Ville du ønske at det var meir vanleg i Noreg med fleire kristne skikkar?
- d. Synest du at det er bra at søndagen er ein felles fridag i Noreg, eller burde det vere meir fleksibelt?
- e. Korleis ville du ha likt om Noreg også hadde høgtider og skikkar frå andre religionar?
- f. Synest du at militær, politi og dommarar skal kunne bære religiøse symbol og plagg som t.d. kors og hijab?
- g. I Noreg har ein hatt ein relativ restriktiv flyktningpolitikk.

- i. Er du einig i denne politikken, eller synest du at vi burde ta imot fleire/færre flyktningar?
 - ii. Veit du kva som er kyrkja (Dnk) sitt syn til saka?
- h. I Noreg er det ikkje lov med surrogati (at ei kvinne ber fram den ufødde babyen for ei anna kvinne)
 - i. Er du einig lova eller meiner du at det burde vere lovleg med ikkje-kommersiell surrogati (frivillig og utan betaling)?
 - ii. Veit du kva som er kyrkja (Dnk) sitt syn til saka?
- i. I Noreg er det ikkje lov med aktiv dødshjelp (dvs. at helsepersonell utfører eit tiltak som frambringer døden hos pasientar som ønsker det.
 - i. Er du einig lova eller meiner du at det burde vere lovleg med aktiv dødshjelp på ikkje-kommersiell basis?
 - ii. Veit du kva som er kyrkja (Dnk) sitt syn til saka?
- j. Veit du om andre samfunnsdebattar som kyrkja (Dnk) deltar i? (t.d. oljeboring, fattigdom, abort, homofilt samliv)
- k. Synest du at det er bra at kristne leiarar deltar i den offentlege politiske debatten? Kvifor?
- l. Syns du at det er riktig at leiarar frå ikkje-kristne trussamfunn deltar i den offentlege politiske debatten?
- m. Kva tenkjer du om desse utsegna?
 - i. «Å vere norsk og å vere kristen er to sider av same sak»
 - ii. «Alle kan tru på kva dei vil. Men religion og tru burde vere privatsaker og ikkje noko staten skal blande seg opp i.»
 - iii. «Alle som bur i Noreg burde kjenne godt til kristendommen og korleis den har forma det norske samfunn.»
 - iv. «Staten burde støtte kristendommen økonomisk mest, fordi den er historisk og kulturelt den viktigaste religionen i Noreg.»
 - v. «Kristne tradisjonar og verdiar verkar som lim i skule og samfunn og er viktige for å skape ein fellesskapsfølelse.»
 - vi. «Kristne tradisjonar og symbol verkar splittande i skule og samfunn, fordi folk i Noreg trur på mange forskjellige ting».

7. Avslutning

- a. Vi nærmar oss slutten på intervjuet og eg lurar på om det er noko meir som du gjerne ville ha sagt?
- b. Synest du dette temaet er spennande og interessant eller litt kjedeleg og ikkje så relevant for deg? Diskuterer du slike spørsmål med venner eller familie?
- c. Til dei utanlandske: Kva synest du er dei største forskjellane mellom Noreg og heimlandet ditt?